

# Diplomati og konfliktløsning c.1244- 1266

*- ei undersøking av diplomatiske  
verkemiddel i to norske mellomaldertraktatar*

Anders Botnen Dahlberg



Masteroppgåve i historie ved Institutt for arkeologi,  
historie, kultur- og religionsvitenskap

UNIVERSITETET I BERGEN

20. november 2014



# Diplomati og konfliktløsning c.1244-1266

*- ei undersøking av diplomatiske verkemiddel i to norske mellomaldertraktatar*

Anders Botnen Dahlberg

© Anders Botnen Dahlberg

2014

Diplomati og konfliktløsning c.1244-1266 - ei undersøking av diplomatiske verkemiddel i to norske mellomaldertraktatar

<http://bora.uib.no/>



# Forord

Å fullføre denne masteren har vore ein lang og kronglete, men sær s lærerik prosess. For at eg til slutt kom i mål lyt eg takke rettleiaren min, Eldbjørg Haug, for alle rettleiingstimar, korrektur og kommentarar på utkast heile vegen. Sær viktige kommentarar har eg også fått frå Geir Atle Ersland, Leidulf Melve og resten av deltakarane på mellomalderseminaret. Eventuelle feil og manglar i oppgåva fell likevel fullt på mi eiga kappe.

Eg vil også takke mine vener på Sydneshaugen og gamle og nye roomies i Fosswinckels gate 69 for å ha gjort kvardagen ganske fantastisk. Marina, for alle middagar og for å ha ~~tvunge~~ hjelpt meg opp på lesesalen ugudeleg tidleg om morgonane. Ein stor takk til Runar og Ann-Kristin for identifisering av trykkleifar heilt på tampen. Og til Anita, mitt fremste idol.

Sist, men ikkje minst, mamma og pappa, for all støtte gjennom heile studietida.

Sydneshaugen skole, 20.11.14

Anders Botnen Dahlberg

# Innhold

Forkortingar.....	VIII
1 Innleiing.....	1
1.1 Introduksjon til tema.....	1
1.2 Problemstilling.....	2
1.3 Historiografisk innføring og forskingsstatus.....	3
1.4 Oppgåvas oppbygning.....	10
2 Metode og kjelder.....	12
2.1 Omgrepsavklaring.....	12
2.2 Teori og metode.....	16
2.3 Kjeldematerialet.....	19
2.3.1 Diplom.....	20
2.3.2 Sagamaterialet.....	23
2.3.3 Krøniker.....	26
2.3.4 Dei islandske annalane.....	27
3 Freds- og handelsavtalen med Lübeck i 1250.....	29
3.1 Innleiing.....	29
3.2 Tysk handel i Noreg før 1247.....	30
3.3 Utløysing av konflikten.....	32
3.4 Brevvekslinga 1247-1250.....	34
3.5 Freds- og handelsavtalen 1250.....	40
3.6 Konklusjon.....	43
4 Suderøyane og Man - Perth-traktaten 1266.....	45
4.1 Innleiing.....	45
4.2 Bakgrunn.....	46
4.3 Diplomati og politisk spel om Suderøyane og Man før 1263.....	49
4.4 Leidangsutbodet 1263.....	58
4.5 Forhandlingar etter 1263.....	64
4.6 Perth-traktaten 6. juli 1266.....	71
4.7 Konklusjon.....	78

5	Konklusjon .....	81
	Abstract .....	85
	Kjelder og litteratur .....	87
	Vedlegg .....	94

# Forkortinger

CMailros - Chronica de Mailros

CMel - Chronicle of Melrose

CRMI - Cronica Regum Mannie et Insularum - Chronicle of the Kings of Man and the Isles

DN - Diplomatarium Norvegicum

Fordun I - Chronica Gentis Scotorum

Fordun IV - John of Fordun's Chronicle of the Scottish Nation

HHS - Håkon Håkonssons saga

IA - Islandske Annaler indtil 1578

MLS - Magnus Lagabøtes saga

NMD - Norske Middelalderdokumenter i udvalg

RN - Regesta Norvegica



# 1 Innleiing

## 1.1 Introduksjon til tema

I år 1240 fekk dei norske innbyrdesstridane som hadde prega landet sidan Sigurd Jorsalfares død i 1130 ein definitiv slutt med hertug Skule Bårdssons fall. Frå no var det ingen att til å utfordre kongenamnet til Håkon Håkonsson, som var hylla til konge ved Øyretting i 1217 i ein alder av tretten år. Denne situasjonen gjorde at kongemakta no hadde større høve til å prioritere relasjonane med utanlandske fyrstar, noko framstillinga i *Håkon Håkonssons saga* bærer preg av.

Håkon Håkonssons regjeringstid er tradisjonelt framstilt i historieskrivinga som ein ekspansiv periode med til tider aggressive aksjonslinjer.<sup>1</sup> Framstillinga i sagaen er også prega av smigring og hylling av Håkon Håkonssons stilling i Europa. Eit hovudpunkt i Håkons tidlege utanrikspolitikk er konsolideringa av tilhøvet med det engelske kongedømet gjennom handelstraktat og nærast årlege venskapssenderferder. Håkon førte også jamleg kontakt med den tysk-romerske keisaren Fredrik II (keisar 1220-1250). I 1250-åra vart det ført ein aktiv politikk i forhold til dei nordiske nabolanda, med fleire kongemøte og militære trefningar. I 1257 vart kong Håkons dotter Kristina gifta bort til broren av den kastiljanske kongen Alfonso, og sendemannen Lodin Lepp var i 1262 i Tunis med gåver til sultanen der.<sup>2</sup> Sagaen om Håkon Håkonsson vitnar såleis om aktive og vidstrakte forbindelsar med omverda.

Innanfor dei to siste tiåra av Håkon Håkonssons regjeringstid kom det i stand to traktatar som prega forholdet mellom partane i lang tid framover. 6. oktober 1250 inngår den norske kongemakta ein freds- og handelsavtale med den nordtyske handelsbyen Lübeck. Tre år før var norske handelsskip plyndra og norske kjøpmenn drepne av både danskar og lybekkarar og kong Håkon arresterte danske og tyske skip som låg i Bergen. Likevel vart det etter berre tre år satt i stand ein freds- og handelsavtale som ifølgje forfattaren av *Håkon Håkonssons saga* gjorde at "Lybekkerne var siden kong Håkons gode venner."<sup>3</sup>

---

<sup>1</sup> Til dømes i Helle 1964: 73-75, Bjørge 1995: kap. 2 "Det norske veldet (1240-1319)".

<sup>2</sup> Bjørge 1995: 60-81.

<sup>3</sup> HHS = *Håkon Håkonssons saga*: kap. 275.

I 1244 mottok kong Håkon sendemenn frå den skotske kong Alexander II (1198-1249), som forhøyrt seg om den norske kongen var villig til å seie frå seg overherredømet over øyane vest for det skotske fastlandet, dei som nordmennene kalla Suderøyane; dei sørlege øyane. Desse øyane vart eit konfliktområde for tilhøvet mellom den norske og skotske krona gjennom mesteparten av kong Håkons regjeringstid. I 1262 hadde dei skotske diplomatiske forsøka på å få Håkon til å seie frå seg overherredømet på øyane ikkje ført nokon veg, og kong Håkon fekk meldingar om skotske herjingar på øyane. Dette førte til eit stort leidangsutbod som enda med at kong Håkon døydde på Orknøyane i desember 1263. Etter tre nye år med forhandlingar vart Suderøyane med Man avstått til den skotske kongen Alexander III (1241-1286) gjennom fredsavtalen som har fått namnet Perth-traktaten, 2. juli 1266. Kvifor feila diplomatiet i denne konflikten gjennom 20 år, medan den første vart løyst etter tre?

## 1.2 Problemstilling

For å svare på det dette spørsmålet har eg valt å gjere dei diplomatiske *verkemidla* undersøkingsobjektet for denne oppgåva. Problemstillinga har eg delt i to: Kva diplomatiske verkemiddel vart nytta for å løyse konfliktane i 1247-50 og 1244-66? Korleis gjekk partane fram for å løyse konfliktane på ein måte som fremja eins interesser på ein best mogleg måte?

Grunnen til at eg tek med den siste delen av problemstillinga er at bakteppet for ei konflikt ofte ligg i at partane har interesser som støyter mot kvarandre. Om freden i seg sjølv var det einaste målet for partane, hadde krigføring og diplomatisk forhandling vore overflødig.

Partane hadde interesser dei ville vinne fram med, anten det gjaldt territorial overdraging eller økonomisk kompensasjon. Difor må dei diplomatiske verkemidla også forståast ut frå korleis partane i ei konflikt gjekk fram for å sikre best mogleg vilkår for seg sjølve i ei løysing av interessekonfliktar og ved fredsslutning etter krig.

Kvifor akkurat desse to traktatane? Desse to hendingane er interessante å samanlikne av fleire grunnar. For det første er begge konfliktane relativt godt skildra i kjeldematerialet. Vi veit mykje om bakgrunnen for begge og korleis tilhøva var i ettertid av konfliktane. For det andre er det ein del likskap mellom hendingane. I begge tilfella skjer det ein konflikt mellom

det norske kongedømet og ei framand makt som så vert løyste gjennom diplomatiske verkemiddel. Det er likevel for det tredje fleire ulikskapar mellom dei. Konflikten med Lübeck fekk raskt ei fredeleg løysing gjennom brevvekslingar i åra 1247-50 og vart avslutta i freds- og handelsavtalen i 1250. Konflikten mellom Noreg og Skottland som gjaldt herredømet over Suderøyane og Man, var ein lang prosess frå 1244 til 1262 med sporadiske diplomatiske framskot. Då diplomatiet ikkje førte nokon veg vart krig det neste verkemiddelet. Slik sett kan diplomatiet mellom Noreg og Skottland fram til 1262 sjåast på som ein fiasko, medan diplomatiet mellom Noreg og Lübeck vart ein suksess. Fyrst etter krigshandlingane i 1263 og nye diplomatiske rundar frå våren 1264 vart det ei fredeleg løysing mellom Noreg og Skottland gjennom Perth-traktaten i 1266.

### 1.3 Historiografisk innføring og forskingsstatus

Det overordna emnet for denne oppgåva er diplomati, medan diplomatiet vert undersøkt gjennom to *case*-studiar. I det følgjande skal eg difor presenterte viktige verk i historiografien som har teke føre seg utanrikspolitikken i mellomalderen på generell basis og dei som tek føre seg konflikten med Lübeck 1247-50 og med Skottland 1217-1266. Det vil likevel ikkje verte plass til alle som har nemnt dei to konfliktane i større framstillingar. Målet er å vise korleis studiet av diplomati og utanrikspolitikk er vorten gjort, samt kva undersøkingar som er gjort på dei to konfliktane.

#### Norsk historiografi

Utanrikspolitikken i mellomalderen har vore del av historieskrivinga sidan historiefagets byrjing på 1800-talet. Inspirert av den tyske romantiske historismen og prega av tida etter 1814 skreiv pionerane Rudolf Keyser (1803-64) og Peter Andreas Munch (1810-1863) historia med nasjonen som ramme. Målet var å vise at Noreg som nasjon strakk seg attende til og gjennom mellomalderen. Tanken om ei unik norsk "folkeånd" stod også sterkt, og både Keyser og Munch såg på kjeldene som eit "uttrykk for en kollektiv muntlig tradisjon."<sup>4</sup> Munchs store fleirbindsverk *Det norske folks historie* (1852-63) er eit resultat av omfattande kjeldegjennomgang og detaljerte hendingsskildringar. Sjølv om Munchs arbeid på mange

---

<sup>4</sup> Bagge 1996: 38-40.

områder har haldt seg til i dag, gav likevel den nasjonale ramma grenser for analysen av spesifikke tema. Til dømes kjem dette fram i Munchs vektlegging av Noregs skilnad frå nabolanda.<sup>5</sup> Munchs detaljerte framstillingar angående dei to konfliktane som er tema for denne oppgåva dannar noko av grunnlaget for framstillingane her, men utvida og reviderte synspunkt vil sjølvsagt verte trekt inn.

Alexander Bugge (1870-1929) skreiv også innanfor den nasjonale ramma i bidrag til samleverk om Noregs historie. Bugge skreiv også spesialundersøkingar angående norske kongars utanlandske relasjonar, men hovudsakleg om tilhøvet med England.<sup>6</sup> Johan Schreiner (1903-1967) skreiv ein spesialisert analyse av tilhøvet mellom det norske riksstyret og hanseatane i *Hanseatene og Norges nedgang* (1935). Schreiners fokus på traktatar og privilegiegjeving gjer han spesielt relevant for denne undersøkinga. Angående samanstøyta i 1247 og traktaten i 1250 ser Schreiner dei som tidlege dømer på lybsk innkøst i norsk handel. Schreiner hevda at det før slutten av 1200-talet ikkje var nokon regelmessig handelsfart frå Noreg til byane på den sørlege kysten av Austersjøen. Det fantes dermed ifølgje Schreiner ingen vesentleg norsk kjøpmannsstand å verne, men at kong Håkon ønskte å legge til rette for framveksten av ein slik stand med traktaten i 1250.<sup>7</sup>

Sven Axelson skreiv i *Historisk Tidsskrift* (1954-56) ein artikkel kalla "Om fredsfördraget mellan Norge och Skottland i Perth 2 Juli 1266". Axelsons undersøkingsobjekt var her ikkje diplomatiet som leia fram til traktaten, men dei ulike kjeldene vi har til innhaldet i traktaten og forholdet mellom desse. Axelson tek føre seg detaljiskilnadane i innhaldet mellom avskriftene vi har av Perth-traktaten, *Melrose-krønika* og tre islandske annalar.<sup>8</sup>

For utviklinga av tenestemennene i det norske riksstyret og sendemennenes rekruttering vil Knut Helles (f. 1930) *Konge og gode menn i norsk riksstyring ca.1150-1319* (1972) og Sverre Bagges (f. 1942) *Den kongelige norske kappellgeistlighet 1150-1319* (1976) fungere som sentralt bakgrunnsstoff. Helles *Konge og gode menn* er ei omfattande studie av forfatningsutviklinga i Noreg i høgmellomalderen. Bagge tek spesielt føre seg det geistlege

---

<sup>5</sup> Bagge 1996: 41.

<sup>6</sup> Bugge 1914: "Norge og de britiske øer i middelalderen" i *Historisk Tidsskrift, femte række, andet bind*.

<sup>7</sup> Schreiner 1935: 23. Spørsmålet om tyskarane fylte ut eit tomrom eller pressa ut ein norsk handelsstand har hatt avvikande svar i forkinga. Arnved Nedkvitne har motvist fleire av dei eldre synspunkta gjennom kvantitative undersøkingar i si doktoravhandling (Nedkvitne 1984: 6-15 og 385-392).

<sup>8</sup> Axelson 1954-56: 176-182.

elementet i det norske riksstyret. Begge samanliknar også med utviklinga i Europa. Knut Helle har også skrive spesifikke artiklar om dei internasjonale relasjonane under Håkon Håkonsson. Éin tek føre seg den aktive utanrikspolitiske lina og statsdanninga under Håkon Håkonsson,<sup>9</sup> medan Helle i to andre tek meir spesifikt føre seg tilhøvet med England.<sup>10</sup>

Richard I. Lustigs artikkel frå 1979 kalla "The Treaty of Perth: A re-examination" er ei av dei mest grundige undersøkingane som er gjort angående forhandlingane fram til Perth-traktaten i åra 1263-1266.<sup>11</sup> I likskap med Axelson tek også Lustig føre seg skilnadane mellom avskriftene av Perth-traktaten og opplysningane i Melrose-krønika. Lustig tek også opp eit spørsmål som har prega mykje av forskinga på det norske kongedømetes herredøme over Suderøyane og Man; om inntektene var skatteinntekter frå befolkninga eller lensavgift frå dei direkte styrarane. I tillegg kjem også spørsmålet om den økonomiske kompensasjonen frå Skottland etter 1266 var ei føydalavgift eller ikkje.<sup>12</sup> Vidare i artikkelen gjev Lustig ei god analyse av diplomatisk prosedyre og omgrepbruk, som fleire forskarar i ettertid har vist til.

Dei siste tjue åra har forskarar vore spesielt opptatte av å løfte perspektivet ut av den nasjonale ramma og skrive om utanrikspolitikken i transnasjonale perspektiv. Ein har også fokusert på dei formelle, strukturelle sidene ved diplomatiet.

Narve Bjørgo (f. 1936) er den første i Noreg til å skrive eit omfattande oversiktverk der utanrikspolitikken er det samlande emnet.<sup>13</sup> Bjørgos bidrag til *Norsk Utenrikspolitikks historie* (1995) gir ei god framstilling av det norske kongedømetes utanlandske relasjonar med viktige samanlikningstrekk til europeisk utvikling og innverknad. Bjørgo er også ein av dei norske historikarane som har gjort grundigast analyse av konflikten over Suderøyane og Man

---

<sup>9</sup> "Norwegian Expansion and Consolidation during the reign of Håkon Håkonsson" i *Orkney Miscellany* 5 (1973)

<sup>10</sup> "Trade and shipping between Norway and England in the reign of Håkon Håkonsson" i *Sjøfartshistorisk årbok* (1967) og "Anglo-Norwegian Relations in the reign of Håkon Håkonsson (1217-1263)" i *Mediaeval Scandinavia* 1 (1968).

<sup>11</sup> Trykt i *The Scottish Historical Review* 1979. Artikkelen er altså utgjeve i eit skotsk tidsskrift, men då den vart utgjeve forska Lustig som postdoktor ved Universitetet i Bergen.

<sup>12</sup> P. A. Munch meinte at den årlege avgifta Skottland skulle betale for avståinga var oppfatta i samtida som ein føydal avgift både i Noreg og Skottland (Munch 1858: 461). Det same gjorde Arne Odd Johnsen (Johnsen 1969: 31) Knut Helle har foreslått at spørsmålet bevisst låg opent for tolking i traktaten, og at årsavgifta kunne betraktast som ei lensavgift og fungere som symbolsk middel for den norske kongen til å redde ansikt. (Helle 1964: 94 og Helle 2005: 267).

<sup>13</sup> *Norsk utenrikspolitikks historie* bind 1 *Selvstendighet og union* (Bjørgo, Rian, Kaartvedt) tek føre seg tida frå mellomalderen til 1905. Narve Bjørgo har også skrive om Noreg under "Udenrigstjeneste" i *KLNM* bind XIX (1975).

sidan P. A. Munch. Første gong var i 1972 der han analyserer fleire sider av situasjonen fram til og med 1262 og forhandlingane 1264-66, med ei sterk vektlegging på den engelske kongens rolle. Dette verket vart likevel ikkje slutført og berre første kapittel er publisert.<sup>14</sup> Delar av analysen med vektlegginga av den engelske kongens avgjerande rolle i konflikten er vidareført i Bjørgos utanrikspolitikkhistorie i 1995.<sup>15</sup>

I *Krig og diplomati i nordisk middelalder - De internordiske konfliktene 1286-1319 i et nordisk og europeisk perspektiv* (2002), publisert gjennom Forsvarsmuseet, skriv Tor Einar Fagerland om nordiske konflikter i generasjonane etter Håkon Håkonsson. Fagerland kjem med interessante perspektiv på dei nordiske konfliktane dei aktuelle åra og om det militære aspektet, men diplomatiet kjem i beste fall fram i bakgrunnen for dei militær-politiske aspekta, og Fagerland diskuterer ikkje kva diplomati vil seie. I si doktoravhandling med tilnærma same emne 4 år seinare har Fagerland også tatt diplomati ut av tittelen og endra den til *Krigføring og politisk kultur i nordisk middelalder - De mellomnordiske konfliktene 1286-1319 i et europeisk perspektiv* (2006). Fagerlands bidrag er såleis interessante for denne oppgåva i høve til dei militære aspekta og det transnasjonale perspektivet.

Arve Sletten (2003) skreiv i si masteroppgåve om påverknaden kontakten mellom det norske og engelske kongedømet under Håkon Håkonsson hadde på utviklinga av diplomatisk prosedyre og institusjonalisering av sendemenn i tida 1217-1319. Mykje av analysen hans går ut på å spore faste formularar i diplom knytte til det norske kongedømet relasjonar med utlandet.<sup>16</sup> Diplomatiske forhandlingar diskuterer Sletten i høve til utviklinga av dei diplomatiske prosedyrane i norsk utanriksteneste. Amerikanske Ian Grohse<sup>17</sup> (2009) kritiserte Narve Bjørgo for å vere for anakronistisk i omgrepsbruken. Difor fokuserte han sjølv på å framstille utanrikspolitikken under Håkon Håkonsson gjennom å sjå på korleis venskapsband og personleg kontakt, meklarar og sendemenn fungerte i utanrikspolitikken ført under Håkon Håkonsson. Gjennom fem korte *case-studiar* visar Grohse korleis konflikter

---

<sup>14</sup> I følgje Bjørgo sjølv i e-post til Arve Sletten; Sletten 2003: 18 note 70. Publikasjonen heiter *Norsk-Britiske relasjonar ca. 1260-1300 - Kap. I: Kampen om det norske Vesterhavsveldet i 1260-åra*. Utgjeve i Bergen.

<sup>15</sup> Bjørgo 1995: 73, 77-81.

<sup>16</sup> Sjå difor til dømes Sletten 2003 s. 25-40 for ein grundig gjennomgang av ulike typar diplom knytte til sendemenn og formularbruk i desse diploma. Dette gjeld til dømes utsteding av akkreditiv, leidebrev og fullmakter, samt fastare skriftleg rapportgjeving etter enda sendeferd.

<sup>17</sup> Ian Grohses masteroppgåve er skriven på tysk ved Humboldt-universitetet i Berlin. Seinare (2014) har Grohse teke doktorgrad ved NTNU i Trondheim og er tilsett der ved denne oppgåvas utgjeving. Difor er han med under norsk historiografi.

vart løyst gjennom diplomati med Lübeck (1247-1250), Sverige (1247-1249), Danmark (1253-1257), Island (1220-1262) og Skottland (1244-1263).<sup>18</sup> I seinare artiklar har Grohse undersøkt ulike sider ved diplomati og makttilhøve rundt vesterhavsøyane, hovudsakleg etter 1266.<sup>19</sup>

Eit forskingsbidrag som denne undersøkinga har hatt spesiell nytte av er Ian Beuermanns doktoravhandling frå Universitetet i Oslo (disputert 2006, utgjeve 2007) der Beuermann tek opp gamle og nye oppfatningar på det norske herredømet på Suderøyane og Man 1079-1266. Beuermann har også delteke i nyare norsk historieforsking gjennom bokinnlegg til eit pågåande forskingsprosjekt mellom kongemakta og dei norske skattlanda. Desse er utgjevne i ein bokserie redigert av Steinar Imsen. Dei førebelse utgjevingane er *The Norwegian Domination and the Norse World c.1100-c.1400* (2010) og *Taxes, tributes and tributary lands in the making of the Scandinavian kingdoms in the Middle Ages* (2011). 'Ecclesia Nidrosiensis' and 'Noregs veldi' - *The role of the Church in the making of Norwegian domination in the Norse World* (2012) tek føre seg rolla til erkebispedømet Nidaros i tilhøvet mellom Noreg og skattlanda. Bispedømet Sodor på Man hørde inn under Nidaros både før og etter 1266, eit maktforhold eg ikkje har plass til å diskutere i denne oppgåva, og viser difor til desse forskingsverka.

### **Internasjonal historiografi**

For den generelle utanrikspolitikkhistoria i Europa er François Louis Ganshofs (1895-1980) *The Middle Ages. A history of International Relations*<sup>20</sup> eit viktig oversiktsverk. Ganshofs verk er i stor grad ei narrativ hendingshistorie, men inneheld også framstilling av formene og dei tekniske sidene ved mellomalderens europeiske internasjonale relasjonar. Donald E. Queller (1925-1995) fokuserer i større grad på dei tekniske sidene ved dei diplomatiske relasjonane i mellomalderen. I "Thirteenth-Century Diplomatic Envoys: Nuncii and Procuratores" (1960) har Queller kritisert tidlegare forskning for å vere for uklare i omgrepa i emnet om diplomatiske relasjonar.<sup>21</sup> Queller utforska dei tekniske og normative aspekta ved

---

<sup>18</sup> Grohse 2006: 4-9 og 16.

<sup>19</sup> "From Asset in War to Asset in Diplomacy: Orkney in the Medieval Realm of Norway" i *Island Studies Journal* volum 8, nr. 2 (2013) og "Medieval maritime diplomacy: The case of the Norwegian-Scottish relations, ca. 1266-1468/69" i *International Journal of Maritime History* volum 26, nr. 3 (2014b).

<sup>20</sup> Ganshof 1971. Opphavleg ugåve *Le Moyen Âge* (1953).

<sup>21</sup> Queller 1960: 196-197.

diplomati og korleis dei var påverka av romarrett.<sup>22</sup> Queller er sjølv vorten kritisert for å legge for stor vekt på dei normative kjeldene og at han ikkje tok høgde for at den diplomatiske praksisen sannsynlegvis ikkje har vore så bunden av påverknaden frå romarretten.<sup>23</sup> Pierre Chaplais (1920-2006) danna grunnlaget for forskinga på engelsk diplomatisk prosedyre gjennom kjeldeutgjevinga *Diplomatic documents preserved in the Public Record Office, volum 1, 1101-1272* (1964), og har bidrege sjølv med viktige analysar.<sup>24</sup>

I den skotske historieskrivinga angående konflikten i 1263 er det tydelege tendensar i framstillinga. Til dømes har ei engelsk omsetjing frå P. A. Munchs *Det norske folks historie* fått tittelen *The Norwegian Invasion of Scotland in 1263*<sup>25</sup> og likeins har A. O. Anderson gitt delen om 1263 i si kjeldesamlinga frå 1922, *Early Sources of Scottish History*, tittelen "The Invasion of Hakon".<sup>26</sup> Tradisjonen med å karakterisere leidangsutbodet i 1263 som ein norsk invasjon har haldt fram i språkbruken til i dag, til dømes av kanadiske R. Andrew MacDonald (1997), som skriv historia frå Suderøyanes perspektiv og skildrar Håkon Håkonssons leidangsutbod i 1263 som "the great invasion fleet that Hakon IV of Norway assembled in 1263".<sup>27</sup> Invasjon kan riktignok generelt tyde å gå inn i ein framand makts område som ein fiende, men ordet vekkar meir dramatiske assosiasjonar enn som eit forsvar av områder under norsk overherredøme.

Ut frå dei undersøkingane eg har hatt moglegheit til å gjere om internasjonal forskning på forholdet mellom Noreg og Lübeck på 1200-talet er freds- og handelsavtalen i 1250 diskutert lite. I Philippe Dollingers store oversiktsverk over hanseatanes historie, *La Hansa* (1964), nemnar han kort konflikten på 1240-talet. I samanheng med Lübecks framvekst på 1200-talet trekk Dollinger fram det andre brevet kong Håkon sendte til Lübeck, på sommaren 1248, der kong Håkon ber lybekkarane sende kornvarer. Dollinger nyttar dette som eit bevis

---

<sup>22</sup> Queller 1960: 199-213.

<sup>23</sup> Ferguson 1972: 147-149.

<sup>24</sup> Sjå til dømes Chaplais 1971: "English Diplomatic Documents to the End of Edward III's Reign" i *The Study of Medieval Records - Essays in honour of Kathleen Major* (Bullough & Storey red.). Oxford. Chaplais har bidrege til engelsk diplomatikk gjennom fleire kjeldeutgjevingar. Tre år før han døydde publiserte Chaplais (2003) *English Diplomatic Practice in the Middle Ages*. London. Dette verket følgjer utviklinga av diplomatisk praksis og prosedyre i England gjennom mellomalderen.

<sup>25</sup> *The Norwegian Invasion of Scotland in 1263: A translation from Det Norske Folks Historie by P. A. Munch.* (1862) Glasgow.

<sup>26</sup> *Early Sources of Scottish History* volum II (Anderson 1922): 607.

<sup>27</sup> McDonald 1997: 19.



på at Noreg allereie på denne tida var avhengig av korninnførsel frå Nord-Tyskland. Freds- og handelsavtalen frå 1250 har likevel Dollinger oversett.<sup>28</sup> I sitt bidrag til eit samlingsverk av ulik historisk litteratur skriv Thomas Behrmann (1996) om tilhøvet mellom kong Håkon og keisar Fredrik II.<sup>29</sup> Her gjer han ei grundig framstilling av den diplomatiske forbindelsen mellom den norske kongen og den tysk-romerske keisaren i 1240-åra som hadde mykje å seie for konflikten med Lübeck på slutten av dette tiåret. Behrmanns bokinnlegg representerer likevel ikkje ny forskning på det norske kjeldematerialet og er eit innlegg til litterære undersøkingar på *Didriks saga*.<sup>30</sup> Behrmanns kunnskapar om keisar Fredrik II gjer likevel bokinnlegget hans til eit nyttig bidrag til konflikten i 1247-1250.

Ein sentral bidragsytar til Suderøyane og Mans historie er R. Andrew McDonald som gav ut boka *The Kingdom of the Isles - Scotland's Western Seaboard, c.1100-c.1336* i 1997. McDonalds forskingsarbeid tek føre seg øyanes historie som eigne kongedøme, dei regjerande familiarne og tilhøva til dei omliggande kongedøma (Noreg, Skottland og England samt dei irske byane). McDonalds bok gir dermed eit nytt perspektiv på øyane som norsk og skotsk historieforsking tradisjonelt har betrakta som periferien for nasjonalkongedøma. McDonald har teke dette perspektivet vidare i *Manx kingship in its Irish Sea setting, 1187-1229 - King Rognvaldr and the Crovan dynasty* (2007) der han undersøker rivaliseringa mellom brørne Ragnvald og Olav Gudrødssøner for krona på Man. Eit viktig maktforhold McDonald tek opp i boka som eg ikkje har plass til å diskutere i denne oppgåva er tilhøvet mellom kongedømet på Man og dei irske byane.

I skotsk forskning er Michael Browns (f. 1965) *The Wars of Scotland 1214-1371*<sup>31</sup> (2010) det nyaste og mest spesialiserte verket over den aktuelle perioden i skotsk historie. Brown tek føre seg dei interne og eksterne krigane som forma Skottland på 1200-talet med fokus på forholdet til England, Suderøyane og Man og tilknytninga til Skandinavia og resten av Europa. I

---

<sup>28</sup> Dollinger 2002: 38. Eg har nytta ei nytgjeving omsett til engelsk.

<sup>29</sup> Behrmann 1996: "Norwegen und das Reich unter Hákon IV. (1217-1263) und Friedrich II. (1212-1250)" i *Hansische Literaturbeziehungen - Das Beispiel der Piðreks saga und verwandter Literatur* (Susanne Kramarz-Bien red.) Bind 14 i *Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde* (Heinrich Beck & Heiko Steuer & Dieter Timpe red.) Walter de Gruyter, Berlin, New York. Tusen takk til Eldbjørg Haug for hjelp med omsetjing av Behrmanns innlegg frå tysk til norsk.

<sup>30</sup> Behrmann 1996: 48. Didriks saga er ein høvvisk riddersaga med forteljingar om den tyske sagnhelten Dirdrik av Bern. Sagaen er truleg skriven i Bergen på midten av 1200-talet. [https://snl.no/Didriks\\_saga](https://snl.no/Didriks_saga) [publ. 14.02.2009].

<sup>31</sup> Bind 4 av *The New Edinburgh History of Scotland* (Roger Mason red.) Edinburgh.

desember 2014 vil det komme ut eit nytt forskingsverk om Mans historie, kalla *A new history of the Isle of Man - vol. 3: The medieval period, 1100-1405*. Relevante arbeid for mine problemstillingar kan til dømes vere Rosemary Powers "The Isle of Man and the kings of Norway: Magnus Barelegs and after" og Edward Cowans "The last kings of Man, 1229-1265". Diverre rekk eg ikkje å få med desse bidraga i denne analysen.

Dei verka eg har lagt fram her er eit utval av generelle og spesialiserte forskingsbidrag eg ser på som innflytelsesrike og relevante for dei overordna tema for denne oppgåva. Om dagens forskingsstatus på oppgåvas tema kan nokon konklusjonar trekkast. For det første er dei diplomatiske aspekta ved brevvekslinga mellom kong Håkon og Lübeck i 1247-1250 lite undersøkt. Freds- og handelsavtalen 1250 er til ein viss grad diskutert i større framstillingar, men avtalas betyding er lite drøfta. Desse kjeldene er i størst grad undersøkt i samanheng med handelen i Noreg, og Lübecks rolle i den. I den nasjonale historieskrivinga har konflikten mellom det norske og skotske kongedømet og Perth-traktaten fått større plass, med fleire ulike synspunkt. Ingen har så vidt eg har sett gjort nokon samanlikning av dei to traktatane.

Dei spesialundersøkingane som er gjort på diplomati dei siste åra har i hovudsak fokus på utviklinga av den diplomatiske *prosedyren* og å sette utviklinga i Noreg i perspektiv med Norden og Europa. Difor meiner eg det er på sin plass med ei undersøking av diplomatiets substansielle innhald, der eg meiner verkemidla er ein sentral del. Narve Bjørgo etterlyste i 1997 ein norsk diplomatihistorie og hevda at "kompleksiteten i og differensieringa av utanrikstenesta i vår tidlege statsutvikling er undervurdert."<sup>32</sup> Med denne oppgåva ønskjer eg å belyse kompleksiteten i relasjonane med utlandet, gjennom å identifisere verkemidla i konfliktløysingar og samanlikne verkemidla i to ganske ulike traktatar. Dette perspektivet vil voneleg også utvide vår forståing av dei to traktatane som eg har valt som undersøkingsobjekt for oppgåva.

## 1.4 Oppgåvas oppbygning

Undersøkinga vil verte presentert i tre kapittel. I det følgjande kapitlet vil eg gjere greie for dei metodiske og teoretiske hjelpemidla eg har nytta i møte med kjeldematerialet. Det vil

---

<sup>32</sup> Bjørgo 1997: 36.

også følgje ein presentasjon av dei historiske kjeldene. Deretter vil kapittel 3 og 4 høvesvis ta føre seg konflikten med Lübeck i åra 1247-50 og konflikten med Skottland frå starten av 1200-talet til Perth-traktaten i 1266. I siste kapittel vil eg konkludere med kva verkemiddel som vart nytta og kva verknad dei fekk for diplomatiet som vart ført mellom partane. Eg vil også drøfte korleis partanes interesser spelte inn i kva verkemiddel dei nytta og kva følgjer det fekk. Eg skal også samanlikne verkemidla i sjølve traktatane for å sjå kva likskapar og ulikskapar det er i korleis dei to konfliktane vart løyste.

## 2 Metode og kjelder

I dette kapitlet skal eg gå gjennom dei viktigaste metodiske grepa eg har teke for å kunne utføre denne oppgåva. Fyrst skal eg gå gjennom nokre av dei viktigaste omgrepa som er nytta i oppgåva, for å klargjere kva historiske tyding som ligg bak desse. Deretter skal eg skildre dei metodiske og teoretiske hjelpemidla eg har nytta for å finne svar på problemstillinga i kjeldeutvalet. I den siste delen vil kjeldeutvalet verte presentert.

### 2.1 Omgrepsavklaring

Eit av dei viktigaste midla for å forstå kjelder frå mellomalderen og skrive om dei på ein meiningsfull måte er å forstå omgrepsbruken. Dette går ikkje berre på den språklege skilnaden, men kva meaning som vert lagt til orda. I tillegg er det mange ord vi nyttar i dag for å skildre fenomen, som mellomalderens menneske ikkje nytta. Difor skal eg her diskutere og forklare dei viktigaste omgrepa som nyttast i denne undersøkinga.

#### Diplomati

For det første, kva er diplomati? Ordet oppstod først på slutten av 1700-talet og var dermed ikkje brukt i mellomalderen for å skildre relasjonane mellom statsdanningar.<sup>33</sup> Relasjonar mellom statsdanningar stammar likevel attende til både Romarriket og det Bysantiske riket, og i mellomalderen henta ein både terminologi og praksis frå romersk rett.<sup>34</sup> Ordet stammar frå at mellomalderens sendemenn var utstyrt med *diploma*; akkreditiv som sikra legitimiteten deira.<sup>35</sup> I leksika vert utanrikspolitikk og diplomati skilja slik: "den første (utanrikspolitikk) representerer de allmenne retningslinjer som blir trukket opp av regjeringen og nasjonalforsamling, den siste (diplomati) representerer den virksomhet som utøves i samsvar med disse retningslinjer."<sup>36</sup> George Cuttino slår fast at det er ein historisk anakronisme å nytte diplomati for mellomalderens internasjonale relasjonar, men han nyttar

---

<sup>33</sup> Sletten 2003: 5.

<sup>34</sup> Sjå til dømes Ganshof (1971) *The Middle ages - A History of International Relations*, Queller (1960) "Thirteenth-Century Diplomatic Envoys: Nuncii and Procuratores" i *Speculum vol. 35, no. 2.*, og Queller (1967) *The office of Ambassador in the Middle ages*.

<sup>35</sup> "Diplomati" i *Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon* bind 4 (Henriksen red.) 2005: s. 50. Sjå Hamre 1972: 6-7 for etymologien til ordet *diplom*. Vart i romartida nytta på ymse offisielle dokument.

<sup>36</sup> "Diplomati" i *Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon* bind 4 (Henriksen red.) 2005: s. 50.

det likevel sjølv i mangel av noko betre.<sup>37</sup> Når eg nyttar omgrepet *diplomati* i denne oppgåva er det i tydinga utøving av relasjonane mellom den norske kongemakta og andre rikseiningar eller andre politiske samanslutningar.

### *Det daglege diplomatiet*

Det daglege diplomati vil seie korleis ein i praksis bygde forhold med andre makter. Dette var ein sentral del av mellomalderens diplomati og utanriksverksemd. I internasjonal samanheng snakkar ein om "venskap" mellom fyrstar i ein annan forstand enn vi legg i ordet i dag. Venskap i mellomalderen var ikkje eit kjenslebasert forhold, men ein politisk strategi for å styrke eins posisjon. Slikt diplomati vart for alvor bygd opp under Håkon Håkonsson i form av brev og gåver til og frå utanlandske fyrstar, som i nokre høve vart regelmessige fenomen, gjerne årlege.<sup>38</sup> Bjørgo karakteriserer gåveutvekslinga som eit uttrykk for venskapen mellom fyrstane, nytta for å markere velvilje og gjensidig støtte. Ein annan måte å knytte slike band på var å la til dømes ein son oppfostre hjå ein framand fyrste, slik som Håkon den gode (om lag 920-960) hjå den engelske kong Athelstan.<sup>39</sup> Ekteskapsalliansar var også ein viktig og mykje nytta måte å formalisere venskapsband på.

### *Diplomati som konfliktløysing*

Når to partar hamna i ein konflikt, vert også dei fredelege verkemidla ein nytta for å overtyde eller presse den andre kalla for diplomati. Dette føregjekk som regel gjennom forhandlingar, anten i direkte møter mellom partane, eller ved bruk av brev eller sendemenn. Dersom ein ikkje kom fram til ei løysing med fredelege verkemiddel, var ofte det neste steget militære verkemiddel som vart nytta for å presse motparten til å endre standpunkt i konflikten. I etterkant av krigføring vert det så ført nye forhandlingsrundar der makttilhøvet mellom partane ofte er endra.

### *Diplomatisk prosedyre*

---

<sup>37</sup> Cuttino referert av Sletten 2003: 5. Sletten viser også til Otto Brunner som meinte at ein ikkje kan unngå moderne omgrep i historiske framstillingar, men som også slo fast at ein må forstå deira historiske vilkår for å kunne nytte dei.

<sup>38</sup> Helle 2005: 270.

<sup>39</sup> Bjørgo 1995: 53.

Diplomatisk prosedyre er den tekniske sida av diplomatiet. Denne var i gradvis utvikling i mellomalderen, med impulsar frå Europa gradvis innførte i Noreg. Tidleg i Håkon Håkonssons regjeringstid gjorde den regelmessige kontakten med den engelske kong Henrik III (1207-1272) at ein fekk impulsar frå ein meir avansert brevsikk.<sup>40</sup> Dette gjeld for det første dei faste formane som diplom vart skrivne i og for det andre utferding av visse typar brev. I ein forhandlingsgang var også dei fastlagde formane og normene for oppførsel ein viktig del av prosedyren.<sup>41</sup>

### *Diplomatiske verkemiddel*

I denne oppgåva er undersøkingsobjektet dei diplomatiske *verkemidla*. Med verkemiddel meiner eg dei tiltaka og midla partane i ein konflikt nytta for å løyse konflikten og fremje sine interesser. Den diplomatiske prosedyren er rammene verkemidla vart ført innanfor, medan verkemidla er det substansielle innhaldet i konfliktløysinga. Verkemidla kan også vere utilsikta. Til dømes kan eit venskapsforhold med ein annan fyrste nyttast som eit pressmiddel i ein uventa konflikt med ein annan.

### **Sendemenn**

Ved sidan av brev og personlege kongemøter, var sendemennene dei viktigaste aktørane i generell kommunikasjon og i diplomatisk forhandling mellom makter. Spesielt i konflikten om Suderøyane og Man spelte sendemenn ei viktig rolle i den diplomatiske prosessen. Kva status sendemennene hadde og kven som vart valde til jobben må difor med i undersøkinga av verkemiddel. I vidaste tyding kan ordet sendemann vise til alle personar som reiste med ein bodskap frå ein part til ein annan, og kan dermed også vise til innanlands kommunikasjon.

I 1200-talets Europas internasjonale relasjonar er dei to viktigaste termene for sendemenn *nuncius* og *procuratores*, titlar henta frå romersk lov. Tittelen *nuncius* kom for alvor i bruk i Europa på 1200-talet, og vart brukt på ein sendemann som leverte ein bodskap, skriftleg eller munnleg.<sup>42</sup> Sendemenn var likevel nytta mykje tidlegare.<sup>43</sup> Det å sende ein *nuncius*

---

<sup>40</sup> Sletten 2003: 52.

<sup>41</sup> Sletten 2003: 26-40.

<sup>42</sup> Queller 1967: 3-4.

hadde same funksjon som å sende eit brev, og ein nuncius kunne med andre ord ikkje gjere forhandlingar utover innhaldet i den gjevne bodskapen. Fordelen med å sende bodskapen via ein person var for det første at det var sikrere enn eit brev og for det andre at ein velartikulert sendemann gjorde betre inntrykk enn eit brev.<sup>44</sup> Å føre diplomati gjennom sendebod var likevel lite praktisk, og det vart etterkvart behov for meir profesjonaliserte diplomatar som kunne føre sjølvstendige forhandlingar. Desse sendemennene vart titulert *procuratores*. For å kunne utøve denne funksjonen måtte sendemennene ha eit mandat frå fyrsten sin som gav han *plena postestas*; autoritet til å føre forhandlingar og konkludere avtalar på vegner av fyrsten.<sup>45</sup> Sjølv om den juridiske skilnaden på termene var klår i mellomalderen, er det likevel dømer på at skrivarane av diplom kunne vere uforsiktlige med bruken.<sup>46</sup> Det er usikkert kor tid ein byrja å bruke desse titlane og kor nøye ein var med skilnaden i Noreg. Lustig konkluderte med at ein har kjent til og nytta titlane i Magnus Lagabøtes tid (1263-1280), men at bruken kunne vere uforsiktig. Tittelen *procuratores* er sjeldan brukt under Magnus Lagabøte, men var vanleg tidleg i sonen Eiriks regjeringstid.<sup>47</sup> Bruken av *nuncius* under Håkon Håkonsson er kjeldebelagt, til dømes i freds- og handelsavtalen med Lübeck, der Bjarne Moisseusson vert titulert som "nuncio nostro".<sup>48</sup> I Perth-traktaten er det skriva at kong Håkons sendemann var utstyrt med mandat til å forhandle fram og konkludere ei fredsslutning.<sup>49</sup>

I Noreg var det frå tidleg mellomalder ein ålmenn plikt for undersåttar av kongen å dra i sendeferder utanlands for kongen, og det finst spor av norske sendemann frå tidleg 1000-tal.<sup>50</sup> Etterkvart vaks det fram ei tydelegare gruppe spesialiserte og profesjonaliserte sendemann med erfaring og skulering i politikk, juss og språk, og ifølgje Bjørgo var utviklinga komen så langt ved midten av 1200-talet at vi frå denne perioden kan snakke om ei "organisert utanriksteneste."<sup>51</sup> Dei neste tiåra kan ein spore ei gradvis aukiing av diplomatiske oppgåver som kravde sendemann med kompetanse i forhandling, men

---

<sup>43</sup> Ganshof 1971: 38-39.

<sup>44</sup> Queller 1967: 7.

<sup>45</sup> Queller 1967: 30-31. Sletten 2003: 46-47.

<sup>46</sup> Sjø Sletten 2003: 43 note 206 for diskusjonen mellom Cuttino, Menzel og Queller.

<sup>47</sup> Lustig 1979: 41-42.

<sup>48</sup> NMD: s. 94.

<sup>49</sup> I traktaten er sendemennene nemnt som "solempnes nuncios" (NMD: s. 111). Det kjem likevel fram at dei hadde "plenam auctoritatem componendi et concordandi" (NMD: s. 113).

<sup>50</sup> Bjørgo 1995: 50.

<sup>51</sup> Bjørgo 1995: 50, Bjørgo 1997: 36.

sendemenn vart framleis i stor grad utvald *ad-hoc* ut frå spesialkompetanse.<sup>52</sup>

Sendemennene var såleis ikkje noko formalisert embete under Håkon Håkonsson, og Bjørgos definerings av eit *sendemannskorps* gir assosiasjonar til ei institusjonalisering som vi ikkje kan seie fantes.<sup>53</sup> Sendemannen var meir ein funksjon enn ei stilling. Dette avhengar sjølvsagt også av korleis ein definerer institusjon. Sletten konkluderer med at dersom ein nyttar ein vid definisjon av institusjon som "et sett med normer, og en sosial praksis, som regulerer måten viktige og tilbakevendende oppgaver løses på", kan dei diplomatiske relasjonane på slutten av 1200-talet kallast institusjonaliserte. Dersom ein ser på institusjon som ein "organisatorisk enhet, eller et fastlagt embete", kan vi ikkje gjere det. Det næraste er i så fall kanslarembetet.<sup>54</sup> Grohse synast såleis å ha nytta seg av den siste definisjonen i sin kritikk av Bjørgos anakronismar.<sup>55</sup>

Samanfatta kan altså ikkje diplomatiet ført under Håkon Håkonsson forståast som ei definert aksjonsline, ordna i fullstendig institusjonaliserte former. Tenestemenn rundt kongen, geistlege eller verdslege, vart i størst grad valde til å fungere som diplomatar etter situasjonsbestemte behov. Dei utvalde sendemennene og diplomatane hadde likevel nokre faste formar dei arbeidde innanfor og ein tok etterkvart til seg prosedyre frå den generelle utviklinga i Europa. Frå midten av 1200-talet aukar også behovet for sendemenn med oppgåver utover å vere sendebod, mest av alt i forhandlingar om traktatar.

## 2.2 Teori og metode

Mi metodiske tilnærming for å svare på problemstillinga er å identifisere det som kan karakteriserast som diplomatiske verkemiddel i det tilgjengelege kjeldematerialet. Sidan det i kjeldene sjølve ikkje finst eigne eksplisitte typar av verkemiddel, har eg vore nøydd til å sette opp eit sett med klassifiseringar av verkemiddel som kan hjelpe med identifiseringa av desse i kjeldene. Det er ikkje meininga eller mogleg at alle klassifiseringane skal vere gjensidig ekskluderande, men at dei skal fungere som verktøy for identifiseringa av verkemiddel i kjeldene til konfliktane.

---

<sup>52</sup> Sletten 2003: 76.

<sup>53</sup> Bjørgo 1995: 50.

<sup>54</sup> Sletten 2003: 114.

<sup>55</sup> Grohse 2009: 13 og 19.



## **Diplomati mellom motpartane**

### Kommunikasjon og forhandlingar

Ei viktig gruppe av verkemiddel ligg i den direkte kontakten mellom motpartane i konflikten. Denne kontakten kan føregå anten ved personlege møter eller ved kommunikasjon via brev eller sendemenn. Fredsfremjande middel i den direkte kontakten kan vere ei rekkje tiltak ein part gjer for å oppmode motparten til ei fredsslutning. Dømer på dette er unnskyldningar, gåvegjeving, vilje til å gå inn i forhandlingar, inngå kompromiss og gje konsesjonar. I kjeldene som omhandlar forhandlingar vil eg trekkje ut diplomatiske verkemiddel i korleis partane formulerer seg, kva dei lovar, tilbyr og krev og forslag ein har for korleis ein skal løyse konflikten. Sidan diplomatiet gjerne vert utført gjennom sendemenn er valet av sendemenn også eit viktig verkemiddel i dei direkte forhandlingane. Eit viktig verkemiddel i mellomalderens diplomati er også oppbygning av venskapsband gjennom gåvegjeving eller ekteskapsalliansar.

### Forlik og traktatinngåing

Det ultimate verkemidlet i kontakten mellom motpartane er inngåing av traktat. Då må ein spørje i kva grad formuleringane i traktaten er i stand til å løyse den opphavlege konflikten og eventuelle andre konfliktsområdet som måtte dukke opp undervegs. I samanlikninga av dei to traktatane eg skal undersøke i denne oppgåva har eg difor satt opp nokre grupperingar av verkemiddel som moglegvis kan identifiserast. Desse gruppene er forliksformuleringar, kompromiss og konsesjonar, samarbeidsvilkår og formuleringar av sikringsvilkår for oppfylling av traktaten. Dei enkelte avtalevilkåra vil verte presenterte og kommenterte i høvesvis kapittel 3.5 og 4.6, med ei oppsummerande samanlikning i kapittel 5. I vedlegg nr. 3 er vilkåra i dei to traktatane satt opp skjematisk saman etter kva gruppering av verkemiddel dei kan setjast under.

## **Kontakt med tredjepartar**

Dei diplomatiske verkemidla avgrensar seg ikkje berre til samhandling mellom dei to partane i konflikten, men kan også gjelde kontakt med ymse tredjepartar. Desse tredjepartane kan vere uavhengige meklarar, men meir vanleg er partar som har tilknytning til og egne

interesser i korleis konflikten vart løyst. Tredjepartar kunne opptre som meklarar i møter eller gjennom brevveksling. I forholdet til tredjeparten er også ein viktig faktor kva band partane hadde til kvarandre. Venskapsbygging gjennom gåvegjeving og ekteskapsalliansar er dermed sentrale verkemiddel her.

I konflikten med Lübeck ser vi begge partar ha kontakt med ein tredjepart, nemleg den tysk-romerske keisaren Fredrik II. Ein viktig del av denne analysen vil då vere å sjå korleis denne tredjeparten har hatt innverknad på diplomatiet mellom dei to partane og verkemidla dei nytta. Fredrik II var ein naturleg tredjepart å trekkje inn, sidan han var det monarkiske overhovudet til Lübeck, og det kan også argumenterast for at konflikten i åra 1247-1250 var mellom kong Håkon og keisar Fredrik II. Geir Atle Ersland har til dømes trekt fram freds- og handelsavtalen frå 1250 som eit teikn på Lübecks utvikling mot sjølvstendig by, sidan traktaten er formulert med byrådet i Lübeck som motpart. Ersland skriv at i åra før var det keisaren som var kong Håkons motpart, men etter Fredrik II døydde i desember 1250 var det ingen som umiddelbart tok over keisarrolla. Dette opna for Lübecks vidare utvikling mot sjølvstendig by.<sup>56</sup> Eg meiner likevel at Lübeck i praksis kan reknast som kong Håkons motpart gjennom heile konflikten av dei to følgjande grunnane. For det første hadde konflikten sin bakgrunn i samanstøyt mellom norske, lybske og danske menn i Øresund og den direkte brevvekslinga i etterkant var mellom kong Håkon og byrådet i Lübeck. For det andre vart traktaten, der kong Håkons motpart er definert som byrådet Lübeck, utferda 6. oktober 1250, altså før keisar Fredrik II døydde. I praksis var dermed rådet i Lübeck kong Håkons direkte motpart i konflikten. Det faktum at Lübeck var ein riksumiddelbar by under Fredrik II førte likevel til at han hadde større makt til å avslutte konflikten enn om han hadde vore ein utanforståande part.

I konflikten mellom Noreg og Skottland var den engelske kong Henrik III ein viktig tredjepart som hadde band til begge partane i konflikten. Henrik hadde i tillegg eigne interesser i maktforholda rundt Irskesjøen. Eit viktig verkemiddel for dei norske og skotske kongane var også å sikre lojaliteten frå øykongane på Suderøyane og Man, som utøvde det direkte herredømet på øyane. Dette kunne gjerast gjennom til dømes vasallforhold eller ekteskapsalliansar. Dei kunne også fungere som mellommenn i konflikten. Ian Grohse kallar

---

<sup>56</sup> Ersland 2000: 69.

dei for "semi-autonome Mittelsmänner"; semi-autonome mellommenn.<sup>57</sup> Sjølv om dei var vasallar under kong Håkon og kunne nyttast til diplomatiske formål, var dei ikkje norske undersåttar og kunne skifte lojalitet ut frå press eller eigne interesser.

### **Militære verkemiddel**

Når to partar ikkje kjem fram til ei fredeleg løysing i ein konflikt, er bruk eller trussel om bruk av makt eit viktig verkemiddel. Det militære verkemiddelet kan ikkje kallast diplomatisk, men er uløyseleg knytt til diplomatiet. Bjørgo illustrerer det med eit ordtak som seier at "krig og diplomati vart fødde som tvillingar". Med det meiner han at i den utanrikspolitiske samhandlinga utgjer krig, krigstruslar og diplomati heilskapen, men understrekar at krigshandlingar heller var unntaket enn regelen.<sup>58</sup>

Dei militære verkemidla utgjer fleire viktige funksjonar. Den eine er det symbolske presset mot motparten. Dette aspektet var den sentrale delen av Håkon Håkonssons såkalla "flåtediplomati", der flåtestyrkane vart kalla inn som stemneleidang til bruk som pressmiddel i forhandlingar. Den andre er endring av realpolitiske forhold, til dømes ved invasjon av motpartens landområde.

## **2.3 Kjeldematerialet**

I denne delen skal eg gå gjennom det tilgjengelege kjeldematerialet som er aktuelt for oppgåvas problemstilling. Eg skal i hovudsak gå gjennom kjeldenenes opphavssituasjon, tradering, truverd og andre problematiske aspekt. Den metodiske tilnærminga eg har nytta for å undersøkje diplomaterialet er å gå gjennom registra i *Regesta Norvegica* for å undersøkje den diplomatiske kontakten gjennom sendemenn og brev mellom den norske kongemakta og motparten i begge konfliktane og så trekkje ut kva diplomatiske verkemiddel ein kan finne i desse breva. Perioden er også ganske godt dekkja frå det norske perspektivet gjennom sagamaterialet, fyrst og fremst Håkon Håkonssons saga og nokre av dei få bevarte blada av Magnus Lagabøtes saga. I sagamaterialet og krønikene har eg sett etter referansar til forhandlingsmøter, sendebod og brevveksling.

---

<sup>57</sup> Grohse 2009: 24.

<sup>58</sup> Bjørgo 1995: 58.

### 2.3.1 Diplom

I mellomalderforskinga nyttast ordet diplom vanlegvis på skriftlege dokument, brev eller aktstykke som er oppsett i faste formar og som skulle tene som rettsleg bevis på ei handling eller avgjerse.<sup>59</sup> Brev frå mellomalderen som ikkje hadde ein rettsleg eller økonomisk funksjon, som privatbrev mellom personar, er i vesentleg grad bortkomne.<sup>60</sup> Alle kjende diplom som handlar om Noreg og norske forhold er registrerte i oversiktsverket *Regesta Norvegica*. Dette kan vere brev som er bevarte anten i Noreg eller utlandet, men det kan også verte tapte brev det fins referansar til i andre kjelder, som sagaer eller dei islandske annalane. I *Regesta Norvegica* er kvart brev datert om det let seg gjere, med eit kort samandrag av innhaldet, kvar ein finn hovudkjelda og anna relevant informasjon. *Regesta Norvegica* er utgjeve kronologisk foreløpig i ni bind,<sup>61</sup> og det er dei to første som saman dekkjar tida 822-1300 som er relevante for denne oppgåva. Bevarte brev, eller avskrifter av brev, som handlar om Noreg og norske forhold er utgjevne transkriberte med norske samandrag i kjeldesamlinga *Diplomatarium Norvegicum*. Både *Regesta Norvegica* og *Diplomatarium Norvegicum* er i dag tilgjengelege på nett. Den elektroniske forma på kjeldeutgjevinga opnar for større tilgjengelegheit til kjeldene og søkemoglegheiter i materialet. Å gjere søk på friteksten i dokumenta har likevel sine problem, spesielt på grunn av det språklege mangfaldet i diplommaterialet. Tekstane er også tasta inn manuelt utan rettingar, noko som medfører fare for trykkfeilar.<sup>62</sup> Ein fordel med *Regesta Norvegicas* elektroniske utgjeving er at samandraga av kjeldene er oppdaterte og den inneheld rettingar og tilvisingar til andre samankopla kjelder. *Regesta Norvegica* har også eit betre namn- og saksregister.

#### Traktatane

Sidan dei to traktatane er resultatene av dei diplomatiske prosessane eg skal utforske i denne oppgåva, skal eg her kort ta føre meg kva som ligg i omgrepet traktat, og korleis freds- og handelsavtalen med Lübeck og Perth-traktaten passar inn under dei. Lars Hamre definerar i

---

<sup>59</sup> Helle 1964: 6.

<sup>60</sup> Hamre 1972: 7.

<sup>61</sup> <https://www.arkivverket.no/arkivverket/Arkivverket/Om-oss/Aktuelt/Nyhetsarkiv/Nyhetsarkiv-2010/Nytt-bind-av-Regesta-Norvegica> [oppdatert 02.07.2010].

<sup>62</sup> Ore 2002: 169 og 173.

*Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* ein traktat slik: "en folkerettslig avtale, en overenskomst mellom folkerettssubjekter, først og fremst mellom stater".<sup>63</sup> I denne sammenhengen vert det relevant å sjå på skiljet Hamre set mellom *einsidige* og *tosidige* traktatar. Einsidige traktatar vart utferda av den eine parten og nyttast vanlegvis når forhandlingane skjer mellom den eine parten og den andre partens utsendingar. Avtalen vart forseгла av fyrsten som utferda den med eventuelle vitne og medseglarar og gjeven ut i eit ope brev. Ut frå det vi veit om korleis freds- og handelsavtalen med Lübeck frå 1250 vart til, passar den inn under denne definisjonen. I sin opposisjon til Grethe Authen Bloms doktoravhandling *Kongemakt og privilegier i Norge inntil 1387* (1967) påpeiker Hamre at ein slik einsidig traktat formelt vil vere eit privileg.<sup>64</sup> Avtalen av 1250 kan dermed ut frå desse definisjonane klassifiserast både som ein traktat og som eit privileg.<sup>65</sup> Perth-traktaten fell inn under Hamres definisjon av ein tosidig traktat. I ein slik traktat inngår to partar ein avtale anten med at fyrstane personleg møtast eller forhandlar via sendebod. Traktaten vert utferda i minst to like eksemplar til kvar av partane. Dersom avtalen vart til med at den eine partens sendebod deltok forhandlingar hjå den andre, måtte avtalen ratifiserast, men ifølgje Hamre var det i mellomalderen ikkje alltid naudsynt med ratifikasjon for at traktaten skulle gjelde.<sup>66</sup> Desse to traktatane vert dermed også interessante å undersøke saman sidan den første er ein einsidig traktat medan den andre er ein tosidig. Freds- og handelsavtalen med Lübeck vart skrive i Noreg med sendemenn frå Lübeck til stades. Perth-traktaten var utforma i Skottland med den skotske kongen til stades, medan den norske kongen var representert av sendemenn utstyrt med fullmakt til å forhandle fram og godkjenne traktaten.

Freds- og handelsavtalen med Lübeck er vorten bevart i originalhandskrift i arkivet i Lübeck. Teksten er trykt transkribert i *Diplomatarium Norvegicum* bind V nummer 4, og er også

---

<sup>63</sup> Hamre 1974: s. 541.

<sup>64</sup> Hamre 1970: 207. Sidan Blom ikkje definerte den slik er den ikkje med i hennar doktoravhandling. (Blom 1967).

<sup>65</sup> Hamre 1970: 193. Norsk Riksmålsordbok definerer den historiske og rettslege tydinga av privilegium som "forrett, særrettighet som ved lov eller administrativ forføyning er innrømmet en enkelt person eller klasse av personer".

<sup>66</sup> Hamre 1974: s. 546.

utgjeve med omsetjing i *Norske middelalderdokumenter i utvalg*. Den vart skriven i Bergen og sendt til Lübeck for godkjenning vinteren 1250-51.<sup>67</sup>

Perth-traktaten vart utferda som kirograf. Dette vil seie at traktaten vart utferda i to dokument, som vart klipt i sikksakk gjennom teksten slik at ein kunne bekrefte autentisiteten til dokumentet ved å føre gjenpartane saman.<sup>68</sup> Traktaten hadde også eit langt etterliv og vart fornya første gong i 1312 og andre gong i 1426. Originalhandskriftene av traktaten er ikkje bevart, men vi har den bevart gjennom avskrifter av fornyingane. Den eldste er avskrift av den skotske gjenparten frå fornyinga i Inverness i 1312,<sup>69</sup> medan den norske gjenparten frå fornyinga i 1426 er bevart i det danske Rigsarkiv. Omsetjinga i *Norske Middelalderdokumenter* er basert på den norske gjenparten frå 1426. Den er også trykt i *Diplomatarium Norvegicum* bind VIII nummer 9.

## Brev

I diplomatiet er det ei rekkje brev som er kopla til den diplomatiske *prosedyren*. I prosedyren inngår til dømes utdeling av verne- og leidebrev som sikra ein sendemanns rettsvern i eit framandt rike.<sup>70</sup> Ein *nuncius* måtte vanlegvis vere utstyrt med eit *akkreditiv* som oppfordra mottakaren til å høyre på sendemannen som om budskapet kom direkte frå avsendarens munn.<sup>71</sup> Korleis ein traktat vart utferda og offentleggjort inngår også i den diplomatiske prosedyren. Traktatane er rettsbindande aktstykke, medan kontakten mellom partane kan finnast i ei rekkje kommunikasjonsbrev.

I *Regesta Norvegica* har eg identifisert registreringar av seks brev mellom kong Håkon og rådet i Lübeck mellom 1247 og 1250.<sup>72</sup> Det er også registrert eitt brev frå kong Håkon til Fredrik II.<sup>73</sup> Frå keisaren er det registrert eitt brev til kong Håkon og eitt brev frå keisaren til rådet i Lübeck.<sup>74</sup> Av desse breva er det berre dei tre breva frå kong Håkon til myndigheitene i

---

<sup>67</sup> NMD: s. 92.

<sup>68</sup> Bjørge 1995: 55.

<sup>69</sup> DN XIX 482.

<sup>70</sup> Sletten 2003: 26-27.

<sup>71</sup> Sletten 2003: 46.

<sup>72</sup> RN = Regesta Norvegica I 803, 808, 813, 823, 825 og 826.

<sup>73</sup> RN I 822.

<sup>74</sup> Fredrik II til kong Håkon: RN I 827. Fredrik II til rådet i Lübeck: RN I 824.

Lübeck og sjølve traktaten vi har bevarte, i arkivet i Lübeck.<sup>75</sup> Når det gjeld dei bortkomne breva, kan delar av innhaldet finnast omtalt i dei bevarte breva. Også i *Håkon Håkonssons saga* er det korte innhaldsreferat av innhaldet av breva.

Den diplomatiske kontakten mellom dei norske og skotske kongane vart i hovudsak utført munnleg gjennom sendemenn, og mesteparten av verkemidla må difor finnast i andre kjelder. Eg har likevel identifisert registreringar av tre brev mellom den norske og skotske kongen og fem brev mellom den norske og engelske kongen. Det er også registrert to brev mellom den skotske og engelske kongen. Brev er frå tida 1259-1264, og er anten bevarte gjennom avskrifter i England eller nemnt i *Håkon Håkonssons saga*.<sup>76</sup>

### 2.3.2 Sagamaterialet

#### **Håkon Håkonssons saga og Magnus Lagabøtes saga**

Ei av dei viktigaste kjeldene til norsk høgmellomalder frå om lag 1130 då innbyrdesstridane starta, er dei narrative sagaene. For denne oppgåva er det fyrst og fremst *Håkon Håkonssons saga* og *Magnus Lagabøtes saga* som er sentrale. Desse to sagaene er omsette og utgjeve saman som bind 4 i *Norges Kongesagaer - Jubileumsutgaven 1979*. Begge desse sagaene vert kalla samtids sagaer, sidan dei er skrivne samtidig eller kort tid etter hendingane dei skildrar. Vi veit også mykje om deira opphavssituasjon. Håkon Håkonssons saga vart skriva av islendingen Sturla Tordsson, som var ein islandsk høvding, lovseiemann og lagmann, og nevø av sagaforfattaren Snorre Sturlasson. Sturla Tordsson kom til Noreg då han i 1263 vart tvungen til å forlate Island av høvdingen Ravn Oddsson. Sturla skal etter ei kjølig mottaking av kong Magnus ha vorte ein viktig rådgjevar for han, og vart satt til å skriva sagaen om den nyleg avlidne kong Håkon i åra 1264-65.<sup>77</sup> Skildringa av krigstoget mot Skottland vart med andre ord skriva ned i kort tid etter hendinga fant stad, men før konflikten og forhandlingane var over med Perth-traktaten av 2. juli 1266.

Kjeldegrunnlaget for Håkon Håkonssons saga er nøye studert av Halvdan Koht (1873-1965) og seinare av Narve Bjørge. Koht fann at opplysningane om mange sentrale hendingar og

---

<sup>75</sup> Sjå vedlegg 1.

<sup>76</sup> Sjå vedlegg 2.

<sup>77</sup> Magerøy 1979a: 7-8.

møter Sturla Tordsson skildrar i sagaen må ha kome frå brev, samandrag og lister oppførte i det kongelege kanselliet som han hadde tilgang til der.<sup>78</sup> Kanslaren til kong Håkon og kong Magnus, sira Askatin<sup>79</sup> (seinare biskop i Bergen), var ein av kongens representantar ved utferdinga av Perth-traktaten. Kanslarens oppgåve var å oppbevare kongens segl og utferde brev frå kongen. Kanslaren hadde også plikt til å bokføre eigedommar, registrere kongens landskyld og vere sendebod for kongen. Han var såleis ein av kongens næraste rådgivarar og hadde rang som lendmann.<sup>80</sup>

Elles er Håkon Håkonssons saga bygd opp som ei årbok som skildrar det kongen føretok seg kvart styringsår, med innslag av dødsfall av viktige personar og store hendingar utanlands. Såleis har den mykje likskapar med samtidas europeiske krønikeskrivarar.<sup>81</sup> Som Bjørgo påpeikar, var også mange av stormennene som lenge hadde tenestegjort under kong Håkon, framleis i live då Sturla skreiv sagaen. Han kunne dermed få informasjon om hendingar frå dei.<sup>82</sup> Sturla har utan tvil fått forteljingar frå personar som var med i leidangsutbodet mot Skottland i 1263 og snakka med dei som var involverte i forhandlingane fram mot Perth-traktaten. Sturlas framstilling av desse hendingane må sjølv sagt likevel vurderast ut frå sagaens sjanger som kongebiografi; sagaen er eit norsk partsinnlegg i konflikten.

Sturla Tordsson skreiv også sagaen om Håkons son, Magnus Lagabøte. Sturla reiste i 1271 til Island med lovboka *Járnsiða* og var frå 1272-1282 lagmann på Island. I Noreg arbeida han seg opp til å verte hirdmann og skutilsvein hjå kong Magnus. Det er i dag rekna med at Sturla byrja på sagaen om Magnus Lagabøte i Noreg i 1278 og kan ha fullført sagaen på Island etter Magnus døydde i 1280. Sturla sjølv døydde i 1284.<sup>83</sup> Blada vi har bevart av sagaen, som tek føre seg brotstykket av åra 1264-73, er frå ei islandsk skinnbok som er datert til rundt år 1400.<sup>84</sup> Trass bladets tilstand er det likevel mogleg å trekkje ut viktig informasjon angående forhandlingane fram mot Perth-traktaten i åra 1264-1266. Ein reknar med at Sturla var i Noreg desse åra. Han har dermed lett kunna følgje med på korleis problemet rundt

---

<sup>78</sup> Koht 1927: 17-22.

<sup>79</sup> Fyrste gong kanslartittelen er knytt til ein bestemt person i kjeldene er til Askatin i Perth-traktaten (DN VIII nr. 9), men kanslarens funksjon er eldre. Fyrste gong ordet er brukt om den som har ansvar for kongens segl er under baglarkongen Filippus i 1208 (Agerholt 1963a: "Kansler - Norge" i *KLNM* VIII s. 235-39).

<sup>80</sup> Imsen 2000: 44. Hirdskråen: kap. 16.

<sup>81</sup> Bjørgo 1967: 187-188.

<sup>82</sup> Bjørgo 1967: 188.

<sup>83</sup> Magerøy 1979b: 345.

<sup>84</sup> Magerøy 1979b: 346.



Suderøyane og Man vart diskutert i kretsen rundt kong Magnus og snakka med deltakarane i forhandlingane. Med tanke på Sturlas posisjon og tidsperiodane han var i Noreg, kan ein altså rekne med at han har hatt godt innsyn i korleis dei diplomatiske prosessane fram mot Perth-traktaten vart ført. Avslutningsvis må det nemnast at informasjonen vi kan hente ut frå sagaene om konfliktane med Lübeck og Skottland begge vil vere partsinnlegg frå den norske tronas side av saka.

Omsetjinga av dei to sagaene eg har nytta er basert på Guðbrandur Vigfússons norrøne tekstutgåve frå 1887, som bygde på fleire av dei bevarte avskriftene.<sup>85</sup> *Håkon Håkonssons saga* er ikkje bevart i original, men dei eldste avskriftene er frå tidleg på 1300-talet.<sup>86</sup> Å nytte omsetjingar vil alltid by på det kjeldekritiske problemet med at ei omsetjing er ei tolking av kjelda. Også Vigfússons kjeldeutgjeving vil vere basert på utgjevarens tolking som kan påverke historikarens tolking av sagaen.

### **Orknøyingenes saga**

Ei anna relevant kjelde for tida er *Orknøyingenes saga*.<sup>87</sup> Den er sannsynlegvis skriven av ein islending og slik vi kjenner den i dag er den truleg vorten til mellom 1214 og 1231. Sagaen tek for seg tida frå Noreg vart oppdaga og til rundt 1231.<sup>88</sup> Sagaens kjeldeverd er for størsteparten av tida den tek for seg i dag rekna som tvilsam. Kjelda kan likevel vere viktig sidan den fantes i Håkon Håkonssons regjeringstid, innhaldet var godt kjent og er vorten nytta i propagandaformål.

### **Heimskringla: Harald Hårfagres saga og Magnus Berrfötts saga**

Eit siste sagaverk som er viktig av same grunn som det førre, er Snorre Sturlassons *Heimskringla*. Denne samlinga av kongesagaer er skriven av islendingen Snorre Sturlasson på 1220-30-talet. Kjeldas relevans til denne oppgåva er rolla den spelte i forhandlingane som bevis på den norske kongens rett på overherredøme på Suderøyane og Man, nemleg dei erobringane dei tidlegare norske kongane skulle ha gjort i Vesterhavet. I *Håkon Håkonssons*

---

<sup>85</sup> Íslenzk fornrit har nyleg (2013) gjeve ut nye utgåver av sagateksten, som eg naturleg nok ikkje har hatt anledning til å nytte.

<sup>86</sup> Magerøy 1979a: 15-17.

<sup>87</sup> *Orknøyingenes saga*, omsett av Anne Holtsmark 1970.

<sup>88</sup> Holtsmark 1970: 7.

*saga* står det til dømes at Magnus Berrføtt hevda at han gjekk etter sine "arveland" då han reiste til Suderøyane og Man i 1098.<sup>89</sup> Synet på Suderøyane og Mans status som norske arveland kan sporast til Snorres saga om Harald Hårfagre, der han skreiv på 1230-talet at Harald Hårfagre hadde reist til vesterhavsoyane og lagt befolkninga der under seg. Eg nyttar dermed desse sagaene utfrå deira posisjon på 1200-talet, og ikkje deira kjeldeverd som beretningar for hundreåra før.

### 2.3.3 Krøniker

Narrative kjelder som syner konflikta frå eit anna perspektiv kan vi finne i krøniker. Dei utvalde kjeldene inneheld informasjon om konflikten som vi ikkje finn i dei norske kjeldene, og kan difor bidra til å forstå den diplomatiske prosessen.

#### Chronica de Mailros

Chronica de Mailros, eller Melrose-krønika, vart skriva på det cisterianske klosteret Melrose i Skottland. Den tek føre seg åra 731-1270, og høyrer til den originale handskrifta Cottonian MS. Faustina B IX, med tillegg skriva inn gjennom 100 år av seinare hender.<sup>90</sup> Utgjevarane av faksimilen frå 1835 konkluderar med at informasjonen frå tida etter 1140 generelt er vitnemål frå personar som oftast levde seinast eit halvt hundreår etter hendingane dei skildrar tok stad, og at denne delen difor for det meste kan reknast som truverdig.<sup>91</sup> For åra eg tek stilling til, 1260-70, er det også rekna med at forfattaren hadde tilgang til skriftleg kjeldemateriale. Framstillingane i krønika er likevel skriva for å framheve klosterets rolle og må vurderast deretter.

#### John Forduns Chronica Gentis Scotorum

John Forduns krønike er ei seinare kjelde, datert til 1300- og 1400-talet.<sup>92</sup> Ein veit ikkje mykje om forfattaren utanom namnet John av Fordun (Johannis de Fordun), og at han skreiv den

---

<sup>89</sup> HHS: kap. 245.

<sup>90</sup> Anderson 1922: xliii. Andersons omsetjingar i *Early Sources of Scottish History* (1922) er basert på faksimileutgjevinga til Stevenson (1835).

<sup>91</sup> Stevenson 1835: xvi.

<sup>92</sup> Beuermann 2007: 17. Eg nyttar både den latinske utgjevinga *Johannis de Fordun, Chronica Gentis Scotorum* (1871) og den engelske omsetjinga *John of Fordun's Chronicle of the Scottish Nation* (1872).

seint på 1300-talet. Fordun har skriva nokre innskot angående konflikten mellom den skotske og norske kongen over Suderøyane og Man og eg skal finne ut kva desse kan seie om den diplomatiske prosessen og kva kjeldeverdi denne informasjonen har.

### **Cronica Regum Mannie et Insularum**

For historia til Suderøyane og Man er *Cronica Regum Mannie et Insularum*, eller *Man-krønika*, ei av dei viktigaste kjeldene. Den er den einaste overlevande narrative kjelda som er forfatta på øyane. Krønika er bevart gjennom ei avskrift frå 1300-talet og mest sannsynleg skriva i eit geistleg miljø, sannsynlegvis i Rushen Abbey på Man.<sup>93</sup> Delen av krønika som tek føre seg aktivitetane til kongane på Man og Suderøyane fram til 1257 er i hovudsak skriva av same hand, medan ei anna hand har skriva tida etter til og med 1274. Difor er det sannsynleg at ein byrja å skriva krønika rundt midten av 1200-talet. Om kjeldetruverdet til Man-krønika skriv utjevaren George Broderick at det finst fleire feil, hovudsakleg i kronologi, i teksten som tek føre seg tida fram til 1156. I tida etter cirka 1156 er det langt færre, noko som tydar på at forfattaren hadde tilgang til meir truverdige kjelder.<sup>94</sup> Som mange kjelder i same sjanger er Man-krønika kortfatta og særleg vag.<sup>95</sup> Kjeldas relevans for denne oppgåva ligg hovudsakleg i informasjonen den kan gjeve om dei norske og skotske inngrepa på øyane gjennom konflikten.

### **2.3.4 Dei islandske annalane**

Annalane forfatta på Island er gjevne ut av Gustav Storm (1845-1903) i *Islandske Annaler indtil 1578*.<sup>96</sup> Annalane er årlege, kronologiske nedteikningar som kortfatta gjengjev hendingar. I den grad annalane vil verte nytta i denne oppgåva er det for å utfylle andre kjelder og samanfatte informasjonen. Annalane har likevel ofte ustø kronologi og tolkingsrom som gjer bruken problematisk. Fram til midten av 1200-talet byggjer annalane i stor grad på sagaene, og dei er dermed viktige kjelder for tida etter sagematerialet sluttar.<sup>97</sup> Sidan størsteparten av *Magnus Lagabøtes saga* er tapt, er delar av sagaen bevart gjennom

---

<sup>93</sup> Broderick 2004: vii, McDonald 2007: 37.

<sup>94</sup> Broderick 2004: xiii-xiv.

<sup>95</sup> McDonald 2007: 38.

<sup>96</sup> Opphavleg utgjeve 1888, med nytrykk i 1977.

<sup>97</sup> Helle 1964: 4.

annalane. Til dømes *Gottskalks annal* inneheld avskrifter av eit tapt handskrift frå slutten av 1300-talet som ein reknar med byggjar på bortkomne delar av sagaen.<sup>98</sup>

---

<sup>98</sup> Magerøy 1979b: 346. Dette gjeld åra 1275-76. *Gottskalks annal* og *Oddaverja annal* er dei mest samanhengande, og er difor teke med i *MLS*: s. 358-364 saman med dei bevarte blada av sagaen.

# 3 Freds- og handelsavtalen med Lübeck i 1250

## 3.1 Innleiing

Freds- og handelsavtalen mellom den norske kongemakta og byrådet i den tyske hansabyen Lübeck vart inngått 6. oktober 1250 i Bergen. Den avslutta offisielt konflikten som hadde vore mellom Noreg og Lübeck og sette vilkår for den vidare handelen mellom dei to partane. Hovudformålet med dette kapitlet er å trekkje ut dei diplomatiske verkemidla som vart nytta for å løyse konflikten og leia fram til traktaten. Eg skal også trekkje ut vilkåra i traktaten og drøfte korleis traktaten fungerte som diplomatisk middel.

For at det skal verte lettare å forstå konflikten og diplomatiet som leia fram til avtalen skal eg kort ta føre meg kva rolle Lübeck spelte i Noreg og i norsk handelsverksemd før 1247. Dette er fordi spørsmålet om handel er det mest sentrale gjennom heile prosessen og det faktum at avtalen er ein handelsavtale. At Lübeck og hansaforbundet skulle få ei dominerande rolle i norsk utanrikshandel er velkjent og forska mykje på, men denne oppgåva må ta utgangspunkt i den rolla den tyske byen hadde på det gjeldande tidspunktet.

Etter å ha sett kva vi kan vite om Lübecks rolle i norsk handel i første del av 1200-talet skal vi deretter sjå kva hendingar som førte til at det vart ein konfliktssituasjon som kravde diplomatiske forhandlingar og ei offisiell fredsslutning mellom dei to partane. I det neste delkapitlet skal vi så sjå på sjølve forhandlingsgangen og kva diplomatiske verkemiddel som kan trekkjast ut her. Dette gjeld for det første den direkte kontakten mellom kong Håkon og byrådet i Lübeck. Ein annan sentral del av diplomatiet er dei to partanes kontakt med den tysk-romerske keisaren Fredrik II (1220-1250). Sjølv om Fredrik II var det monarkiske overhovudet til Lübeck og byens innbyggjarar var direkte undersåttar av keisaren, vil han som nemnt likevel i praksis verte rekna for tredjepart i konflikten. Som vi vil sjå seinare var Fredrik II likevel ikkje ein utanforståande meklar, og han hadde makt til å presse Lübeck i forhandlingane. I analysen av brevvekslinga vil difor også kontakten med Fredrik II vere ein

viktig del. Etter å ha undersøkt kva verkemiddel som leia fram til traktaten, skal eg så trekkje ut kva verkemiddel som kan identifiserast i den.

Kjeldesituasjonen set nokre avgrensingar og vilkår for analysen av dei diplomatiske verkemidla. Vi er heldige og har traktaten bevart i si originale form og kan dermed nytte den til å sjå kva ein kom fram til og kva grunnen til forhandlingane og traktaten var. Frå forteljingane i *Håkon Håkonssons saga* får vi også fortalt meir konkret kva hendingar som leia til konflikten og freden. Det at vi har bevarte brev frå forhandlingane gjer det mogleg å gå nærare inn på kontakten mellom partane og analysere korleis ein har formulert seg, kva lovnadar ein kjem med og kva krav ein set for fredsslutning. Dette skiljar seg frå situasjonen vi kjem til å møte i neste kapittel, der diplomatiet vart ført munnleg via sendebod. Tilgangen vår til korleis partane formulerte seg er meir avgrensa og formulert via eit tredje ledd, som forfattern av *Håkon Håkonssons saga*. Brev vi ikkje har bevart, men som er nemnte og har noko innhaldsreferering i andre kjelder, må analyserast ut frå det vi får vite om innhaldet i dei bevarte kjeldene.

## 3.2 Tysk handel i Noreg før 1247

I Europa gjekk handelsverksemda gjennom ein viktig utviklingsprosess på 1100-talet som er kalla ein kommersiell revolusjon. Hovudtrekket var at handelen gjekk frå hovudsakleg å omfatte luksusvarer til i større grad å omfatte massevarer som korn, fisk og andre matvarer. Tekstil og trelast vart også viktigare.<sup>99</sup> Ut frå ein tale kong Sverre haldt i Bergen i 1186 var engelskmenn og tyskarar dei mest dominerande blant utanlandske kjøpmenn i Bergen.<sup>100</sup> Her talar han fyrst varmt om engelskmennene som syt for innførsel av viktige varer som "kveite og honning, mjøl og klede". Sverre er derimot mindre vennleg innstilt ovanfor tyskarane for deira utførsel av smør og skrei og innførsel av vin, og han "gjev desse tyskarane stor utakk for ferda deira".<sup>101</sup> Vinen tyder på at desse tyskarane kom frå Rhinland og

---

<sup>99</sup> Nedkvitne 1984: 16. For vidare lesning, sjå Lopez (1976) *The Commercial Revolution of the Middle Ages 950-1350*.

<sup>100</sup> For handelen mellom Noreg og England på 1200-talet, sjå t.d. Helle 1967: "Trade and Shipping between Norway and England in the Reign of Håkon Håkonsson (1217-63)" og Helle 1968: "Anglo-Norwegian Relations in the Reign of Håkon Håkonsson (1217-1263)".

<sup>101</sup> *Sverres-soga* (Koht & Pedersen 1979): kap: 104.

Westfalen.<sup>102</sup> Ifølgje Johan Schreiner var det tyskarar som i hovudsak skipa ut tørrfisk, og i størst grad utlendingar som stod for varebyttet til og frå Bergen.<sup>103</sup> Andre teikn på ein dominerande tysk tilknytning til Noreg tidleg på 1200-talet som Schreiner trekk fram er fyrst Snorres forteljingar om tyske handelsmenn i *Heimskringla*, som stamma frå hans vinteropphald i Noreg 1218-19. Eit anna er myntfunn på Hedmarken som viste eit stort fleirtal tyske myntar over engelske.<sup>104</sup>

Frå ein dominans av kjøpmenn frå vestlege tyske byar i tørrfiskhandelen meinte Schreiner at kjøpmenn frå byane langs austersjøkysten, spesielt den nordtyske byen Lübeck, gjorde seg meir gjeldande 1230-40-åra.<sup>105</sup> I *Håkon Håkonssons saga* vert det for året 1237 meldt om ei konflikt mellom nordmenn og tyskarar i Bergen. Ifølgje sagaen fekk kong Håkon og hertug Skule høyre då dei kom til Bergen frå Trondheim at borgarane hadde drepe og jaga tyskarar på sjøen og øydelagt nokre av skipa deira fordi dei hadde lagt koggane sine langs stader på brygga der byborgarane ikkje ville ha dei. Sagaen fortel at då kong Håkon kom til Bergen "fikk han slutt på den striden" og meir høyrer vi ikkje om saken.<sup>106</sup> Munch meinte at desse tyskarane sannsynlegvis var lybske og at denne usemja var eit tidleg teikn på inntoget lybekkarane seinare skulle gjere i Bergen.<sup>107</sup> Grunnen til at Munch meinte at dei var lybske kom av at Lübeck dette tiåret hadde bygd seg opp som ein dominerande part i handelen i Norden. Nokre år før, i 1234 og 1235, hadde Lübeck stått imot åtak frå Valdemar Siger og grev Adolf av Holstein som ville vinne attende det danske overherredømet over den riksumiddelbare byen.<sup>108</sup> Lübeck viste såleis byens utvikling mot å verte den sterkaste byen i austersjøområdet, og etter dette aukar mengda av lybske kjøpmenn i heile Norden. Då handelsavtalen mellom Lübeck og Noreg kom i stand i 1250 var altså lybekkarane ei relativt ny, men dominant gruppe i handelen.

Diplom frå brevvekslinga mellom kong Håkon og Lübeck i åra 1247-8 samt sjølv avtalen viser til tidlegare rettar kjøpmenn frå Lübeck hadde fått av den norske kongen, men det

---

<sup>102</sup> Schreiner 1935: 10. Erslund 2000: 67: "Köln-Rhin-området".

<sup>103</sup> Schreiner 1935: 10 og 16. Schreiner baserer sistnemnte på at Sverre ikkje omtalar norske kjøpmenn i talen 1186.

<sup>104</sup> Schreiner 1935: 10-11.

<sup>105</sup> Schreiner 1935: 10 og 23.

<sup>106</sup> HHS: kap. 193.

<sup>107</sup> Munch 1857: 928.

<sup>108</sup> Munch 1857: 927-28. Albrechtsen 2001: s. 86 skriv 1233-34.

moglege privilegiebrevet dette visar til har vi ikkje bevart og det kan dermed ikkje daterast meir nøyaktig enn til før 1246.<sup>109</sup> Schreiner meinte det var rimeleg å tru at desse privilegia kunne stamme frå hendingane som skjedde i Bergen sommaren 1237.<sup>110</sup> På andre sida skriv Bjørgo:

”Norske klager over lybsk piratverksemd mot norske handelsfartøy vart i hovudsak bilagde kring 1246, da Håkon Håkonsson utferda det første kjende privilegiebrevet for kjøpmenn frå Lübeck som segla på Norge. Endeleg fredsavtale vart kunngjort hausten 1250”<sup>111</sup>

Dette talar imot det vi ser i breva mellom 1247 og 1250, der kong Håkon klaga både til Lübeck og keisar Fredrik II over lybske ran av norske handelsskip. Dei viser at saka ikkje var bilagd allereie i 1246. I tillegg konfiskerte kong Håkon sommaren 1247 danske og lybske skip som låg i Bergen, som represaliar for overgrepa som hadde vore gjort mot norske skip.<sup>112</sup> Riktig nok er ”kring 1246” ei open datering som kan strekkje seg nokre år i begge retningar, men Bjørgo synast å ha basert påstanden på registreringa av privilegiebrevet som vi veit sannsynlegvis har funnest sidan det er nemnt i andre diplom.<sup>113</sup> Dateringa av privilegiebrevet kan ikkje gjerast meir nøyaktig enn ”før 1246”, men eg meiner det er lite truleg at det vart utferda så seint som kring 1246, og Schreiners påstand om tiåret før verkar meir truleg. På bakgrunn av privilegiebrevet og brevvekslinga 1247-50 ser altså Lübeck ut til å ha fått ei vaksande betyding i handelen på Noreg i løpet av første halvdel av 1200-talet.

### 3.3 Utløysing av konflikten

Før vi ser på brevvekslinga som danna forhandlingane mellom Noreg og det lybske byrådet, skal vi no sjå på hendingane som utløyste konflikten i 1247. Noko av det første Fredrik II gjorde som krona keisar etter 1220 var å gje den danske kongen Valdemar Siger herredømet over heile den sørlege austersjøkysten. I ti år etter dette var Lübeck under dansk

---

<sup>109</sup> RN I 757. Nemnt i RN I 808 og 829/DN V 1 og DN V 4.

<sup>110</sup> Schreiner 1935: 22.

<sup>111</sup> Bjørgo 1995: 64.

<sup>112</sup> HHS: kap 256. ”Men den sommeren da kardinal Vilhjalm var i Bergen, hadde kong Håkon latt ta alle skip som var kommet fra Danmark, og Vendlandsfarerne og noen tyske kogger og godset deres ble beslaglagt av kongen.”

<sup>113</sup> RN I 757, nemnt i RN I 808 og RN I 829.



herredøme.<sup>114</sup> Som nemnd stod Lübeck i første halvdel av 1230-talet imot kong Valdemars forsøk på å få att herredømet over byen. Ifølgje P.A. Munch blussa konflikten mellom den danske kongen og Lübeck opp att i 1247 fordi Valdemars son, Erik Plogpenning (konge 1241-1250) ville hemne seg på lybekkarane for at dei hadde lausrive seg frå det danske herredømet over byen.<sup>115</sup> Byen inngjekk også samarbeid med kong Eriks fiendar.<sup>116</sup> Kong Erik byrja å angripe lybske skip i dansk farvatn og det var utrygt for alle kjøpmenn som segla gjennom Øresund. I *Håkon Håkonssons saga* får vi for sommaren 1247 deretter fortalt korleis denne konflikten gjekk utover norske kjøpmenn.

Ifølgje sagaen hadde danskar rana norske skip som segla gjennom Grønsund (mellom Falster og Møn) og norske kjøpmenn skal vere vortne overfalne og rana fleire stader både av danskar og lybekkarar. Som motsvar konfiskerte kong Håkon alle danske og vendske skip og nokre tyske koggar som la til i Bergen same sommar. Kardinal Vilhelm av Sabina som var i Bergen samtidig som dette skjedde for å utføre kroninga av kong Håkon, oppmoda kongen til å vise miskunn mot desse kjøpmennene sidan dei personleg ikkje hadde nokon skuld i overgrepa mot dei norske kjøpmennene. For kardinalens skuld godtok kong Håkon dette, og returnerte godset til dei utanlandske kjøpmennene, men han påpeika også at det "var ikke å vente at han alltid ville tåle ufred og selvtækt fra danskene".<sup>117</sup>

Det vi kan lese ut frå sagaen er altså at konflikten mellom Noreg og Lübeck kom som ei følgje av lovlause tilstandar i handelsvegane mellom Lübeck, Danmark og Noreg på grunn av ein større konflikt mellom danskane og lybekkarane. Det var også hovudsakleg danskane framferd kong Håkon reagererte mot. Konflikten starta såleis med at danskane kapra lybske skip i dansk farvatn medan lybekkarane gjorde motåtak i form av herjingar i Aust-Danmark,<sup>118</sup> og det var altså i denne konfliktsituasjonen at norske handelsskip vart plyndra av både danskar og lybekkarar. Såleis vart Noreg og Lübeck trekte inn som motpartar i ein situasjon verken den norske kongemakta eller byrådet i Lübeck hadde full kontroll på.<sup>119</sup>

---

<sup>114</sup> Bjørge 1995: 63.

<sup>115</sup> Munch 1858 : 70-71.

<sup>116</sup> Paludan 1977: 497-498: Lübeck tok side med kong Eriks bror hertug Abel. Etter Erik vart drepen i august 1250 vart Lübeck lønna av kong Abel med blant anna utvida rettar på Skånemarknaden.

<sup>117</sup> HHS: kap. 256.

<sup>118</sup> Munch 1858: 70-71.

<sup>119</sup> Ersland 2000: 69.

Med dette som bakteppe skal vi no sjå på korleis desse to partane løyste konflikten og kva diplomatiske verkemiddel som kan trekkjast ut av denne prosessen.

### 3.4 Brevvekslinga 1247-1250

I det følgjande skal vi sjå på den diplomatiske kontakten mellom Noreg og Lübeck frå konflikten starta i 1247. Vi skal undersøke kva diplomatiske verkemiddel vi kan trekkje ut frå kontakten, og finne ei forklaring på kvifor og korleis freds- og handelsavtalen kom i stand i 1250. Om kong Håkons diplomatiske kontakt med Lübeck i forkant av avtalen har vi ikkje bevart eit stort tal kjelder, men gjennom teksten i dei vi har bevart, vert det referert til ein del brevkontakt mellom kongen og rådet i Lübeck, mellom kongen og keisar Fredrik II og mellom keisaren og rådet i Lübeck.

Det første brevet vi veit om er ikkje bevart, men nemnt i det neste.<sup>120</sup> Dette brevet er sendt frå byrådet i Lübeck til kong Håkon, ein gong i løpet av siste halvåret av 1247.<sup>121</sup> Gjennom teksten i det påfølgjande brevet frå kong Håkon til Lübeck, kan vi spora delar av innhaldet i det første brevet og kva verkemiddel som kan finnast i det. Det første er at byrådet unnskylda dei overgrepa som var gjort mot norske kjøpmenn. Lybekkarane skal så ha uttrykt at dei ønskte fred mellom byen og den norske kongen og undersåttane hans. Schreiner meinte også at lybekkarane hevda at det var den danske kongens menn som hadde angripe norske kjøpmenn i Austersjøen,<sup>122</sup> med andre ord at lybekkarane var uskyldige i saken. Dette kan vi ikkje vite sikkert ut frå Håkons svar til Lübeck. Det kong Håkon skriv er at *dersom* det var den danske kongens menn som plyndra norske kjøpmenn, eller gjorde dette i framtida, ville han ikkje føre saken mot Lübeck vidare.<sup>123</sup> Samtidig kom også lybekkarane med nokre klagemål og krav. Lybekkarane klaga fyrst over at nordmenn hadde rana skipet til ein lybsk kjøpmann kalla Bernhard som hadde lidt skipbrot nær Tønsberg. Deretter klaga dei over at dei ikkje lenger hadde same fridom i Noreg som kong Håkon før hadde gjeve dei. Dette er den første referansen til det tidlegare, bortkomne privilegiebrevet. Verkemidla vi kan trekkje

---

<sup>120</sup> RN I 803, nemnt i RN I 808.

<sup>121</sup> RN I 808 er registert av DN V 1 med den latinske originalteksten som er vorten omsett av P. A. Munch i Munch 1858: 72-73.

<sup>122</sup> Schreiner 1935: 20.

<sup>123</sup> DN V 1: "Si uero postea ab hominibus regis Dacie spoliarentur minime questionem vobiscum moueremus". Munchs omsetjing i Munch 1858: 72: "Dersom det kun var af den danske Konges Mænd, at de siden efter plyndredes, vilde vi ikke ulejlige eder med noget Spørgsmaal om den Sag".

ut frå det første bortkomne brevet er altså for det første at Lübeck var imøtekommande og tok kontakt med kong Håkon for å unnskyldde dei overgrepa som hadde skjedd mot norske kjøpmenn. Samtidig kan det sjåast ut som at lybekkarane sa frå seg skuld for hendingane. Lübeck har også uttrykt ønske om fred og gjenoppretting av handelen.

Kong Håkons svar til dette brevet er bevart i Lübecks arkiv og er datert til vinteren 1247-48, der han stadfestar mottakinga av det førre brevet. Det første Håkon gjer, er å kommentere unnskyldninga til lybekkarane. Sidan vi ikkje har bevart brevet frå Lübeck, kan vi ikkje vurdere korleis dei har uttrykt seg, men etter Håkons syn var unnskyldningane i alle fall utilstrekkelege. Han skriv at dei vakre orda og den høflege talemåten ikkje vog opp for den skaden som var gjort mot nordmennene, og at lybekkarane møtte klagemål med klagemål.<sup>124</sup> Han skriv vidare at han er interessert i fred med dei som viser det i handling og ikkje berre ord. Kong Håkon klaga så over at dei norske kjøpmennene, som segla med "fine varer" til Lübeck, vart plyndra av lybske menn og soldatar<sup>125</sup> i havområde som Lübeck hadde kontroll over og at lybekkarane verna røvarane i byen, i staden for å verne dei norske kjøpmennene.<sup>126</sup>

Trass klagemåla kongen hadde mot lybekkarane og den til tider krasse ordbruken, finn ein også verkemiddel som syner at kong Håkon var særst interessert i å få i stand ein fred og at handelen skulle takast opp att. Angående lybekkaranes klage på ranet av Bernhards gods, beklagar kong Håkon at det var blitt uvane i skipbrotstilfelle å plyndre skip, og han skriv i Munchs omsetjing at det "kunde kaldes en skammelig Misbrug, og som vi inderligt ønskede kunde overalt langs Kysten forandres til det bedre".<sup>127</sup> Schreiner har likevel påpeika at nordmennene ved dette høvet fylgde rett og sedvane.<sup>128</sup> Denne retten stammar frå kapittel 15 i Gulatingslovas Tingbodsfolk, der det står:

---

<sup>124</sup> DN V 1. "Literas vestras prolixis satis uerbis (verbis) et politis pro uobis (vobis) excusaciones multifarie petendentes et obiectiones obiectionibus proponentes recepimus".

<sup>125</sup> DN V 1. "a vestris hominibus et vestris guerrariis".

<sup>126</sup> DN V 1. "maris habentes custodiam".

<sup>127</sup> Munch 1858: 73.

<sup>128</sup> Schreiner 1935: 21.

”Alt det rak som rek i ålmenning, det eig kongen. No sigler folk frammed landet eller inn frå havet og forliser, då skal kvar ha det gods som han kallar sitt og har vitne for, kven det er som eig jordi det rek inn på. Alt anna havrak eig kongen.”<sup>129</sup>

Ein som leid skipbrot måtte altså ha vitne som kunne gå god for at han faktisk eigde godset. Ein moglegheit her er dermed at den lybske kjøpmannen Bernhard ved dette høvet ikkje hadde vitne til å bevise at godset var hans før nordmennene såg på vraket som herrelaust gods. Denne bestemminga stod uendra i Magnus Lagabøtes landslov frå 1274,<sup>130</sup> men i 1278 fekk lybekkarane lovleg vern av gods ved skipbrot gjennom Magnus Lagabøtes privilegiebrev til tysktalande kjøpmenn i Noreg. Blant fritak for tyskarar frå nattevakter og skipdrått, sikra også brevet at: ”alle tyskere som lider skipbruudd, fritt skal inneha de av sine eiendeler som de med Guds hjelp og sitt eget arbeid kan bevare og berge. Og ingen skal med frekk dristighet våge å bemektige seg disse eiendelene, før de av dem blir regnet for oppgitt.”

I tillegg vart det bestemt at personar som budde i nærleiken av eit skipbrott hadde plikt til å hjelpe til med berging mot kompensasjon.<sup>131</sup> Liknande vern av gods ved skipbrot fekk Skottland gjennom Perth-traktaten i 1266 og England i ein fredstraktat i 1269.<sup>132</sup>

Ifølgje dei norske lovene tilhørde altså Bernhards gods den norske kongen. I brevet til Lübeck skriv likevel kong Håkon at han for venskapens skuld hadde gjeve det meste av det stolne godset attende til Bernhard. Deretter setter kong Håkon vilkår om at dersom nordmennene får attende same fridommar og vern når dei seglar til Lübeck, ønskte han å gje lybekkarane same rettar attende som dei tidlegare hadde hatt. Spesielt her kjem det fram at det var viktig for kong Håkon å få i gang handelen. Kong Håkon skriv til og med eksplisitt at det var dyrtid i landet, og han ber derfor lybekkarane sende dei sedvanlege skipa med korn og malt til sommaren og tillet dei norske kjøpmennene å kjøpe frå desse. Han lovar deretter å la dei lybske kjøpmennene kjøpe det dei måtte ønske. Han ber til slutt lybekkarane om

---

<sup>129</sup> Gulatingslovi: s. 156.

<sup>130</sup> Magnus Lagabøters landslov: s. 180.

<sup>131</sup> NMD nr. 30: Privilegiebrev fra kong Magnus Håkonsson for tysktalande kjøpmenn i Norge (18. juli 1278), DN V 10. Privilegiebrevet er rekna å ha kome frå tyskaranes reaksjon på pliktene Magnus Lagabøtes bylov (1276) sette for utanlandske kjøpmenn. Jf. utgjevaranes kommentarar; NMD: s. 152.

<sup>132</sup> DN XIX 284.

ikkje å selje meir øl til dei norske kjøpmennene (enn dei trengte å drikke på reisa),<sup>133</sup> sidan dette ikkje gagna landet.<sup>134</sup>

Det neste brevet vi har bevart viser også at det å få i gang handelen og import av korn var det viktigaste målet til Håkon. Brevet viser til det han sendte den førre vinteren, og er dermed datert til sommaren 1248.<sup>135</sup> Det første vi får vite av dette brevet, er at lybekkarane ikkje hadde svara på kong Håkons førre brev. I forhåpning om at lybekkarane ønskte fred skriv Håkon at han hadde sendt norske kjøpmenn til Lübeck med varer som var naudsynte for lybekkarane. Han ber lybekkarane ta dei imot med venlegheit og ta dei under sitt vern, og han lover at lybske kjøpmenn i Noreg ville få same behandling. Han ber deretter lybekkarane tillate nordmennene å kjøpe korn, mjøl og bygg, sjølv om dei på denne tida nekta andre kjøpmenn å føre slike varer ut av byen. Dette kan tyde på at det på denne tida var kornmangel i andre område enn Noreg, også blant austersjøbyane.<sup>136</sup> Her ser vi altså tydelege verkemiddel frå Håkon i form av lovnadar om vern til kjøpmennene og at dei stod fritt til å kjøpe varer i Noreg. Det at han sendte norske skip utan svar frå lybekkarane viser også at det var naudsynt for kongen å få inn korn til landet. Kor dramatisk denne dyrtida var er vanskeleg å vite. Arnved Nedkvitne har kommentert at ordet *carista* i kjelda kan tyde både uår og dyrtid, og viser ikkje nødvendigvis til nokon hungersnød.<sup>137</sup> Importen av korn var likevel så viktig for fiskeprisen at stans av kornimport gjekk utover byborgarane i Bergen.<sup>138</sup>

## Innverknad frå Fredrik II

Då kong Håkon ikkje fekk svar frå lybekkarane samtidig som sjøruta moglegvis framleis var utrygg, forsøkte kong Håkon å få inn mekling frå Lübecks monarkiske overhovud Fredrik II. I sagaen får vi vite at kong Håkon sendte brev til keisaren ein gong i tida mellom konflikten starta i 1247 og til han fekk svar på våren 1250.<sup>139</sup> Innhaldet er kort referert i sagaen, der det står at kong Håkon klaga til Fredrik II over at norske kjøpmenn ikkje fekk segle i fred til Lübeck.

---

<sup>133</sup> DN V 1. "nisi quantum eis in itinere sufficiat ad bibendum".

<sup>134</sup> DN V 1/RN I 808.

<sup>135</sup> RN I 813. Trykt i DN V 2.

<sup>136</sup> Schreiner 1935: 22.

<sup>137</sup> DN V 1.

<sup>138</sup> Nedkvitne 2014: 565.

<sup>139</sup> RN I 822, nemnt i HHS: kap 275.

Ifølgje sagaen fekk kong Håkon svar frå keisaren "den sommeren kong Erik ble sveket",<sup>140</sup> altså sommaren 1250 då danske kong Erik Plogpenning vart drepen av broren Abel.<sup>141</sup> Her skriv keisaren at han har sendt brev til byrådet i Lübeck der han befalte dei å la norske kjøpmenn segle i fred til Lübeck.<sup>142</sup> I same brev, eller eit anna (sagaen skriv "brevene"), skriv også forfattaren av sagaen at keisaren ville "vise kong Håkon større ære enn noen annen høvding i Norderlanda, han ville gi han byen Lübeck så han fritt skulle være herre og høvding der".<sup>143</sup> Med andre ord tilbød Fredrik II å gi Håkon overherredømmet over Lübeck. Dette tilbudet reiser fleire interessante spørsmål. Munch antok at Fredrik II må ha nemnt dette tilbudet i brevet til byrådet til Lübeck<sup>144</sup> og dermed truga dei med å gi herredømmet over byen til kong Håkon. Dette førte så til at Lübeck svara på kong Håkons brev og deretter sendte eit følgje av sendemenn for å stille i stand fred med kong Håkon. Munch kommenterar til slutt at sjølv om tilbudet berre skulle vere eit press mot Lübeck, tok i alle fall kong Håkon det alvorlig.<sup>145</sup> Knut Helle har foreslått at tilbudet kunne vere ein rein presstaktikk mot Lübeck, men han skriv at det er uvisst, utan å kommentere det noko meir, sidan Fredrik IIs død gjorde at det ikkje vart noko av tilbudet.<sup>146</sup> Bjørgo har eit litt lengre perspektiv på saken og trekk fram eit interessant aspekt ved tilbudet. Kong Håkon og Fredrik II hadde på 1240-talet ein nær kontakt gjennom den tyskætta, men norske, sendemannen Henrik.<sup>147</sup> Tidlegare hadde det gått fleire sendebod med gåver mellom kong Håkon og Fredrik II som slik utvikla eit godt venskap.<sup>148</sup> Bjørgo tenkjer seg at på grunn av keisarens usikre stilling i Tyskland og Italia (han hadde sitt sete på Sicilia) vurderte han kong Håkon som ein alliert. For Håkon var forholdet viktig nett fordi Fredrik, sett bort frå at han var keisar i det største riket i Europa, hadde makt over austersjøbyane.<sup>149</sup> Bjørgo meiner vidare at Fredrik IIs tilbud til kong Håkon er eit tydeleg teikn på Håkons maktposisjon i Norden på denne tida, og at Håkon var eit

---

<sup>140</sup> HHS: kap 275. Utgjevarane av RN har datert brevet til våren 1250.

<sup>141</sup> Paludan 1977: 447.

<sup>142</sup> RN I 824.

<sup>143</sup> HHS: kap. 275 / RN I 827.

<sup>144</sup> RN I 824.

<sup>145</sup> Munch 1858: 74.

<sup>146</sup> Helle 1964: 97.

<sup>147</sup> Bjørgo 1995: 59. Henrik hadde passende nok tilnamnet "Sendemann".

<sup>148</sup> HHS: kap. 191.

<sup>149</sup> Bjørgo 1995: 59.

tiltenkt middel for å rette opp på kontrollen over austersjøbyane, slik Valdemar Siger hadde vore.<sup>150</sup> Med dette som bakgrunn er Fredriks tilbod til Håkon meir forståeleg.

Her ser vi at dei diplomatiske verkemidla som Håkon nytta for få eit godt forhold til keisar Fredrik II, kome til gode då det braut ut konflikt mellom Håkon og Lübeck. Desse verkemidla var regelmessig kontakt gjennom sendemenn og utveksling av gåver.<sup>151</sup> Blant desse gåvene var sannsynlegvis islandske jaktfalkar.<sup>152</sup> Sett i denne større samanhengen verkar det som formålet bak tilbodet var både press mot Lübeck og eit middel for Fredrik II til å få meir kontroll på dei nordlege delane av riket. Sett i samheng med Lübecks sending av følgjet som skulle ordne fred til Noreg etter Fredriks brev til Lübeck, ser trugselen om å sette kong Håkon som overherre over byen ut til å vere eit av dei viktigaste diplomatiske verkemidla som fekk fortgang på fredsprosessen. Fredrik II døydde før tilbodet vart fullbyrda og sidan han ikkje fekk nokon etterfølgjar på keisartrona med éin gong, døydde tilbodet med han.<sup>153</sup> Sjølv om Lübeck slik vart pressa til å late den norske kongen formulere ein fredstraktat etter "vår (kong Håkons) vilje og avgjørelse",<sup>154</sup> var det likevel ingen grunn for Lübeck til ikkje å ratifisere traktaten eller gå attende på den etter Fredrik IIs død, sidan traktaten ikkje sette noko ufordelaktig vilkår mot Lübeck.

### **Dei siste breva mellom kong Håkon og Lübeck**

Før traktaten kom i stand har vi bevart eit siste brev frå kong Håkon, der to brev frå Lübeck er nemnt. Etter at Fredrik II sendte brev til Lübeck med ordre om at nordmenn skulle segle på Lübeck i fred,<sup>155</sup> tok Lübeck altså opp att kontakten med kong Håkon. I desse breva skal dei ha unnskylda seg på nytt, og samtidig fråskrive seg skulda for skadar som var gjort mot nordmenn ved ein ukjend stad som i kjelda vert kalla Wisclemburch.<sup>156</sup> Vi veit ikkje meir om denne hendinga, men den er eit teikn på at handelsvegen framleis var utrygg. I Håkons svar bekreftar han mottakinga av dei to breva frå Lübeck.<sup>157</sup> Vidare godtek kong Håkon

---

<sup>150</sup> Bjørge 1995: 64.

<sup>151</sup> HHS: kap. 275.

<sup>152</sup> Behrmann 1996: 43-44.

<sup>153</sup> Fredrik II var den siste av Staufarane på keisartrona. Sonen Konrad døydde i 1254.

<sup>154</sup> NMD: s. 94.

<sup>155</sup> RN I 824.

<sup>156</sup> DN V 3.

<sup>157</sup> RN I 823 og RN I 825.

unnskyldningane frå Lübeck angående hendinga ved Wisclemburch og forsikra at det ikkje skulle hindre fredsslutninga som Lübeck hadde foreslått.<sup>158</sup>

Hendingane i etterkant av mottakinga av brevet frå Fredrik II tydar på at det var eit reelt tilbod i tillegg til eit pressmiddel mot Lübeck. I oktober 1250 vart traktaten utferda og sendt med Bjarne Moissesson til Lübeck.<sup>159</sup> Samtidig sendte kong Håkon sira Askatin og Åmunde Haraldsson til keisaren for å høyre meir om tilbodet. Før sendemennene til kong Håkon kom fram til keisaren fekk dei høyre i Venezia at han hadde døydd rett før jul og difor også tilbodet med han. Då dei kom attende hadde Bjarne Moissesson allereie vore i Lübeck med fredsavtalen.<sup>160</sup>

### 3.5 Freds- og handelsavtalen 1250

I denne delen skal vi sjå kva vilkår som kan trekkjast ut av freds- og handelsavtalen frå 1250 og i kor stor grad dei fungerte som verkemiddel til å avslutte konfliktsområda som hadde kome opp i brevvekslinga. Freds- og handelsavtalen vart utferda 6. oktober 1250 i Bergen og sendt til Lübeck den påfølgjande vinteren. Avtalen vart stadfesta frå norsk side med segla til både kong Håkon og Håkon Unge, som på denne tida var arvtakar til krona. Blant vitna er begge sonene, Håkon Unge og junker Magnus, biskopane av Bergen og Holar og andre stormenn. Bjarne Moissesson er nemnt som "nuncio nostro" sidan han vart sendt til Lübeck på vegne av kong Håkon for å få ratifisert avtalen der. Frå lybsk side kan ein lese at det lybske byrådet hadde sendt ei gruppe sendemenn leia av ein Johannes av Bardvic som "overlot alt det ovennevnte til vår vilje og avgjørelse".<sup>161</sup> Brev fra kong Håkon i åra 1247-1250 var, ifølgje regestane i *Regesta Norvegica* I nr. 808 og 813, adressert til "fogd, råd og kommune" i Lübeck.<sup>162</sup> I traktaten er derimot motparten formulert eksklusivt som byrådet i

---

<sup>158</sup> DN V 3.

<sup>159</sup> HHS: kap. 275.

<sup>160</sup> HHS: kap 275.

<sup>161</sup> NMD nr. 22.

<sup>162</sup> I den latinske originalteksten trykt i DN V 1: "Hacquinus..[..].Advocato consilio et comuni Lubicensis ciuitatis salutem in Christo". Likeins i DN V 2, medan det i DN V 3 er formulert som "consulibus et burgensibus de Lubic salutem et dilectionem", som utgjevarane av RN har omsett til "fogd, rådsherrer og borgere" (RN I 826).



Lübeck.<sup>163</sup> I den gjensidige freds- og handelsavtalen, slik den er transkribert og omsett i *Norske Middelalderdokumenter i utvalg* (1973) nr. 22, kan disse vilkåra trekkjast ut:

#### Forliksformulering og fredsslutning:

1) Partane vart forlikte og dei "uoverensstemmelser og klagemål" som hadde vore mellom partane vart lagt bort. Dette vil seie at partane forplikta seg til ikkje å krevje noko meir kompensasjon eller hemne dei skadane som dei var vortne påførte i åra 1247-1250. Å formulere ein gjensidig tilsidesetjing av klagemåla er traktatens fremste middel som ei fredsslutning.

#### Samarbeid

2) Begge partars borgarar og kjøpmenn skulle fritt kunne reise med varer til den andre, og begge partar syte for vern for desse reisandes person og eigedom. Avtalen opnar altså for uhindra handel for begge partar. Johan Schreiner har kommentert at dette vilkåret ikkje innebar likskap mellom partane og var uttrykk for ønsketenking frå den norske sida. Ut frå ei føresegn i Bylova frå 1276 hevda han at nordmenn i hovudsak haldt seg til dei gamle handelsvegane frå vikingtida.<sup>164</sup> Knut Helle har motvist dette med å vise til kjelder som vitnar om norsk deltaking i handelen på Austersjøen gjennom 1200-talet og eit stykke inn på 1300-talet.<sup>165</sup> Vilkåret er samtidig generelt, og innebar ikkje fritak frå toll og andre avgifter.

3) Partane forplikta kvarandre til å hjelpe den andres borgarar dersom dei vart utsett for åtak av fiendar.<sup>166</sup> Dersom den andres borgarar var til stades skulle dei yte hjelp etter evne. Det er liten grunn til å tvile på at fiendane som er meint her er danskane, som ifølgje sagaen stod bak mykje av usikkerheita på havet. Dette vilkåret syner at avtalen er meir enn ein freds- og handelsavtale og nærmar seg ein forsvarsallianse mellom Noreg og Lübeck. Erslund har likevel påpeikt at det ikkje er snakk om eit militært samarbeid utover gjensidig hjelp på sjøen.<sup>167</sup> Konflikten mellom det danske kongedømet og Lübeck var som kjent bakgrunnen for plyndringane som var gjort mot norske kjøpmenn i 1247. Denne konflikten vart likevel

---

<sup>163</sup> DN V 4. Sjå også Erslund 2000: 69.

<sup>164</sup> Schreiner 1935: 22. Magnus Lagabøtes Bylov (1276) IX: Farmannaloven kap. 6.

<sup>165</sup> Helle 1995: 365.

<sup>166</sup> NMD s. 95: "ab hostibus suis".

<sup>167</sup> Erslund 2000: 69.

avslutta rundt same tid. Kong Erik Plogpenning vart drepen i august 1250, og brorens hans Abel vart vald til konge. Lübeck hadde støtta Abel i konflikten med broren, og frå 1250 var dermed forholdet mellom det danske kongedømet og Lübeck betre.<sup>168</sup> Sjøvegen mellom Noreg og Lübeck kan likevel framleis ha vore utrygg. Eg har ikkje moglegheit til å drøfte den norsk-danske konflikten vidare her, men Narve Bjørgo har karakterisert dette avtalevilkåret som ein "tydeleg brodd" mot Danmark. Dei neste tiåra var det også viktig for det norske riksstyret å hindre dansk-lybske alliansar.<sup>169</sup> Samtidig vart norske flåtetokt mot Danmark i 1250-åra grunngeivne som forsøk på å setje ein stoppar for dansk plyndring av norske skip.<sup>170</sup> Sett i denne samanhengen vert dermed traktaten eit viktig middel for den norske kongen i den nordiske politikken.

#### Kompromiss og konsesjonar:

4) Det vart også bestemt at lybske kjøpmenn i Noreg skulle ha dei same privilegium og fridommar som dei tidlegare hadde vorte gjevne. Traktaten sette dermed ingen avgrensingar på den lybske handelsverksemda og opna ifølgje Knut Helle opp for utviding av lybsk handel på Noreg.<sup>171</sup> Dette var tydeleg eit middel frå kong Håkon for å oppfordre lybekkarane til å segle med kornvarer til Noreg, samtidig som det opna opp for den lybske ekspanderinga i handelen i Bergen.

#### Sikringar:

5) Ved brot på avtalen skulle ikkje dette føre til at avtalen vart oppheva, men enkeltpersonane som stod bak brota skulle straffast passande. Dette er eit vilkår som går igjen i til dømes Perth-traktaten, og som fungerte som eit middel for å sikre traktaten som ei fredsslutning. Det er ikkje spesifisert kven som skulle handheve dette vilkåret, og spesielt på sjøen kunne det vere eit vanskeleg spørsmål kven som hadde jurisdiksjonen.<sup>172</sup> Sjølv om, eller kanskje fordi, det ikkje står spesifikt kven som skulle handheve straff av personar som braut avtalen, kan det tenkast at dette spørsmålet var opplagt for motpartane. Difor trong

---

<sup>168</sup> Paludan 1977: 498.

<sup>169</sup> Bjørgo 1995: 64. Sjå også Bjørgo 1995: 65-70 for den nordiske politikken i 1250-åra og Ermland 2000: 69-71 for dei norsk-danske konfliktane på 1250-talet og kong Håkons bruk av militærmakt for å presse fram alliansar.

<sup>170</sup> Lorentzen 1974: 78.

<sup>171</sup> Helle 1995: 379 og 475-476.

<sup>172</sup> I DN V 1 klaga kong Håkon over at nordmenn hadde vorte rana i havområde der lybekkarane hadde jurisdiksjon.

det ikkje nokon spesifisering. Ei vag formulering kan også ha vore eit verkemiddel for å komme lettare til einigheit.

6) For å styrke avtalen vart den verna gjennom segla til kong Håkon og Håkon Unge. Det er også lista opp vitne frå begge partar.<sup>173</sup>

I desse enkeltvilkåra har vi sett kva middel som vart utforma i freds- og handelsavtalen for å avslutte konflikten og syte for handel og samarbeid mellom Noreg og Lübeck. Traktatens tydelegaste vilkår er å setje strek over dei konfliktsområda som hadde vore og sikre vern for handel mellom dei to partane. Partane skulle også yte hjelp til kvarandre på handelsvegen. Avtalen er likevel generelt og vagt formulert og til dømes problemet med strandingsrett vart ikkje løyst.

### 3.6 Konklusjon

I undersøkinga av konflikten mellom kong Håkon og Lübeck har eg identifisert ei rekkje verkemiddel som hadde varierende verknad på kvifor konflikten fekk ei fredeleg løysing gjennom freds- og handelsavtalen i 1250.

Når det gjeld fredsfremjande verkemiddel mellom dei to motpartane har vi sett lybekkarane kome med unnskyldningar og fråseiing av skuld. Begge partar uttrykte ønske om fred og kong Håkon sendte handelsskip til Lübeck som han meinte var nyttige for byen. Håkon sendte desse skipa då lybekkarane var seine med å svare på førespurnadane. Om den avventande haldninga var eit bevisst middel frå lybekkarane for å betre rettstillinga si i Noreg eller til dømes spekulering i høgare kornpris kan vi ikkje vite sikkert.<sup>174</sup> Det synast i alle fall som at keisar Fredriks inngrep fekk innverknad på forhandlingane. Kong Håkons personlege band til keisar Fredrik II vart dermed eit viktig verkemiddel som gjorde at keisaren var villig til å gje kong Håkon overherredøme over byen. Trusselen om ein nærare overherre kan ha pressa byrådet i Lübeck til raskare å inngå fred med kong Håkon.

---

<sup>173</sup> At avtalen også er verna av Håkon Unges segl kan tolkast som eit middel for å forlengje traktatens gyldigheit. Det er ein vanleg formulering i traktatar at den skulle gjelde til evig tid, noko vi også ser i Perth-traktaten. Det synast likevel å ha vore usikkert kor mykje ein konge kunne pålegge sine etterkommarar, og seinare privileg måtte som regel fornyast ved kvart tronskifte.

<sup>174</sup> T.d. Behrmann 1996: 36.

Freds- og handelsavtalen i 1250 sette ein strek over dei plyndringane som var skjedd i 1247, og desse kan vi ikkje sjå er vortne klaga over igjen etter 1250. Avtalen sikra gjensidig vern av handelsmenn mellom Noreg og Lübeck, men den var for upresis til å løyse alle konfliktsområde. Det mest tydelege er spørsmålet om skipbrot. Det einskilde tilfellet med plyndringa av Bernhards skip vart løyst med at kong Håkon sørgde for at han fekk delar av det stolne godset attende. Dette har eg tolka som eit fredsfremjande verkemiddel frå kong Håkon, nytta for å mjukne opp byrådet i Lübeck. Det generelle problemet om plyndring av skipbrot vart likevel fyrst løyst i Magnus Lagabøtes privilegiebrev til tyske kjøpmenn i 1278. Moglegvis hadde kongemakta også større kontroll langs austlandskysten no enn i 1247. Grunnane til at dei diplomatiske verkemidla vann fram i denne konflikten var for det første at omsynet til handel gjorde at begge partar var interesserte i å få stand ei rask fred. Kong Håkons venskapsforhold og brevveksling med Fredrik II ser også ut til å hatt viktig innverknad på at diplomatiet lukkast. Etter å ha motteke brev frå keisar Fredrik II sendte Lübeck eit følgje av sendemenn som skulle utferde fredsslutning med det norske riksstyret. Sjølv om avtalen var ein einssidig traktat utferda av den norske kongen inneheld avtalen vilkår som kan samanliknast med Perth-traktaten mellom Noreg og Skottland i 1266. Desse vil verte samanlikna i oppgåvas konklusjon, etter den følgjande undersøkinga av konflikten som leia fram til Perth-traktaten.

# 4 Suderøyane og Man - Perth-traktaten 1266

## 4.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg ta for meg konflikten mellom den norske og skotske kongen om herredømet over Suderøyane og Man og kva diplomatiske verkemiddel som vart nytta for å løyse denne konflikten og korleis partane gjekk fram for å få gjennom sine interesser. Denne langvarige konflikten vil verte delt opp i tre kronologiske delar: Første delen vil handle om tida fram til 1263 og kva verkemiddel dei to partane nytta angående herredømet over øyane. I den andre delen skal eg sjå kva diplomatiske verkemiddel partane nytta då konflikten eskalerte til valdelege konflikhtar i åra 1262-1263. I den tredje delen går konflikten over i ein ny fase då krigsekspedisjonen ebbar ut etter kong Håkons død vinteren 1263 og ein set i gang forhandlingane som leiar fram til traktaten inngått i Perth i Skottland 2. juli 1266. Grunnen til denne inndelinga er at det i desse tre periodane skjer viktige hendingar som har stor påverknad på korleis diplomatiet kunne verte og vart ført.

Som nemnt er konflikten rimeleg godt skildra i kjeldematerialet. Den mest omfattande kjelda som tek for seg konflikten, *Håkon Håkonssons saga*, vart skrive ned få år etter krigshandlingane i 1263 og har truleg fleire av deltakarane som kjelde til informasjon. Sagaen vart likevel ferdig før Perth-traktaten vart inngått i 1266, men i dei bevarte blada av *Magnus Lagabøtes saga* får vi vite om hendingar etter Håkon Håkonssons død og forhandlingane fram mot fredsavtalen. Vi har bevart nokre brev sendt mellom partane, men hovudmengda av informasjonen om forhandlingane finst i sagamaterialet og formuleringane mellom dei to partane er dermed formidla av eit mellomledd. Informasjon om diplomatiet og suderøyske forhold kan også finnast i delar av diplomaterialet og i britiske krøniker. Analysen vil hovudsakleg ha fokus på kva kjeldene kan fortelje om kommunikasjonen mellom dei norske og skotske kongane, samt inngrepa frå den engelske kongen Henrik III. Eg betraktar også dei norske og skotske konganes inngrep i maktforholda på Suderøyane og Man som middel i

konflikten, sidan vi ser øykongane fungere som viktige aktørar. Eg kan likevel ikkje gå i full detalj på suderøyske forhold av omsyn til oppgåvas omfang.<sup>175</sup>

## 4.2 Bakgrunn

Kjernen i konflikten låg i at den skotske kongen på 1200-talet byrja å utfordre det norske overherredømet på Suderøyane og Man. Kva tyder det at den norske kongen hadde *overherredøme* på øyane? Etter Randi Wærdahls definisjon kan overherredøme kort karakteriserast som eit *indirekte* herredømme. Det vil seie at ein fyrste hadde formelt eller territorielt herredøme over eit område, medan den direkte styringa var overlata til ein lokal vasall eller stadfortredar.<sup>176</sup>

Det norske overherredømet hadde si rot i norrøn busetnad på øyane i vikingtida. Namnet Suderøyane er eit norrønt ord som tyder dei "sørlege øyane" og kom av at desse øyane låg sørover når ein segla frå Noreg via dei nordlege øyane Hjaltland (Shetland) og Orknøyane. Frå gammalt av var innbyggjarane på øyane av gælisk opphav, medan det utover vikingtida og tidleg mellomalder etablerte seg folk av norrønt opphav. Etterkvart som norrøne folk slo seg ned på øyane frå 800-talet utvikla det seg ei blanding av gælisk og norrønt språk og kultur blant folka på øyane.<sup>177</sup> Øya Man som ligg lenger sør i Irskesjøen mellom Irland og England vart også rekna med i Suderøyane.

I 1079 vart Man erobra av Gudrød Crovan og dei manske kongane hevda å vere etterkommarar av Gudrød heilt fram til 1265. Etter Gudrød Crovans død i 1095 var det mykje konflikstar over trona på Man, som førte til den norske kongen Magnus Berrføtts krigsekspedisjon i 1098.<sup>178</sup> Magnus Berrføtts erobringar i 1098 leia ikkje til nokon varig stabilitet på Man. Grunna den store uroa i åra etter Magnus Berrføtt erobra Sumarlide

---

<sup>175</sup> For grundige framstillingar av Man og Suderøyanes historie sjå t.d. McDonald 1997 og 2007. Sjå også Crawford 2013 for jarledømet på Orknøyane og Caithness.

<sup>176</sup> Wærdahl 2006: 26. Ein svakheit med denne definisjonen er at den ikkje skil mellom det norske herredømet over Suderøyane og Man, og den administrative styringa av syssel i Noreg gjennom sysselmenn.

<sup>177</sup> Brown 2010: 69-70. Sjå også Andersen 1994: "Den norske innvandringen til Hebridene i vikingtida og den norrøne bosetningens senere skjebne" og Andersen 1995: "Nordisk innvandring, bosetning og samfunnsdannelse på Isle of Man i middelalderen. En sosialhistorisk studie".

<sup>178</sup> McDonald 1997: 34-35.


MacGillebrigte Man og Suderøyane i 1156-58.<sup>179</sup> På 1200-talet var makta på øyane delt mellom Gudrød Crovans etterkommarar på Man med delar av Suderøyane og Sumarlides etterkommarar på resten av Suderøyane samt delar av det vestlege skotske fastlandet. I tillegg til Man, regjerte også kongen av Man i 1260-åra over dei nordlege Suderøyane Skye og Lewis. Småkongane som stamma frå Sumarlide er delt opp i tre greiner etter to av sonene hans; MacDougall-, MacDonald- og MacRuairi-greinene.<sup>180</sup> I Argyll, på det skotske fastlandet, regjerte MacDougall-greina, som i åra 1240-1263 var leia Jon Dungadsson av Argyll.<sup>181</sup> Maktforholdet mellom Man-kongedømet og øyområda til Sumarlideætlingane på 1200-talet er enkelt framstilt i dette kartet:

---

<sup>179</sup> For vidare lesing om Gudrød Crovan og Sumarlide, sjå til dømes McDonald 1997, Beuermann 2007 og Brown 2010.

<sup>180</sup> Brown 2010: 70.

<sup>181</sup> Denne person er kalt Ewen eller Eogan i britiske kjelder og engelsk litteratur, men eg vil halde meg til namnet Jon som er nytta i *Håkon Håkonssons saga*.



Kart over Suderøyane og Man rundt år 1200. Argyll er kystområdet som ligg nordafor halvøya Kintyre. Etter McDonald 2007: 25.

Wærdahl skriv at den norske kongemakta hevda formelt herredøme over øyane frå avtalen som vart gjort mellom kong Magnus Berrføtt og den skotske kongen Edgar i 1098. Samtidig meiner ho at den norske kongen ikkje såg på innbygarane på øyane som direkte



undersåttar, på bakgrunn av at ferda i 1098 bærer preg av plyndringstokt.<sup>182</sup> Første gong ein mansk konge avla homagium til ein norsk konge er rekna for å vere i 1153 då Gudrød Olavsson reiste til Noreg og sa lenseid til Inge Haraldsson (1136-1161).<sup>183</sup> Etter Sumarlides død i 1164 overtok den manske kongen den sørlege delen av kongedømet, medan dei nordlege delane av Suderøyane vart delt mellom etterkommarane av Sumarlide, som periodevis låg i rivalisering med kvarandre.<sup>184</sup> Arne Odd Johnsen viste at inntektene den norske krona fekk frå Suderøyane og Man etter 1166 var ei føydalavgift, betalt av øykongane. Øyane som "skattland" innebar dermed ikkje at *befolkninga* på øyane skulda den norske kongen skattar eller avgifter.<sup>185</sup>

Kjeldene syner at det norske kongedømet viste liten interesse for å utøve direkte herredøme på øyane gjennom dette hundreåret. Grunnen til dette må delvist finnast i innbyrdesstridane som herja i landet, samt at det ikkje fantes nokon rival til det norske overherredømet. Dette endra seg på byrjinga av 1200-talet, då det skotske kongedømet hadde vore konsolidert til eit sameint, ekspanderande monarki.<sup>186</sup> På bakgrunn av skotsk press mot øyane på 1220-talet, byrja det norske kongedømet under Håkon Håkonsson å utøve ein meir aktiv politikk der. I 1244 mottok kong Håkon dei første sendemennene frå den skotske kongen Alexander II.

### **4.3 Diplomati og politisk spel om Suderøyane og Man før 1263**

På Suderøyane og Man var 1100-talet og tidleg 1200-tal urolege år, med mykje rivalisering intern strid. Samtidig teiar kjeldane om direkte kontakt mellom kongane i Suderøyane og kongane av Noreg mellom 1164 og 1209.<sup>187</sup> I 1209 fortel *Soga om baglarar og birkebeinarar* om norsk inngrep i dei suderøyske tilhøva, i form av eit vikingtokt ført av både birkebeinarar

---

<sup>182</sup> Wærdahl 2006: 65.

<sup>183</sup> Wærdahl 2006: 66. CRMI:

<sup>184</sup> McDonald 1999: 68-102, Wærdahl 2006: 66.

<sup>185</sup> Johnsen 1966: 18: Befolkninga på Suderøyane og Man var skattepliktige til sine kongar og til kyrkja, men ikkje til den norske kongen slik islendingane vart etter 1262-64. Også Bjørge 1972: 29.

<sup>186</sup> Wærdahl 2006: 67-68. Brown 2010: kap. 1-3 for utfyllande framstilling.

<sup>187</sup> Beuermann 2007: 131.

og baglarar. Året etter får vi vite at øykongane Gudrød og Ragnvald reiste til Noreg for å sverje truskap og betale skatt til kong Inge Bårdsson.<sup>188</sup>

På 1220-talet er det spesielt to trekk i utviklinga som er viktige for diplomatiet seinare. Det første er at kong Alexander II gjekk inn i Argyll, der Jon Dungadsson rådde, med ein hær. I kjeldene er det usikkert om dette skjedde i 1221 eller 1222, eller om det var ein ekspedisjon i begge åra.<sup>189</sup> Ved dette høvet styrka Alexander II makta si i Argyll og samtidig tyder kjeldene på at makta i Kintyre (halvøy vest for Islay) vart teken frå Roderick og gjeve til broren Donald av Islay (eller ein av Donalds soner), begge to barnebarn av Sumarlide.<sup>190</sup> Suderøyingane sendte i 1224 meldingar til kong Håkon om dei skotske offensivane på øyane, men kongen var for oppteken med indre tilhøve i Noreg desse åra til å gripe inn på Suderøyaner før det kom nye meldingar i 1228-29 at den skotske jarlen Alan av Galloway gjorde herjingar på øyane og blanda seg inn i uroa på Man.<sup>191</sup>

På Man var det uro på grunn av strid om krona mellom brødrane Ragnvald og Olav, som hadde vore rivalar sidan faren Gudrød Olavsson døydde i 1187 og Olav fekk kongsmakta.<sup>192</sup> I *Håkon Håkonssons saga* står det for sommaren 1229 at det vart meldt om ufred på Suderøyaner. Den skotske jarlen Alan av Galloway skal ha herja både på Suderøyaner og i Irland.<sup>193</sup> I *Man-krønika* står det at dette åttaket bestod av jarlen av Galloway og jarl Thomas av Athol saman med Ragnvald Gudrødsson, og at dei herja på den sørlege delen av Man, brende kyrkjer og drap og fanga mange menn.<sup>194</sup> Dersom dette stemmer har altså Ragnvald gått til skottane for hjelp med å vinne kongedømet på Man frå broren Olav. Jarl Alan skal også ha satt att futar på Man for å samle inn skatt, men dei vart drivne bort av Olav.<sup>195</sup> Då

---

<sup>188</sup> SBB = *Soga om baglarar og birkebeinarar*: kap 39-40.

<sup>189</sup> McDonald 1997: 84. McDonald meiner at det er sannsynleg at det kan dreie seg om éin ekspedisjon på hausten 1221 og éin tidleg på sommaren 1222.

<sup>190</sup> Cowan 1990: 114, Duncan & Brown 1956-7: 200. Desse hendingane er skildra i krønikene av Fordun og Wyntoun, og det er noko ueinigheit blant historikarar om validiteten til desse opplysningane. R. Andrew McDonald har likevel vist at dei ikkje bør forkastast, sjå McDonald 1997: s. 83-84 og note 52.

<sup>191</sup> Cowan 1990: 114.

<sup>192</sup> McDonald 2007: 29-32. Gudrød synast å ha peikt ut Olav som etterfølgjar, medan befolkninga på Man ønskte Ragnvald til konge. McDonald (2007) gir elles ei fylldig framstilling av Ragnvald Olavsson og det manske kongedømet i tida 1187-1229.

<sup>193</sup> HHS: kap. 163.

<sup>194</sup> CRMI: f.43v.

<sup>195</sup> CRMI: f.44r.

Ragnvald vart drepen på vinteren 1229 reiste Olav til Noreg,<sup>196</sup> ifølgje *Håkons Håkonssons saga* på grunnlag av at jarlen av Galloway planla å samle saman ein hær for nytt åtak på Man. På grunn av ufreden på øyane skal kong Håkon på våren 1230 ha samla ein hær i Bergen som Uspak frå Suderøyane skulle reise til dit med. Før dei kom av stad skal Olav ha kome til Bergen.<sup>197</sup> Ifølgje *Man-krønika* skal kong Håkon i tillegg ha utnemnt Uspak som konge over øyane.<sup>198</sup> Etter at både Uspak og Alan av Galloway døydde i løpet av 1230-talet, sette Alexander II i verk dei diplomatiske forsøka på å ta over herredømet på Suderøyane i 1244. Desse hendingane tyder på at Alexander IIs første verkemiddel for å få innflytelse på øyane var militære. Uroa både på Man og Suderøyane og i Noreg gjorde det mogleg for skottekongen å forsøke å ta kontroll over det norske maktområdet på øyane med militære verkemiddel, eller i alle fall delar av det. Då Alan av Galloway, Alexander IIs hovudaktør i desse framstøytta, døydde, forsøkte skottekongen diplomatiske verkemiddel i staden.

På Man sette kong Håkon i etterkant av hendingane på 1220- og 30-talet i gang tiltak for både å stabilisere tilhøva og sikre lojaliteten til Man-kongen. Sommaren 1248 avtalte kong Håkon med Harald Olavsson, kongen av Man, at Håkons dotter Cecilia skulle giftast med Harald.<sup>199</sup> Bakgrunnen var at Haralds far Olav Gudrødsson i 1235 hadde avlagt homagium til den engelske kongen. Han vart innkalla til Noreg av kong Håkon, men døydde før han fekk reist. I 1237 fekk den 14-årige Harald difor instruks om å komme til Noreg innan eit år for å sverje truskapseid til kong Håkon og betale skatt.<sup>200</sup> Då Harald ikkje innfridde dette sendte kong Håkon to tenestemenn kalla Gospatrick og Gillekrist til Man som tok over styringa av kongedømet og sendte Harald frå Man til Noreg. Dei samla også inn skatt for den norske kongen.<sup>201</sup>

Året etter, 1239, reiste Harald til kong Håkon, men fyrst i 1242 fekk Harald attende kongsnamnet og kunne byrje å styre på Man.<sup>202</sup> Harald vart igjen kalla til Noreg i 1246/47, då kong Håkon fekk vite at Harald hadde motteke herretittel frå den engelske kongen. Det er ved dette høvet kong Håkon forsøker å knytte kongen av Man til seg gjennom ekteskapet

---

<sup>196</sup> CRMI: f.44v.

<sup>197</sup> HHS: kap: 166.

<sup>198</sup> CRMI: f.44v.

<sup>199</sup> HHS: kap. 259.

<sup>200</sup> Beuermann 2007: 333.

<sup>201</sup> CRMI: f.45v.

<sup>202</sup> CRMI: f.46r.

mellom Harald og Cecilia og sikre seg meir langsiktig lojalitet. Denne alliansen fekk derimot ein brå slutt då skipet til Harald og Cecilia sank på veg til Man hausten 1248.<sup>203</sup> Kong Håkon var i Viken denne vinteren og fekk vite om hendinga der. Jon Dungadsson av Argyll opphaldt seg i Bergen på denne tida, og kong Håkon gav han kongsnamn og sendte han til øyane for å styre der til Håkon fekk satt inn fleire høvdingar.<sup>204</sup>

Dei viktigaste verkemidla i kong Håkons politikk på Suderøyane og Man fram til 1263 var å påverke maktforholda gjennom å gje kongsnamn til norskvenlege styrarar og, i eitt tilfelle, giftårmål mellom Håkons dotter og Man-kongen. Den enklaste måten å styre på var gjennom underordna kongar og høvdingar, men då desse anten døydde eller var illojale greip kongen direkte inn og sette inn anten nye kongsemne eller midlertidige styrarar. Samtidig måtte også kong Håkon demme opp for vaksande skotske inngrep på øyane.

## **Kong Håkon og Alexander II**

Det første skotske diplomatiske forsøket på å ta over øyane var i 1244 då Alexander II sendte to biskopar til kong Håkon for å høyre om han var villig til å gje frå seg herredømet over Suderøyane. Ifølgje skottekongens sendemenn hadde Magnus Berrføtt tatt øyane utan rett frå den skotske kongen Edgar.<sup>205</sup> Kong Håkon argumenterte imot og meinte at herredømet over Suderøyane var blitt bestemt på lovleg vis mellom Magnus Berrføtt og den skotske kongen, og at Magnus Berrføtt sjølv hadde sagt at Suderøyane høyrte til han gjennom arverett.<sup>206</sup> Allereie her er det viktige verkemiddel å trekkje ut frå denne vesle saganotisen. Ved dette tidlege tilfellet av diplomatiske samtalar mellom dei to partane ser vi begge sider nytte arverett og tidlegare avtalar som argument for deira rett til overherredøme på øyane. For å forstå kva som låg bak denne argumentasjonen skal vi no sjå på avtalen som skal vere gjort mellom Magnus Berrføtt og den skotske kongen Edgar. Dette vil også kunne belyse verkemidla nytta både i tidlegare konflikhtar om Suderøyane og Man samtidig med verkemidla på 1200-talet.

---

<sup>203</sup> HHS: kap. 261.

<sup>204</sup> HHS: kap. 264

<sup>205</sup> Sagaen seier det var Malcolm, men denne kongen var død i 1093, så det må difor stå feil namn i både HHS og Orknøyingenes saga, sidan Magnus Berrføtt gjorde toktet sitt i 1098-99. Den dåværande skottekongen heitte Edgar. Sjå HHS: s. 241 sidenote og t.d. McDonald 1997: 36.

<sup>206</sup> HHS: kap. 245.

Norrøn busetjing på vesterhavsoyane og den nordlege delen av Skottland kan som nemnt sporast attende til 800-talet. Hjaltland og Orknøyanane ligg i relativt kort avstand frå Noreg, og kunne i godt vær ta så lite som litt over eit døgn å segle til frå Hordalandsområdet.<sup>207</sup> Frå Orknøyanane kunne vikingane foreta plyndringstokter, men også busetje seg vidare sørover på Suderøyanane. Vi har kjelder på norske jarlar på Orknøyanane frå byrjinga av 900-talet, og Snorre skreiv at Harald Hårfagre sjølv gjorde erobringar på Orknøyanane og etablerte jarledømet der.<sup>208</sup> Det er usikkerheit rundt sanningsgraden til desse opplysningane, men vi veit at Snorre skreiv dei tidleg på 1200-talet og dermed var tilgjengelege for den norske kongen til propagandaformål. Moglegvis er det desse opplysningane forfattaren av *Håkon Håkonssons saga* nytta for å hevde at Magnus Berrføtt betrakta Suderøyanane som sine arveland.<sup>209</sup>

Magnus Berrføtt (konge 1093-1103) reiste ifølgje kjeldene i to krigstog til Vesterhavsoyane, i 1098-99 og 1102-03.<sup>210</sup> Magnus Berrføtts tokt gjekk først og fremst ut på å sikre overherredøme på Orknøyanane der to jarlar låg i strid med kvarandre, samtidig som han la under seg Suderøyanane og Man. Då Gudrød Crovan døyde i 1095 vart det mykje uro og strid om trona på Man mellom Gudrøds son Lagmann, ein nordmann kalla Ingemund og Donald MacTagd.<sup>211</sup> Det er anteke at Ingemund vart sendt av Magnus Berrføtt for å opprette orden, og då han vart drepen av suderøyingar, reiste Magnus sjølv i 1098 og herja i Suderøyanane for å rette opp att det norske kongedømet autoritet på øyanane.<sup>212</sup> På dette toktet reiste Magnus ifølgje *Orknøyingenes saga* vidare sør til Wales og kjempa nokre slag der, før han på attendereisa tok imot sendemenn frå skottekongen Edgar som tilbød han forlik ved å gi han "alle øyer vest for Skottland der en kunne fare mellom øya og fastlandet med styret i lag".<sup>213</sup> På bakgrunn av desse forteljingane argumenterte altså kong Håkon mot dei skotske sendemenne for korleis han hadde full rett til å ha overherredømet over Suderøyanane.

---

<sup>207</sup> Krag 2005: 36.

<sup>208</sup> *Saga om Harald Hårfagre*, s. 63, 67 og 69 i *Snorres kongesoger 1* (Hødnebo & Magerøy red. 1997).

<sup>209</sup> HHS: kap. 245.

<sup>210</sup> *Magnus Berrføtts saga* kap. 10-11 i *Snorres kongesoger 1* (Hødnebo & Magerøy red. 1997) og *Orknøyingenes saga* (Holtmark) s. 67-71. For fleire kjelder til Magnus Berrføtts ekspedisjonar, sjå Beuermann 2007: 29, note 18.

<sup>211</sup> McDonald 1997: 35.

<sup>212</sup> McDonald 1997: 34-35.

<sup>213</sup> *Orknøyingenes saga*: kap 41.

*Håkon Håkonssons saga* fortel vidare at dei skotske sendemennene då tilbød å kjøpe Suderøyane og spurte kong Håkon kor mykje han meinte øyane var verdt i brent sølv. Kong Håkon skal då ha svart ”at han ikke visste at han var i sånn øyeblikkelig nød for sølv at han trengte å selge land.”<sup>214</sup> Då argumentasjon om rett ikkje førte fram, vart altså Alexander IIs neste verkemiddel å tilby å betale for overføring av herredømet over øyane. På dette tidspunktet var derimot kong Håkon tydelegvis i ein posisjon som gjorde at omsynet til eit stort norsk rike stod over ein umiddelbar stor pengebetaling. Dei skotske sendemennene reiste etter dette, men til slutt i dette sagakapittelet får vi vite at kong Alexander II skal ha halde fram med å sende ”ordsendinger”<sup>215</sup> dei neste åra som fekk same svar som dei to biskopane. Verkemidla i denne første runda er altså sending av to biskopar, som argumenterte om rett og tilbød kjøp, men feila. Grunnen til at desse verkemidla feila må finnast i kong Håkons uvilje til å godta skottanes kompromiss om betaling for øyane, på bakgrunn av at han på denne tida ikkje såg nokon grunn til å gi frå seg overherredømet på øyane.

Kvifor var øyane så viktige for Alexander II? Michael Brown hevdar at det hadde samanheng med at Alexander II etter 1240 ikkje hadde meir landområde å tildele stormenn i det skotske riket, noko som raskt førte til rivalisering mellom stormenn og misnøye mot kongen. Ei openbar løysing på dette problemet var dermed å utvide landområdet han rådde over. Difor meiner Brown at det ikkje er tilfeldig at Alexander sendte bod til kong Håkon i 1244.<sup>216</sup> På denne tida skal også skottekongen gradvis ha økt innflytelsen sin innover i Argyll, som var halden av Jon Dungadsson som hadde fått kongsnamn av kong Håkon. Sidan Jon holdt sine fastlandsområde i len frå Alexander II var han dermed i eit vasalltilhøve til både den norske og skotske kongen. Motiva til dei skotske kongane gjaldt også den generelle utviklinga som kongedømet deira var i. På 1200-talet var det, likeins som det norske, i sterk utvikling mot ein sentralisert og institusjonalisert stat. Det var ifølgje Edward Cowan uforeinleg for det skotske kongedømet å ha naboar i vest som også utvikla seg mot å bli sterke sjølvstendige

---

<sup>214</sup> HHS: kap 245.

<sup>215</sup> Kan tyde anten skriftleg eller muntleg sendebod. Bjørge 1972: 42, note 1.

<sup>216</sup> Brown 2010: 43.

faktorar. Desse kunne i lengda i verste fall verte faremoment mot sjølve eksistensen til det skotske kongedømet.<sup>217</sup>

Alexander II sendte ifølgje sagaen nye sendemenn til Noreg sommaren 1249 for å forhøyre seg om kong Håkon var villig til å selje Suderøyane og Man, men denne sommaren sette skottekongen også i verk meir valdsame verkemiddel. I sagaen står det at Alexander II samla ein skotsk hær og hadde som mål å leggje under seg alle øyane som låg under den norske krona.<sup>218</sup> Skottekongen skal fyrst ha reist vestover for å tvinge Jon Dungadsson av Argyll under seg, og deretter samla saman ei flåte for å legge under øyane under seg.<sup>219</sup> Alexander II skal ha vore i samtalar med kong Jon og lova han land i Skottland om han ville gje opp øyane, men Jon skal ha nekta. Kong Alexander IIs flåte var ikkje komen lengre enn innsida av øya Kerrera då skottekongen vart sjuk og døydde 8. juli 1249,<sup>220</sup> noko som også enda dette skotske militære forsøket på å ta over Suderøyane. Skottane tok då sonen Alexander III til konge.

Det neste skotske diplomatiske forsøket kom i 1261 då kong Alexander III var vorten myndig og kunne ta over styringa av kongedømet. Kort tid etter han fekk kongsmakt tok han altså opp att farens line i ekspandering av kongedømet. Det sagaforfattaren skriv om dette sendebodet er at det var to menn; ein erkediakon og ein riddar som heitte Missel. Dette vart fyrst eit kort besøk og det står i sagaen at "de fór mer med fagre ord enn med troverdighet etter det kongen kunne forstå". Dei skal så ha reist så raskt at kong Håkon fekk dei henta attende og tvang dei til å verte i Noreg over vinteren "fordi de hadde dratt av sted uten tillatelse, og det kunne sendemenn ikke gjøre".<sup>221</sup> Riddaren Missel er nemnt som gjest under bryllaupet mellom Magnus og den danske Ingeborg, men sagaen fortel ikkje noko om vidare forhandlingar vedrørende Suderøyane eller når dei to sendemennene fekk reiseløyve. Alexander III ser ut til å ha sett særskilt alvorleg på arrestasjonen av sendemennene. Han klagar over dette til engelske kong Henrik III og moglegvis nytta han hendinga som påskot for åtaka

---

<sup>217</sup> Cowan 1990: 125.

<sup>218</sup> HHS: kap 265.

<sup>219</sup> Brown 2010: 43.

<sup>220</sup> Brown 2010: 43.

<sup>221</sup> HHS: kap. 307.

på Suderøyane året etter.<sup>222</sup> Denne hendinga synast dermed å ha hindra dei diplomatiske verkemidla, samtidig som den engelske kongens rolle som meklar kjem fram her.

### Henrik III's meklarrolle

Ein viktig tredjepart i konflikten mellom den skotske og norske kongen var Englands konge Henrik III, som for det første låg i geografisk nærleik og for det andre hadde nære relasjonar til begge partane. Henrik hadde gifta bort favorittdottera til Alexander III, og var dermed svigerfar hans, og i tillegg vore reell riksstyrar i Skottland fram til Alexander III vart myndig i 1258.<sup>223</sup> På den andre sida var Henrik III og Håkon Håkonsson om lag jamgamle og hadde lenge hatt eit godt forhold, med omfattande handelsrelasjonar og gåvegjeving mellom kongane.<sup>224</sup>

Forskarar er einige om at Henrik III før 1263 var interessert i å oppretthalde status quo på øyane, spesielt på Man, og at ein norsk overherre var føretrekt framfor ein nærare skotsk.<sup>225</sup> For den engelske kongen var Man spesielt viktig, sidan øya låg strategisk viktig til i Irskesjøen for engelske militære inngrep i Irland. I tillegg var Henrik oppteken av å hindre væpna konflikt på grunn av den indrepolitiske situasjonen i England. Maktforholda i England var frå 1258 i stadig endring på grunn av baronopprøret som byrja på grunn av Henrik III's pengelovningar til paven i hans strid mot hohenstaufarane. I 1258 måtte Henrik III gje frå seg stor makt til baronane gjennom Oxford-provisjonane.<sup>226</sup> Truleg på grunn av si svekka stilling sendte dermed Henrik III eit brev datert 14. mai 1259 der den engelske kongen sterkt råda svigersonen frå planar om å endre maktforholda på Man.<sup>227</sup>

Same dag sendte Henrik III også eit brev til kong Håkon.<sup>228</sup> I dette svarar kong Henrik III på eit brev frå kong Håkon der han skal ha bedt om ekteskap mellom Håkons eldste son og Henriks dotter Beatrice. Vi veit ikkje kor tid Håkons brev vart sendt, men sidan hans eldste son Håkon Unge var gift med Rikitsa Birgersdotter og døydde 1257 er det sannsynlegvis

---

<sup>222</sup> Bjørge 1972: 44 og 47.

<sup>223</sup> Bjørge 1995: 73.

<sup>224</sup> Eitt spesielt døme er når Håkon i 1252 gjev Henrik III seks falkar og ein isbjørn. RN I 860, 861 og 866.

<sup>225</sup> T.d. Bjørge 1995: 73, Beuermann 2007: 364-365.

<sup>226</sup> Imsen & Holmboe "Henrik 3 - av England" i *Store Norske Leksikon*. Oppdatert 19.12.2013 [https://snl.no/Henrik\_3%2Fav\_England]

<sup>227</sup> DN XIX 270.

<sup>228</sup> RN I 966 / DN XIX 269.



Magnus Håkonsson som her var meint. Henriks svar på dette var at Beatrice allereie var lova bort i samband med ein fredstraktat med Ludvig IX av Frankrike, men at den engelske kongen var interessert i at dei to kongane kunne inngå ekteskapsavtale med ein av Henriks andre slektningar. Sett i samanheng med at Alexander III var vorten gift med Henriks andre dotter Margaret i 1251 og nett var vorten myndig, meiner eg denne kjelda er eit tydeleg teikn på at kong Håkon ønskte å forsterke tilhøvet sitt til den engelske kongen, og kan tolkast som eit bevisst verkemiddel i maktspelet om Suderøyane og Man. Sidan Håkon ikkje fekk ordna ekteskapsalliansen med den engelske kongen, sette han sommaren etter i gang tiltak for å ordne ekteskap mellom Magnus og den danske kongens dotter, Ingeborg. Desse vart gifta og krona 14. september 1261.<sup>229</sup> Hadde derimot kong Håkon lykkast i å gifte Magnus med dottera til Henrik III ville situasjonen moglegvis ha vore annleis i 1264-1266.

På grunn av baronopprøret oppheldt Henrik III seg i Frankrike 16. juli til 18. desember 1262. Då han kom attende 20. desember, var baronopprøret brote ut i borgarkrig.<sup>230</sup> Trass sin prekære situasjon ser vi forsøk frå Henrik III på mekling i konflikten mellom den skotske og norske kongen. I ei tredelt brevveksling i mars 1262 klaga fyrst den skotske kongen til Henrik III over arrestasjonen og behandlinga av erkediakonen og riddaren Missel. Henrik III sendte deretter brev til kong Håkon der han bad kong Håkon setje dei fri. Henrik III sendte også eit brev til Alexander III om at han har gjort dette.<sup>231</sup> I eit seinare brev datert 15. november 1262 frå Henrik III til kong Håkon kjem det fram at Håkon hadde satt sendemennene fri og samtidig forsikra Henrik III at han ikkje hadde planar om å gå til krig mot Skottland.<sup>232</sup> Dette brevet sendte Henrik III frå sjukesenga i Frankrike, der han forsikra kong Håkon om at norskekongen skulle få kompensasjon for dei skotske herjingane på øyane som kong Håkon hadde fått brev om frå Suderøyane tidlegare på sommaren. Henrik III uttrykte også i dette brevet ønske om at øyane skulle framleis ligge under norsk overherredøme.<sup>233</sup> Sist på våren 1263 sendte kong Henrik III igjen brev til Alexander III der han fråråda svigersonen frå å halde fram dei militære tokta på øyane.<sup>234</sup>

---

<sup>229</sup> HHS: kap. 304 og 310.

<sup>230</sup> Bjørgo 1972: 49.

<sup>231</sup> RN I 991 og 992. Sjå også Bjørgo 1972: 44, med note 1 og 2.

<sup>232</sup> RN I 1002, nemnt i RN I 1003/DN XIX 272.

<sup>233</sup> RN I 1003/DN XIX 272. Opphavssituasjonen til brevet skildra i Bjørgo 1995: 73.

<sup>234</sup> RN I 1008.

Trass desse forsøka frå Henrik III på mekling, hindra den politiske situasjonen i 1262-1263 den engelske kongen frå å setje reelle tiltak bak sine oppfordringar og frårådingar. Verkemidla var kort summert verknadslause.

## 4.4 Leidangsutbodet 1263

”All war represents a failure of diplomacy” sa den britiske politikaren Tony Benn i House of Commons ved slutninga av Golfkrigen 28. februar 1991.<sup>235</sup> Denne utsegna er også gyldig for hendingane i 1262-1263. Skottekongen var bestemt på å innlemme Suderøyane under sin jurisdiksjon, medan kong Håkon var totalt uvillig til å seie frå seg overherredømet. Det mangla også ein sterk tredjepart som hadde moglegheit til å mekle eller presse fram ei løysing. Sidan diplomatiet av desse grunnane feila sette partane i gang med militære verkemiddel.<sup>236</sup>

I løpet av hausten 1263 er det ein del typar verkemiddel som eg skal trekkje ut i det følgjande.<sup>237</sup> For det første skal eg sjå på kva verkemiddel dei to partane nytta seg i mellom for å avslutte krigstilstanden og komme fram til ei løysing på konflikten. For det andre skal eg sjå på korleis tilhøvet til øykongane påverka makttilhøva. Til slutt skal eg sjå på korleis dei militære verkemidla endra situasjonen mot siste runda av forhandlingar etter kong Håkons død.

Ifølgje den informasjonen vi har frå *Håkon Håkonssons saga* starta dei militære verkemidla med at jarlen av Ross og andre skotske stormenn gjorde herjingar på øya Skye. Der brann dei ifølgje sagaen gardar og kyrkjer og drap menn, kvinner og småbarn.<sup>238</sup> Måten skottane skal ha drepe småbarna på, ved å ha ”lagt dem på spydoddene og skaket dem til de seig ned på hendene på dem, og så kastet dem døde fra seg”, var ein makaber metode som vert assosiert med vikingar.<sup>239</sup> Dersom desse opplysningane frå breva Håkon fekk sommaren

---

<sup>235</sup> [http://en.wikiquote.org/wiki/Tony\\_Benn](http://en.wikiquote.org/wiki/Tony_Benn) [23.08.14]

<sup>236</sup> På det ideologiske planet måtte krigføring mellom kristne kongedøme i mellomalderen rettferdiggjeras som forsvarskrig utfrå Augustins lære om rettferdig krig (sjå t.d. Ersland 2000: 18-19.) Dette problemfeltet kan eg ikkje sjå eksplisitt ha vore eit tema i kjeldene. Det kan likevel sjå ut som at begge sider har betrakta krigføringa som forsvar.

<sup>237</sup> For detaljerte framstillingar av hendingsgangen, sjå HHS: kap. 314-331 og Munch 1858: s. 393-424.

<sup>238</sup> RN I 1000, nemnt i HHS: kap 314.

<sup>239</sup> McDonald 1997: 106. Cowan 1990: 130 note 70. Cowan kallar metoden "the sport of *gallcerd*".

1262 er sanne,<sup>240</sup> verkar det som ekstreme verkemiddel frå skottane.<sup>241</sup> Meir sannsynleg er dette krigspropaganda frå den norske sida, nytta for å rettferdiggjere leidangsbodet i etterkant. At skottane gjorde herjingar på Skye, som hørde under kong Magnus Olavsson av Man, er likevel ingen grunn til å tvile på.

Då kong Håkon fekk breva om herjingar var det ifølgje sagaen fyrst diskusjon mellom kong Håkon og rådgjevarane hans om kva ein skulle gjere. Resultatet vart at det vart bydd ut leidang etter jul som skulle samlast i Bergen tidleg på sommaren 1263.<sup>242</sup> At kong Håkon valde å svare militære verkemiddel med militære verkemiddel har fleire grunnar. For det første hadde kong Håkon og rådgjevarane lang erfaring med å nytte trussel om maktbruk som eit militært verkemiddel. I dei tolv nordiske kongemøta vi kjenner til i perioden 1248-1263 samla kong Håkon store leidangsstyrkar som eit diplomatisk pressmiddel i samtalar med dei andre nordiske fyrstane. I 1256 vart også truslane som låg bak bruk av stemneleidang satt i verk i form av herjingar i Halland.<sup>243</sup>

Med desse erfaringane i bakhovudet er det tydeleg at Håkons innkalling av stor leidang var tenkt å nyttast som eit eige verkemiddel i form av avskrekking retta mot skottane. Leidangsbodet som vart sendt mot Skottland kan likevel ikkje kallast ein stemneleidang, sidan formålet også var ein åtakskrig mot Skottland for å hemne skottanes herjingar på øyane. Det at det gjekk ein stor leidangsstyrke heile vegen til Suderøyane kan også vise at det var ei oppfatning om at Suderøyane og befolkninga her hørte til Noreg og at det var den norske kongens oppgåve å forsvare dei. Kopla til dette kan også omsyn til omdøme ha spelt inn; skottanes åtak på Suderøyane var ei krenking mot den norske kongen og hans herredøme på øyane. Også skotske Cowan meiner at det er openbart at suderøyingane var sett på som "part of the fabric of the Norwegian *natio*."<sup>244</sup> Difor kunne også leidangsbodet forsvarast ut frå lova, som sa at leidangen ikkje skulle gå lengre enn landsenden.<sup>245</sup> På den andre sida ser vi mot slutten av 1263 at kongen og rådgjevarane sleit med leiinga av

---

<sup>240</sup> HHS: kap. 314.

<sup>241</sup> I McDonald (1997) kommenterer forfattern kort om den usikre historisiteten til HHS i innleiinga, men gjer her inga enkeltvurdering av opplysninga, og kommenterar kun ironien i at skottane nytta seg av metodar assosiert med vikingar. McDonald 1997: 5 og 106.

<sup>242</sup> HHS: kap 314.

<sup>243</sup> Bjørge 1995: 57-58 og 66.

<sup>244</sup> Cowan 1990: 108.

<sup>245</sup> *Gulatingsslovi* - Innleiinga til Utgjerdsbolken s. 267: "Kongen skal råda for bod og for bann og for utferdingane våre. Me skal ikkje nekta han leidang til landsenden, når han byd ut for di han treng det og til gagn for oss."

leidangen; leidangsfolket murra og mange gav til slutt seg sjølve heimlov.<sup>246</sup> Geir Atle Erslund meiner at bøndenes argumentasjon for å segle frå Suderøyane til Orknøyane etter trefningane ved Largs 2. oktober var at Suderøyane utan tvil låg *utanfor* landsenden.<sup>247</sup> Lovverket for leidangen kan såleis ha skapa problem for det norske forsvaret av overherredømet på Suderøyane og Man. Ein viktig argumentasjon og årsaksforklaring for leidangsutbodet var også sannsynlegvis å forsvare Orknøyane frå skotsk overtaking.

### **Problemet med dobbel vasallitet**

Under krigsekspedisjonen i 1263 var det spesielt viktig for begge partar å sikre lojaliteten til øykongane. Spesielt gjaldt det for kongane som også sat med land på skotsk fastland, og hadde dobbel vasallitet til kongar som no var i krig. Trass skottanes herjingar ser vi kong Håkon utøve makt over store delar av øyområda. Etter norske herjingar i nærleiken av Deerness på Caithness, møtte Håkons menn kong Magnus av Man, som var med i hæren til Håkon gjennom heile krigsekspedisjonen.<sup>248</sup> Vi får vite i sagaen at kong Håkon 5. august fekk beskjed om at kong Jon Dungadsson hadde brote truskapsløfte til Håkon og sverja truskap til Alexander III i staden.<sup>249</sup> Skal vi tru opplysningane i sagaen hadde Alexander III vunne kong Jons lojalitet gjennom å tilby han større landområde enn kong Håkon hadde gjeve ham, og då kong Håkon møtte han på øya Gigha, sa øykongen frå seg riket kong Håkon hadde gjeve han.<sup>250</sup> Tidleg mista altså kong Håkon ein av sine viktigaste vasallar på Suderøyane.

Jarlen av Orknøyane, Magnus Gilbertsson, stod også i ein prekær situasjon då det braut ut krigstilstandar mellom det norske og skotske kongedømet i 1262-63. Som norsk jarl var Magnus plikta til å yte den norske kongen militære ytingar når kongen bad om det.<sup>251</sup> Sannsynlegvis skulle han også syte for vern av Suderøyane og Man for den norske kongen. Magnus var likevel også skotsk jarl, sidan han heldt Caithness frå den skotske kongen.<sup>252</sup> Jarl Magnus var i Noreg då leidangsutbodet reiste mot øyane, men vart att på Orknøyane då resten av leidangen segla sørover. Han skulle komme etter med styrkar, men dukka aldri

---

<sup>246</sup> HHS: kap. 328.

<sup>247</sup> Erslund 2000: 75.

<sup>248</sup> HHS: kap 318.

<sup>249</sup> HHS: kap. 319.

<sup>250</sup> HHS: kap. 320.

<sup>251</sup> Hirdskråen: s. 85.

<sup>252</sup> Sjå t.d. Crawford 2010: 75-82.

opp.<sup>253</sup> Jarlen nemnast heller ikkje i sagaen då leidangsflåten returnerte til Orknøyane etter trefningane ved Largs 2. oktober. Historikarar har vore ueinige om jarl Magnus braut truskapsløftet sitt til kong Håkon i 1263 eller om fråveret var ein godtatt form for nøytralitet medan jarlens to overherrar låg i krig. Randi Wærdahl skreiv i si doktoravhandling at fråveret i 1263, jarlens opphald i Skottland på 1260-talet og forliket mellom jarlen og kong Magnus Håkonsson i 1267<sup>254</sup> støttar oppfatninga om at jarlens fråver var eit "alvorlig utroskap" mot kong Håkon.<sup>255</sup> Barbara Crawford har derimot nyleg argumentert for at jarlen kan ha vorte tvungen til å halde seg utanfor konflikten av kong Alexander III. Crawford viser for det første til Alexanders førebuingar i 1262 der han tok gissel frå Caithness og bøtela jarlen. Skottekongen sette også inn andre jarlar for å syte for styringa i Caithness. I åra 1264-65 ser ein også Alexander III bøteleggje innbyggjarane der.<sup>256</sup> I fare for å miste begge jarledøma sine måtte dermed jarl Magnus unngå å delta i konflikten. Crawford skriv vidare at det raske forliket i 1267 mellom jarl Magnus og kong Magnus etter Perth-traktaten året før, visar at jarl Magnus kan ha vorte tvungen til nøytralitet. Moglegvis er jarlen til og med vorten fengsla av den skotske kongen.<sup>257</sup> Vi kan ikkje vite sikkert alle grunnane bak forsvinninga til jarl Magnus fram til 1267, men det kan i alle fall synast som at kong Alexander III lukkast i å manøvrere vekk to av kong Håkons viktigaste allierte, jarl Magnus Gilbertsson og kong Jon Dungadsson.

### **Forsøk på forlik seinsommar 1263**

Då kong Håkon låg ved øya Arran står det i sagaen at det kom predikebrør og barfotmunkar (fransiskanarar eller minorittar) sendt av kong Alexander III til kong Håkon for å ordne forlik mellom dei. Håkon gav då kong Jon Dungadsson lov til å reise for å prøve å få i stand eit forlik. Det verkar likevel ikkje som kong Jon skulle fungere som kong Håkons sendemann, for etter han var reist sendte Håkon eigne sendebod.<sup>258</sup> Kong Jons rolle var nok heller at han skulle påverke opinionen hjå Alexander III, og fungere som ein slags, for å nytte eit moderne uttrykk, lobbyist. Jon lovde i alle fall Håkon ifølgje sagaen å forsøke å stelle i stand eit forlik.

---

<sup>253</sup> HHS: kap. 319.

<sup>254</sup> RN II 57. Nemnt i Hirdskråen s. 81.

<sup>255</sup> Wærdahl 2006: 90.

<sup>256</sup> Crawford 2013: 299-301

<sup>257</sup> Crawford 2013: 304-306.

<sup>258</sup> HHS: kap 322.

Sagaen gjev inntrykk av at dette forlikssendebodet var relativt stort, og formennene som vert nemnt er Gilbert (biskopen av Hamar, tidlegare erkediakon på Hjaltland), Henrik (biskopen av Orknøyane), Andres Nikolasson, Andres Plytt og Pål Sur. Dei tre siste var alle lendmenn. Forliksmøtet mellom sendebodet og Alexander III skjedde i kjøpstaden Ayr, på kysten på fastlandssida i Firth of Clyde. Her skal Alexander ha vore positiv til eit forlik, og skulle halde eit råd og deretter sende menn til kong Håkon, noko som vart gjort dagen etter.<sup>259</sup> Den viktigaste saka som skilte dei to kongane i forhandlingane som vart førte mellom kong Håkon og Alexander IIIs sendemenn var spørsmålet om kven som skulle ha krav på kva øyar. Det einaste vi får vite om kong Håkons krav er at han "hadde latt skrive opp alle dei øyene som han gjorde krav på vest for Skottland",<sup>260</sup> medan den skotske kongen la fram dei øyane han "ikke ville gi fra seg", som var Bute, Arran og dei to øyane Store og Lille Cumbray, alle saman i Firth of Clyde.<sup>261</sup> Ifølgje sagaforfattaren skal skottekongen så ha teke råd om å trekkje ut forhandlingane, og dermed våpenkvila, medan dei venta på at vêret skulle forverre seg, og dermed gjere det vanskelegare for dei norske skipa. Denne framstillinga av eit taktisk lurespel frå skottane kan vere farga av at sagaforfattaren visste at hauststormane skulle komme til å valde mykje skade på dei norske skipa til fordel for skottane. Eg trur likevel at det vil vere å undervurdere skottanes taktiske evner dersom vi tek frå dei dette bevisste verkemiddelet om å dra ut tida til deira posisjon skulle betre seg. Skottane var nok fullt klar over at hauststormane var på veg, og visste at det kom til å skape problem for dei norske styrkane. Slik vart det til at det ikkje vart avtalt noko forlik ved dette høvet eller på eit nytt forliksmøte kort tid etter. På dette tidspunktet hadde proviantane til den norske hæren byrja å minke, og kong Håkon vart oppmoda av sine eigne menn om å avslutte våpenkvila, slik at ein kunne få nye forsyningar gjennom plyndring.<sup>262</sup>

### **Largs og kong Håkons død på Orknøyane 15. desember**

Direkte trefning mellom norske og skotske styrkar skjedde berre éin gong gjennom heile krigsekspedisjonen i 1263, ved hendinga som er vorten kalla *slaget ved Largs*. I tradisjonell historieskriving er ofte desse trefningane mellom norske og skotske styrkar gjevne stor

---

<sup>259</sup> HHS: kap 322.

<sup>260</sup> RN I 1010.

<sup>261</sup> HHS: kap 322.

<sup>262</sup> HHS: kap. 323.

betydning for utfallet av konflikten som ein stor siger for skottane. Dette synet er i dag moderert av både norske og skotske historikarar, og om trefningane ved Largs kan kallast eit slag, var utfallet i alle fall resultatlaust. Trefningane kom som eit resultat av at stormane hadde drive fleire norske skip på land saman med ei kogge med gods som både nordmennene og skottane ønskte.<sup>263</sup> Medan nordmennene på land tok gods ut av kogga, såg dei den skotske hæren oppe på ei høgde. Augevitne skal ha meint at det var om lag 1000 nordmenn på land på dette tidspunktet. Den skotske hæren bestod av ein del godt utrusta riddarar på hest og eit stort tal fotsoldatar i tillegg. På grunn av stormen skal ikkje kong Håkon ha hatt moglegheit til å sette resten av hæren i land, og etter ein del trefningar mellom dei norske og skotske styrkane med nokre falne på kvar side, fekk nordmennene på land rodd seg ut til skipa.<sup>264</sup> Etter desse trefningane returnerte dei norske flåtestyrkane til Orknøyane.

## England og Irland

Trass forsøk på mekling hadde kong Henrik III ikkje hatt moglegheit til å påverke verken den skotske eller norske kongen etter utbrotet av krigstilstanden. Frå hausten 1263 har vi ikkje bevart noko kontakt mellom kong Håkon og Henrik III. Dette har sannsynlegvis grunn i at baronen Simon Montfort herja i sør-England på denne tida og at Henrik III var oppteken på heimebane.<sup>265</sup>

Då kong Håkon kom til Suderøyane skal det ha kome sendebod til han frå Irland. Dei irske hamnebyane låg på denne tida under engelsk herredøme, og tilbaud å "gi seg under ham",<sup>266</sup> noko som tyder at dei ønskte den norske kongen som overherre framfor den engelske. Sannsynligvis låg dette ønsket i at den norske kongemakta under normale tilhøve låg lenger borte og kunne utøve mindre kontroll enn den nærare engelske kongen. Som svar på dette sendte kong Håkon ein suderøying som sendebod for å forhøyre seg om vilkåra.<sup>267</sup> Sendebodet kom attende då kong Håkon låg ved Lamlash, i nærleiken av Arran nokre dagar

---

<sup>263</sup> HHS: kap. 325-326.

<sup>264</sup> HHS: kap. 326.

<sup>265</sup> Beuermann 2007: 364.

<sup>266</sup> HHS: kap 322.

<sup>267</sup> Utgjevarane av HHS trur "irene" det er snakk om var norrøne etterkommarar i kystbyane Dublin, Waterford, Cork og Limerick. Desse byane hadde låge under engelsk herredøme sidan midt på 1100-talet, jf. HHS s. 325 sidenote.

etter hendingane ved Largs. Tilbodet til irane var at dei ville la nordmennene overvintre og fø heile hæren dersom kong Håkon ville fri dei frå engelskmennene. Ifølgje sagaforfattaren skal kong Håkon å ha ønska å ta imot tilbodet frå irane om å overvintre der, men dette vart hindra av at styrkane hans sette seg i mot å overvintre i framandt land. Håkon gav difor folket løyve til å segle nordover.<sup>268</sup> Her hindra altså nordmennene sjølve at innverknad frå ein tredjepart kunne påverke stillinga deira i konflikten.

Kort oppsummert gjekk det reine militære aspektet i åra 1262-63 ut på herjingar på øyane utført av både skottar og nordmenn samt trefningar mellom norske og skotske styrkar på og rundt strandsona ved Largs 2. oktober 1263. "Slaget" ved Largs vil eg seie hadde liten betydning for den heilskaplege diplomatiske prosessen, og det avgjerande vendepunktet var kong Håkons død 15. desember, då fråværet av kongen som samlande person løyste opp restane av leidangshæren. Det synte seg dette året at Suderøyane og Man var for langt unna til at den norske kongen kunne forsvare overherredømet sitt her mot eit mykje meir nærliggande skotsk kongedøme.

Slik vi kan lese ut frå forhandlingane som skjer mellom kongane undervegs i dette halvåret er det tydeleg at skottane også var fullt klar over dette, og difor halte ut forhandlingane for å vere i ein betre situasjon då det norske militære pressmiddelet stod svakare. Alexander III lykkast altså med sine militære verkemiddel i 1263, og kunne dei følgjande åra endre den politiske realiteten på øyane for å konsolidere posisjonen sin i dei påfølgjande diplomatiske forhandlingane. Hausten 1264 hadde også vist at den norske leidangsflåten berre var i stand til å forsvare Suderøyane og Man mot skotsk overtak så lenge den var i området, ein viktig lærdom for begge partane.

## 4.5 Forhandlingar etter 1263

I denne delen skal eg undersøke kva diplomatiske verkemiddel som vart nytta i fredsforhandlingane etter kong Håkons død i desember 1263 då størsteparten av dei norske leidangsstyrkane var reist heim til Noreg. Frå våren 1264 til fredstraktaten vart utferda 2. juli 1266 kan vi spore fleire forhandlingsrundar både i Noreg og i Skottland.

---

<sup>268</sup> HHS kap: 324.



Korleis var den diplomatiske situasjonen endra av krigstoget? Sjølv om ein ikkje kan peike ut ein klar vinnar eller tapar, hadde likevel krigshalvåret vist at den norske leidangsflåten var lite eigna til å forsvare Suderøyane og Man på permanent basis. I åtakskrig mot skottane hadde den vist seg som "kolossen på leirføter", som Bjørgo formulerte det.<sup>269</sup> Sannsynlegvis hadde det også opparbeida seg ei fiendtleg haldning mot nordmennene i det skotske riksstyret. Håkons død og oppløysinga av leidangsflåten gjorde også at skottane no hadde moglegheit til å føre ny overtakingspolitikk på øyane, medan nordmennene drøfta om dei skulle ta opp att aksjonslina.

### **Forhandlingsrundane 1264-1266**

Første bladet vi har bevart av *Magnus Lagabøtes saga* skildrar tida kort etter kong Håkons død, og tidleg får vi høyre at dei lendmennene<sup>270</sup> og ombodsmennene som var på Orknøyane sendte Henrik, biskopen av Orknøyane, og sira Askatin til Skottland ein gong på våren etter Håkon døydde, altså i 1264. Målet var å "få vite om det kunne bli fred mellom landene".<sup>271</sup> Askatin hadde god kjennskap til konflikten, medan Henrik, som biskop på Orknøyane, hadde god kjennskap til det skotske riksstyret. Askatin og Henrik skal ha fått ei særskilt kjølign mottaking hjå Alexander III. Sagaen fortel at skottane klaga på at nordmennene hadde "brent og herjet mer enn tredjeparten av Skottland" og biskop Henrik og Askatin skal ha vorte trua med drap og fengsling.

Å komme med slike truslar mot sendemenn var ganske alvorleg, sidan sendemenn normalt sett hadde ekstra rettsvern og diplomatisk immunitet.<sup>272</sup> På den andre sida er det rimeleg å tenkje at det så tidleg etter krigshandlingane låg ein del bitterheit i sinnet til Alexander III. Eit anna moment er legitimiteten til sendebodet. Kong Håkon var som kjent død ved dette høvet og Henrik og Askatin var tvilsamt utstyrt med gyldige akkreditiv. Sjølv om den norske trona umiddelbart hadde gått til Håkons son Magnus, hadde likevel ikkje dette sendebodet mandat til å slutte nokon avtale med skottekongen. Med andre ord var biskop Henrik og Askatins møte hjå skottekongen meir ei sondering enn eit forsøk på forhandlingar.

---

<sup>269</sup> Bjørgo 1995: 76.

<sup>270</sup> I MLS: s. 351 er lendmennene omtalt som baronar. Dette er ein tittel på lendmenn som vart teken i bruk i Noreg frå 1277, og handskriftet må difor stamme frå etter dette året.

<sup>271</sup> MLS: s. 351.

<sup>272</sup> Bjørgo 1995: 55.

Formålet frå nordmennene med sendebodet kan dermed for det første ha vore å lodde stemninga blant skottane, som altså ikkje var god. Eit andre punkt Bjørgo har peikt på er at igangsetting av ny forhandlingsgang også var eit middel for å kjøpe tid til å konsultere kong Magnus i Noreg.<sup>273</sup> I dette første møtet synast det dermed til å vere få verkemiddel som har bidrege særleg til konfliktløysinga. Ifølgje Bjørgo stod Alexander III sannsynlegvis på same krav som under forlikdiskusjonane i 1263; norsk avståing av Bute, Arran og Cumbrae-øyane. Blant nordmennene fantes det også ei kjerne som stod fast på ikkje å godta avståing.<sup>274</sup> Mangel av mandat til sendemennene, indre motsetningar bland nordmennene samt mangelen på avklaring frå kong Magnus førte dermed til at det ikkje kunne gjerast reelle forhandlingar ved dette høvet.

Etter dette møtet reiste Askatin til Noreg og avla rapport om denne ferda til kong Magnus. Den uvenlege mottakinga sendemennene fekk hjå Alexander III gjorde at Magnus sette i gang militære tiltak for å verne Orknøyane og Suderøyane. Ogmund Krøkedans vart sendt til Orknøyane med "fullmakt til å stå for landvernet". Dette tydar på at jarl Magnus framleis var i Skottland. Kong Magnus sendte også Erik Duggaldsson til Suderøyane. På Orknøyane skal Ogmund fått høyre om skotsk herjing i Caithness, og han og Erik Duggaldsson overvintra på Orknøyane for å hindre skotske åtak der.<sup>275</sup> Orknøyane var med andre ord prioritert i denne situasjonen.

Sommaren 1264 sendte Magnus nytt sendebod til Alexander III. Dette sendebodet bestod av to fransiskanarmunkar kalla Mauritius og Sigurd, og ein Henrik Skott. Dette sendebodet vart ifølgje sagaen tatt venlegare i mot, men det verkar som det ikkje vart gjort særlege forhandlingar, for Alexander III skal ha bedt dei reise attende til Noreg og be kong Magnus sende "gode utsendinger" ("gođa sendibođa") neste sommar.<sup>276</sup> Magnus fekk rapport om denne utsendinga i Trondheim etter jul, og etter å ha kome attende til Bergen etter påska sendte han ut det tredje sendebodet til Alexander III.<sup>277</sup> Ut frå namnet kan vi tenkje oss at Henrik Skott var av skotsk opphav, og difor valt fordi han hadde kjennskap til skotsk språk og

---

<sup>273</sup> Bjørgo 1972: 86.

<sup>274</sup> Bjørgo 1972: 89.

<sup>275</sup> MLS: s. 351. Kronologien i sagateksten er noko usikker, og det kan også tolkast at Ogmund vart sendt før Askatin kom til Noreg. I så fall må beskjeden om farens død vere Magnus sin motivasjon til utsendinga av Ogmund. Denne beskjeden fekk han mellom 8.-20. mars 1264, j.f. RN II 3.

<sup>276</sup> MLS: s. 353.

<sup>277</sup> MLS: s. 355.

tilhøve. Utover dette veit vi ikkje meir om han, bortsett frå at han og Jon Langlivsson var sendt vestover av kong Håkon for å skaffe losar på Hjalmland i forkant av krigsekspedisjonen i 1263.<sup>278</sup> Sigurd kjenner vi berre frå dette sendebodet, medan vi ser den andre fransiskanarmunken Mauritius igjen fungere som sendebod til Skottland då han i 1281 saman med eit større sendebod med fullmakt inngjekk ekteskapskontrakt mellom Håkon Håkonssons barnebarn Eirik Magnusson og Alexander III's dotter Margareta.<sup>279</sup>

Richard I. Lustig hevda i sin artikkel at Alexander III's innvending mot sendemennene kom av at dei berre hadde status som *nuncii* og ikkje *procuratores*. Som *nuncii* hadde ikkje sendemenn fullmakt til å utføre forhandlingar og komme med nye krav og tilbod på kongens vegne ut frå sjølvstendig vurdering, berre overlevere budskap frå kongen. Ein *procurator* utstyrt med fullmakt frå kongen i form av eit mandat som gav ham *plena potestas* hadde meir moglegheit til å forhandle og gjere konkluderande avtalar med motparten.<sup>280</sup> Alexander III's oppfordring om å sende gode sendemenn, kan altså vere eit teikn på at dei norske sendemennene heller ikkje ved dette høvet hadde fullmakter til å utføre konstruktive forhandlingar.

Ian Beuermann argumenterer mot dette og meiner at Lustigs argument er prega av at han tenkte for godt om skottekongens intensjonar. Beuermann argumenterer for at Alexander III på dette tidspunktet ikkje hadde noko ønske om å forhandle, og at Alexanders insistering på nytt sendebod var for å kjøpe seg tid til å sikre fotfestet på Suderøyane og Man, og slik ha eit betre utgangspunkt i faktiske forhandlingar.<sup>281</sup> Når ein ser på Alexander III's politikk dette året, ser det ut til at dette argumentet kan ha noko føre seg. I løpet av hausten 1264 fekk Alexander III underkasta seg kong Magnus Olavsson av Man og han hadde tidligare sikra seg lojaliteten til Jon Dungadsson av Argyll. Ifølgje *Man-krønika* døydde kong Magnus av Man 24. november 1265,<sup>282</sup> og vart med det den siste kongen av Man etter Gudrød Crovans ætt. Alexander III fekk dermed satt inn egne menn som styrarar på Man. Her ser kan vi altså trekkje ut to verkemiddel utført av skottekongen; utsetjing av forhandlingar for å betre sin forhandlingsposisjon og endring av det politiske landskapet på øyane. I tillegg fekk Alexander

---

<sup>278</sup> HHS: kap. 317.

<sup>279</sup> Bagge 1976: 74. Avtalen frå 1281 er trykt i DN XIX 305.

<sup>280</sup> Lustig 1979: 40. Sjå også Queller (1960) "Thirteenth-century envoys: Nuncii and Procuratores".

<sup>281</sup> Beuermann 2007: 360-61.

<sup>282</sup> CRMI: f.49v.

III ein ekstra uventa fordel gjennom utsetjinga, sidan den norske kongens allierte på Man døydde i 1265, og dermed var det ikkje nokon tidlegare vasall av den norske kongen att på øya. Lustigs argument bør likevel ikkje forkastast heilt. Ifølgje den einaste kjelda vi har til dette sendebodet kan vi ikkje seie at sendemennene hadde mandat til å forhandle og utferde traktat med skottekongen. Det er i så tilfelle ikkje usannsynleg at den norske sida framleis har forsøkt å dele herredømmet på Suderøyane opp med skottekongen i same liner som tidlegare.

Det neste sendebodet vi veit om vart sendt av Alexander III til kong Magnus Håkonsson hausten 1264. I *Diplomatarium Norvegicum* er det trykt eit utdrag frå ein rekneskapsnotis i *The Exchequer Rolls of Scotland*, der det er oppført utgifter for dei to predikebrødrene Malise og Alexander av Berwick, som vart sendt av den skotske kongen til kongen av Noreg.<sup>283</sup> For same år er det i Flatøyannalen skriva at det kom to berrføttbrødrer til kong Magnus frå Skottland.<sup>284</sup> Formålet for utsendinga er ukjend, men moglegvis har Alexander III sendt dei for å gje kong Magnus munnleg beskjed om hans stilling i spørsmålet om korleis herredømmet skulle fordelast. P. A. Munch foreslår at dei kan ha reist til Noreg saman med fransiskanarmunkane Magnus hadde sendt same sommar for å overvintre i Noreg og slik kunne "underhandle med Kongen i Ro og Mag, og faa ham til at opfylde Kong Alexanders Begjæring".<sup>285</sup> Utgjevarane av *Regesta Norvegica*<sup>286</sup> går ut frå at fransiskanarmunkane som er nemnte i Flatøyannalen er dei to som Alexander sendte, medan Lustig meiner at notisen meir sannsynleg visar til attendekomsten til Mauritius og Sigurd.<sup>287</sup> Dersom Lustig har rett kan vi ikkje vite om munkane Alexander III sendte kom fram til Noreg, men uansett kan vi ut frå den skotske rekneskapsnotisen konkludere med at skottekongen sendte utsendingar til kong Magnus i 1264.

Den neste utsendinga frå kong Magnus reiste etter påske, altså 5. april 1265, og bestod av Askatin, som hadde vore i same ærend hjå skottekongen tidlegare, og Gilbert, biskopen av

---

<sup>283</sup> DN XIX 278: "Item, in expensis fratrum Malysii et Alexandri de Berwik, euncium in nuncium regis vltra mare". *Regis vltra mare*; "kongen over havet" er tolka til å bety den norske kongen.

<sup>284</sup> IA: s. 383. "Komu til Magnus kongs berfættu brædr af Skotlandi".

<sup>285</sup> Munch 1858: 452.

<sup>286</sup> Sjå kommentar til RN II 14.

<sup>287</sup> Lustig 1979: 38 note 4.

Hamar.<sup>288</sup> Ifølgje *Magnus Lagabøtes saga* var Askatin og Gilbert innom Lynn (King's Lynn) i England på vegen og opphaldt seg i York ei stund.<sup>289</sup> Denne sendeferda er også nemnt i Fordun's *Chronicum Gentis Scoturum*. Fordun, eller ein seinare avskrivar, har utelate namnet til Askatin, slik at berre Gilbert er nemnt som både kanslar og biskop. Då sendemennene til Magnus kom fram, tilboud dei ifølgje Fordun å gi Alexander øyane Bute og Arran mot at kong Magnus fekk behalde herredømet over dei andre øyane kong Håkon hadde regjert over. Kong Alexander II avslo dette tilbodet og Askatin og Gilbert returnerte til Noreg.<sup>290</sup> Sjølv om detaljane i Fordun kan vere usikre ser vi altså den norske sida framleis forsøke å løyse konflikten gjennom eit kompromiss som innebar oppdeling av herredømet på øyane. På dette tidspunktet var derimot skottane i ein posisjon som gjorde at det ikkje var aktuelt.

Grunnen til at Askatin og Gilbert reiste via Lynn og York er mest sannsynleg at dei ønskte å snakke med den engelske kong Henrik III om konflikten med Skottland. Det er usikkert om dei to sendemennene møtte den engelske kongen og Henrik III var i alle høve oppteken med baronopprøret fram til Simon Montfort fall ved Evesham 4. august seinare på året.<sup>291</sup> Tidlegare hadde Montfort slått Henrik III og sonen Edvard i slaget ved Lewes i mai.<sup>292</sup> Askatin og Gilbert reiste altså gjennom England i perioden mellom slaga ved Lewes og Evesham. Dei norske kongemennene fekk altså ikkje moglegheit til å forsøke å få Henrik III til å legge press på svigersonen.

I *Melrose-krønika* får vi informasjon om eit siste forhandlingsmøte mellom dei to partane før Perth-traktaten vart inngått. Ifølgje krønika sendte Alexander III i 1265 ein munk frå Melrose-klosteret kalla Reginald av Roxburgh.<sup>293</sup> Reginald skal ha vore godt motteke av kong Magnus som kalla inn rådgjevarar for å drøfte saka. Ifølgje krønika råda nokre av kongens magnatar imot, men kongen og rådgjevarane vart einige om å godta salet av øyane. Krønikeforfattaren hevdar deretter at avtalen mellom kong Magnus og Alexander III vart nedskrive ved dette møtet. Krønika listar deretter opp kva summar denne avtalen bestemte

---

<sup>288</sup> Gilbert hadde som kjent vore erkediakon på Hjaltland. I 1260 er han nemnt som Håkon Håkonssons klerk og vart satt på bispesetet i Hamar. Bagge 1976: 70.

<sup>289</sup> MLS: s. 355.

<sup>290</sup> Fordun I: 301/Fordun IV: 296. I to manuskript av Forduns krønike står det "Man" i staden for "Arran", Lustig 1979: 39 note 1.

<sup>291</sup> Lustig 1979: 38.

<sup>292</sup> Beuermann 2007: 365.

<sup>293</sup> CMel: 653-655.

at skottekongen skulle betale for øyane. Året etter skal så Reginald og den norske kongens kanslar ha kome til Skottland med avtalen som vart skriva ned ved dette møtet.<sup>294</sup> Denne informasjonen, som berre finst i *Melrose-krønika*, er interessant på fleire punkt. Det første er formuleringa i krønika angående tilhøvet avtalen set mellom den norske og skotske kongen, som ifølgje Lustig er hovudgrunnen til at norske historikarar har tolka betalingssummane som ein føydal lensavgift frå den skotske til den norske kongen.<sup>295</sup> I krøniketeksten står det eksplisitt at Alexander avla homagium til den norske kongen.<sup>296</sup> Dette gjaldt den årlege summen på 100 pund sterling. Lustig diskuterer fire punkt der opplysningane i *Melrose-krønika* skil seg frå Perth-traktaten.<sup>297</sup> For det første var ikkje den årlege betalinga på 100 pund sterling, men 100 mark sterling.<sup>298</sup> Vidare er det ikkje skriva i traktaten at det var eit homagium-forhold mellom dei to partane i dei avskriftene vi har bevart av Perth-traktaten. Ifølgje krønika skulle det også betalast ein eingongssum på 4000 mark. I den endelege traktaten vart dette omgjort til fire årlege betalingar på 1000 mark sterling. Lustigs fjerde punkt er at vilkåra i traktaten skiljer seg såpass frå det som vert nemnt i krønika at den ikkje kan vere det same dokumentet som krønika fortel at Askatin tok med til Skottland i 1266, sjølv om krønika ser ut til å omtale dei som same dokument.<sup>299</sup> Då er det eit spørsmål om det vart laga eit utkast til traktaten i Skottland som Reginald hadde med seg til kong Magnus, eller om dette utkastet vart skriva i Noreg, og så endra i etterkant til å verte det som vi kjenner som Perth-traktaten. Det er elles ein tydeleg tendens i denne krøniketeksten å framheve Reginald av Roxburgh i eit særst positivt lys, og korleis hans ekstraordinære evner førte til at han fann fram til ei løysing på ei konflikt som ingen andre skottar hadde klart før han. Difor er kjelda noko problematisk, med tanke på at formålet ser ut til å ha vore å framheve Melrose-klosterets innsats for kongedømet til framtidige kongar av Skottland. Eg meiner det er særst usannsynleg at skottekongen sjølv skulle ha foreslått å setje seg i eit vasallforhold til den norske kongen. Difor viser sannsynlegvis *Melrose-krønika* til eit utkast utarbeida i Noreg. Dette utkastet tok Askatin og Andres Nikolasson med til Skottland sommaren etter, der detaljane vart forhandla fram etter diplomatisk dragkamp mellom

---

<sup>294</sup> Perth-traktaten er den fyrste kjelda der Askatin vert omtalt som kanslar. I MLS er Askatin omtalt som kanslar våren 1264, noko som Knut Helle har påpeikt må vere retrospektivt, j.f. Helle 1972: 400.

<sup>295</sup> Lustig 1979: 35-36.

<sup>296</sup> CMailros: 197. "pro cognitione homagii facti regi Norwagie a dicto Alexandro rege Scotie"

<sup>297</sup> Dette tok også Axelson opp i *Historisk Tidsskrift* 1954-56.

<sup>298</sup> Sterling = reint sølv. Eitt pund vil seie om lag ein halv kilo, medan mark er halvparten av dette igjen.

<sup>299</sup> Lustig 1979: 36-37.

partane. Før vi ser på verkemidla i den siste forhandlingsrunda og i Perth-traktaten, skal vi først sjå kort på innverknaden frå engelske kong Henrik III som i stor grad hadde vore ein fråverande part sidan 1262.

### Henrik IIIs rolle

Når ein tek føre seg dei siste forhandlingsrundane frå våren 1264 fram til fredstraktaten i 1266, meiner Narve Bjørgo at Henrik III er "jokeren" i konflikten, framfor statistrolla norske og britiske historikarar etter Bjørgos syn tradisjonelt har gjeve han.<sup>300</sup> Før krigsutbrotet hadde den engelske kongen spelt mest i ei nøytral meklarrolle, med favorisering av norsk herredøme på øyane. I eit brev til kong Magnus 28. juni 1264 (svar på brev kong Magnus hadde sendt til kong Henrik III etter han hadde fått beskjed om farens død) set Henrik III derimot vilkår om at det måtte sluttast fred mellom Noreg og Skottland dersom den frie handelen mellom Noreg og England skulle kunne takast opp att.<sup>301</sup> Skottekongen kunne nok ikkje ha annektert Suderøyane og Man slik han gjorde våren 1264 dersom den engelske kongen hadde satt seg tydeleg i mot det, men på denne tida hadde ikkje Henrik III moglegheit til noko slikt. Éin ting er at den engelske kongen var i ein kinkig situasjon med tanke på at han lenge hadde hatt eit godt tilhøve med kong Håkon, samtidig som han var den skotske kongens svigerfar, men tilstanden i baronopprøret hindra spesielt den engelske kongen frå å ha nokon innverknad på det som skjedde på Vesterhavsøyane.<sup>302</sup> I perioden frå rojalistanes nederlag ved Lewes 14. mai 1264 fram til Henrik IIIs son Edward slo Simon Montfort og mange av hans allierte i slaget ved Evesham 4. august 1265 var England styrt av Montfort og ikkje Henrik III. Henrik III trengte difor støtte frå skottane. Han hadde også fått støtte frå skotske stormenn i slaget i mai, og Bjørgo reknar med at dette er grunnen til at Henrik III pressa Magnus til å inngå fred med Alexander III i brevet frå 28. juni 1264.<sup>303</sup> Pressmiddelet frå tredjeparten Henrik III retta mot kong Magnus ser dermed ut til å ha hatt vesentleg verknad på at nordmennene fira på krava i dei to siste forhandlingsrundane.

## 4.6 Perth-traktaten 6. juli 1266

---

<sup>300</sup> Bjørgo 1995: 77.

<sup>301</sup> Bjørgo 1995: 78. DN XIX 276.

<sup>302</sup> Beuermann 2007: 361.

<sup>303</sup> Bjørgo 1972: 112.

Konflikten om herredømet over Suderøyane og Man prega tilhøvet mellom den norske og skotske kongemakta gjennom heile regjeringstida til kong Håkon Håkonsson og Alexander II, og strakk vidare inn i regjeringstida til sonene deira. Det å avslutte konflikten gjennom ein gjensidig forpliktande avtale ser eg på som det ultimate verkemiddelet som førte til avslutning av konflikten. Då Askatin og Andres Nikolasson reiste til Skottland hadde dei med seg utkastet som var skriva i Noreg saman med skottekongens sendemann Reginald av Roxburgh. Denne gongen hadde dei også mandat gjennom fullmaktsbrev til konkludere ein avtale med skottane.<sup>304</sup>

I Perth-traktaten er det tre hovudproblem som vert løyste: For det første vert den langvarige disputten mellom den norske og skotske kongen angående herredømet over øyane løyst og grenser satt for herredømet til dei to kongane, samt vilkår for den skotske overtakinga av Suderøyane og Man. For det andre set ein vilkår for reaksjonar på hendingar under krigshandlingane i 1263, til dømes at øybuarane ikkje skulle straffast for å ha kjempa mot skottane. For det tredje set den opp vilkår for samarbeid mellom dei to kongedøma i framtida.

Grunnen til at Magnus Lagabøte valde å selje Suderøyane og Man til den skotske kongen i 1266 er tradisjonelt vorten grunngjeven med tre årsaksforklaringar: 1) Den politisk-militære situasjonen mellom Noreg og Skottland i 1260-åra med kong Håkons død i 1263, 2) Dreiinga i Noreg mot ein meir sørvest-orientert politikk, og 3) Magnus Lagabøtes personlege karakter, som var meir innstilt mot fredelege løysingar.<sup>305</sup> Ian Beuermann har nyleg trekt fram ein viktig fjerde forklaringsfaktor; den økonomiske betydninga til Suderøyane og Man. Sjølv om den økonomiske basisen på øyane har vist seg betre enn ein tidlegare trudde, viser Beuermann at inntektene øyane genererte gjennom handel og plyndringstokt hadde byrja å få mindre betydning rundt midten av 1200-talet. Eit spesielt viktig moment Beuermann diskuterer er sjøvegen frå Noreg, langs nordkysten av Skottland, ned Irskesjøen og vidare til kontinentet. Frå dei norske koloniseringane av vesterhavsøyane i vikingtida var denne

---

<sup>304</sup> Fordun IV: s. 296-297, DN XIX 307, NMD: s. 110.

<sup>305</sup> Beuermann 2011: 78. Munch spesielt trakk fram Magnus Lagabøtes fredelege personlegheit som faktor (Munch 1858: 446-447). Bjørgo har karakterisert Magnus Lagabøtes framferd med "moderasjon og konsekvensanalyse." (Bjørgo 1995: 77) Desse karakteristikkane er også understreka i Helle 2005: s. 267-69.



sjøvegen den viktigaste handelsruta frå Noreg til kontinentet og Middelhavet.<sup>306</sup> At denne handelsvegen gjekk gjennom Suderøyane og Man vart også ein av dei viktigaste økonomiske basisane på øyane. Rundt midten av 1200-talet skjedde det ei forskyving i handelsrutene som gjorde at sjøvegen gjennom Suderøyane og Man vart mindre viktig, og difor forsvann ein viktig årsak for den norske trona til å halde på herredømet over øyane.<sup>307</sup> Difor konkluderar Beuermann med at inntektene den norske kongemakta kunne hente frå øyane på midten av 1200-talet i sum ikkje vog opp mot kostnadane av nye militærtokt mot Skottland, i alle fall ikkje med tanke på at traktaten i teorien sikra den norske krona ei årleg inntekt på 100 mark sterling.<sup>308</sup> Narve Bjørgo har lagt spesiell vekt på rolla til tredjeparten Henrik III. Etter Håkons død endra Henrik III innstilling og nytta handelen mellom Noreg og England som pressmiddel til å få Magnus til å inngå fred med skottekongen.<sup>309</sup>

Desse fem punkta er dei sentrale årsaksforklaringane på kvifor det norske riksstyret gjekk med på å avstå Suderøyane og Man i 1266. Med desse i bakgrunnen skal eg i det følgjande sjå på korleis traktaten fungerte som eit fredsfremjande middel gjennom å trekkje ut enkeltvilkåra i traktaten og vurdere i kva grad dei løyste konfliktsområda. I traktaten kan desse enkeltvilkåra trekkjast ut:<sup>310</sup>

#### Forliksformulering og fredsslutning:

1) Traktaten vart inngått for å forlike partane og legge bak all strid, klagemål, skadar, krenkingar og ueinigheiter over øyane Man og Suderøyane med dei rettane som høyrer med. I traktatens innleiing vert altså konflikten grunn og forliksformuleringa mellom partane generelt presentert.

2) Begge partar sa frå seg all rett til å gjere innvendingar mot avtalevilkåra ut frå anten tidlegare brevveksling mellom dei to partane, brev frå pavestolen, eller kanoniske og sivile reglar som kunne nyttast til å hindre overdraginga av herredømet over øyane eller nokon av dei andre avtalevilkåra.

---

<sup>306</sup> Beuermann 2007: 349-353 og Beuermann 2011: 87-89.

<sup>307</sup> Beuermann 2011: 87-89.

<sup>308</sup> Beuermann 2011: 98.

<sup>309</sup> Bjørgo 1995: 77-81.

<sup>310</sup> Vilkåra er identifisert av meg i teksten i NMD: s. 110-118. Denne omsetjinga er basert på den norske gjenparten av fornyinga i 1426.

3) For at det ikkje skulle vere grunn til hemnhandlingar frå nokon av partane vart det ålment samtykt om tilgjeving for tidlegare "overtredelser og forseelser" mellom partane. Igjen ser vi her diplomatane formulere fredsfremjande vilkår, for at traktaten skulle fungere best mogleg som fredsslutning.

#### Samarbeid:

4) Dersom ein "uvenn" av ein av partane flykta til den andres rike skulle dei sendast vekk. Unntak er om dei fekk nåde av fyrsten dei hadde forbrote seg mot. Ved majestetbrotssverk skulle forbrytaren under ingen omstende få opphald i den andres rike. Dette punktet er i nærleiken av ein utleveringsavtale, men det vert ikkje bestemt at forbrytarar skal fangast og leverast til den andre parten, berre at ingen av partane skulle la personar som har forbrote seg mot den andres lover, opphalde seg i sitt rike.<sup>311</sup>

5) Dersom nordmenn lir skipbrot langs den skotske kysten, eller vice versa, skulle dei stå fritt til å berge og behalde både skip og gods, så lenge dei ikkje var rekna som vrak. Personar som braut dette vilkåret og stal frå skipbrotet skulle straffast "slik han fortjener". I motsetning til i freds- og handelsavtalen med Lübeck, ser vi her partane setje vilkår angående plyndring av skipbrot. Dette var ei viktig avklåring for å hindre slike konflikter i framtida.

#### Kompromiss og konsesjonar:

6) Magnus gir på vegner av seg sjølv og sine arvingar frå seg herredømet over Man og alle andre øyar vest for "Det store hav" til kong Alexander III og hans arvingar. Traktaten seier at dette vert gjort på oppmoding frå kong Alexander III og for å "fremme Guds ære", "opprettholdelse av gjensidig kjærlighet og fred" og "avverge fare for sjelene og bedre unngå mannefall". Det vert altså uttrykt i avtalen at formålet for traktaten er fred mellom rika, og at kong Magnus gir Alexander III herredømet over Suderøyane og Man for å oppnå dette. Alexander III og hans arvingars rettar på øyane vert spesifisert til at dei skal "holde, inneha og besitte det med domener, rettigheter over menn, inntekter, tjenester og alle rettigheter og tilliggender på de nevnte øyene".

---

<sup>311</sup> Eit døme på Perth-traktatens etterliv som kan nemnast her er jarlen av Bothwell som på 1500-talet rømde til Danmark frå den engelske kongen. Jarlen døydde som statsfange i Danmark, og Perth-traktatens vilkår har visstnok vore nytta som argument. Ifølgje Thomas Riis i personleg melding til Eldbjørg Haug.

Man og Suderøyane vart også underlagt skotsk jurisdiksjon og skulle dømmast etter skotske rettar og sedvaner. Dette var som Randi Wærdahl påpeiker ein viktig reiskap nytta for å inkorporere øyane som ein del av det skotske kongedømet.<sup>312</sup> At øyane vart underlagte skotsk lov var ei viktig institusjonalisering av overføringa til skotsk herredøme.

7) Kong Magnus seier også frå seg all rett han og forfedrane hans hadde hatt til herredøme over øyane frå gammal tid. Her er det to viktige moment å trekkje fram. For det første vert det anerkjent at den norske kongemakta hadde hatt legitim rett på øyane som han no frivillig gav frå seg. Gjennom dette redda norskekongen ansikt og fekk anerkjent at leidangsutbodet 1263 var eit legitimt forsvar. For det andre er det også ei sikring mot at den norske kongemakta kunne nytte denne retten som argumentasjon for norsk herredøme over øyane i framtida, slik vi såg kong Håkon gjorde i 1244.<sup>313</sup>

8) Alexander III og arvingar skal ha "patronatsrett over bispedømmet Man, med forbehold om Nidaroskirkens rett, jurisdiksjon og frihet i alt som den har med hensyn til Mans biskop og kirke". Det vert altså bestemt at bispedømmet Sodor på Man framleis skulle ligge under Nidaros erkebispedøme, men med nokre atterhald.

9) Orknøyane og Hjaltland er unntatt, og den norske kongen beholder sine rettar, formulert likt som i punkt 4), over desse øyane. Her vert altså grensa mellom den norske og skotske kongens velde klårt satt. Alle øyane vest og sør for Cape Wrath som tidlegare tilhørte den norske kongen vart ein del av det skotske kongedømet, medan norskekongen fekk bekrefte herredømet over Orknøyane og Hjaltland (og Færøyane). Denne grensesettinga er eit viktig verkemiddel fordi den sette klare territorialgrenser mellom det norske og det skotske herredømet. Uklåre grenser var for mellomalderkongedøma ofte ei kjelde til konflikt. Her lukkast også diplomatane å sikre det norske herredømet over Orknøyane, som vi såg vart prioritert med militære verkemiddel i 1264-65.

10) Som vederlag for avståinga av øyane plikta den skotske kongen seg og sine arvingar til å betale den norske kongen og hans arvingar ein årleg sum på 100 mark sterling til evig tid.

---

<sup>312</sup> Wærdahl 2006: 255.

<sup>313</sup> j.f. kap. 4.3.

11) Det skulle også betalast ein større sum på 4000 mark sterling fordelt på fire årlege avdrag 1267-70.

Desse økonomiske kompensasjonane er eit viktig kompromiss diplomatane kom fram til i dei siste forhandlingsrundane. Det gav inntekter til den norske krona samtidig som det gjorde det lettare for motstandarane på den norske sida å godta avståinga. For kong Magnus var det også viktig med omsyn til prestisje å vise til vinning i konflikten.

#### Sikringar:

12) Personar som vart dømde for å forstyrre freden mellom rika og gjere brot på avtalen vart generelt åtvare om at dei skulle straffast "så hardt at hans straff blir til skrekk for andre". Ved brot skulle altså avtalen framleis bestå, og skuldige enkeltpersonar straffast for brota.

13) I den diplomatiske prosedyren ved utferdinga av traktaten ser vi også element som fungerte som sikringsmiddel. Sendemennene Askatin og Andres avla offentleg eid ("med hånden på de hellige evangelier i predikebrødrenes kirke ved Perth") på vegner av kong Magnus og hans arvingar. Det same gjorde kong Alexander på vegne av seg og sine arvingar, samt jarl Adam av Carrick og Robert av Meygnords.

14) Partane forplikta seg også til ei bot på 10 000 mark sterling til den andre parten for brot på avtalen.

15) Det vart også bestemt at begge partar med arvingar underkasta seg "den apostoliske stols jurisdiksjon" og skulle, etter éi åtvaring, setjast i bann for brot på traktaten, og ikkje løysast frå ekskommunikasjonen før bota på 10 000 mark sterling var betalt.

16) Frå den skotske sida er traktaten verna med segla til den skotske kongen, to biskopar, fire jarlar og ein baron. Frå den norske sida er traktaten verna av segla til den norske kongen, to biskopar, fire lendmenn og kongens kanslar.

17) Utferda som kirograf, slik at begge partar skulle ha samanfallande gjenpartar som kunne bekreftast.

#### Forlik for innbyggjarane på øyane:

18) Det vart fastslått at ingen av innbyggjarane på Suderøyane og Man skulle straffast for handlingar utført mot Skottland inntil dagen for traktatinngåinga, altså medan dei framleis var formelt under den norske kongens herredøme. Her vert det igjen bekrefta at forsvaret av Suderøyane i 1263 hadde vore legitimt, samtidig som det er eit middel for å gjere den skotske overtakinga fredeleg.

19) Innbyggjarane på Suderøyane og Man skulle ikkje fratas nokon eigedom og kunne halde fram med å bu fritt på øyane, om dei følgde dei skotske lovene.

20) Innbyggjarane på Suderøyane og Man var også frie til å forlate øyane utan å verte forfølgde for dette.

21) Gislar tekne av begge partar frå innbyggjarane av Suderøyane og Man skulle setjast fri.

Vi har sett at Perth-trakten inneheld ei rekkje fredsfrmjande verkemiddel som løyste konflikten som hadde prega forholdet mellom det norske og skotske kongedømet sidan starten av 1200-talet, og som skulle sikre freden mellom dei to rika i framtida.<sup>314</sup>

Hovudendinga sidan byrjinga av diplomatisk kontakt i 1244 var at den norske sida hadde gått frå å nekte all form for avståing av Suderøyane og Man til full avståing mot økonomisk kompensasjon. Allereie ved det første tilfellet av diplomatiske forsøk hadde skottane foreslått å kjøpe øyane. Eit av dei viktigaste midla i traktaten var grensesetjinga som sikra det norske herredømet over Orknøyane og Hjaltland. Korleis samspelet langs denne grensa gjekk føre seg i tida framover, har Ian Grohse nyleg teke føre seg. Han viser til dømes korleis Orknøyane spelte ei viktig rolle som diplomatisk møtestad mellom Noreg og Skottland.<sup>315</sup> I tillegg til fastsetjing av grensene var den økonomiske kompensasjonen eit av dei viktigaste kompromissa mellom partane som medverka til fred. Til slutt kan det også nemnast at gjennom å slutte fred med Skottland i 1266, fekk kong Magnus fornya handelsavtalen frå

---

<sup>314</sup> Traktatens lange etterliv gjer at eg ikkje kan gå djupt inn på forholda framover her, men fornyingane i 1312 og 1426 vitnar om at traktaten vart ein politisk reiskap i lang tid. Sjå t.d. Bjørge 1995: 87-92 for dei dynastiske forbindingane mellom Noreg og Skottland i 1280-1290-åra og fornyinga i 1312. Ibid. s. 112-121 for fornyinga i 1426 og pantsettinga av Orknøyane og Hjaltland til den skotske kongen i 1468.

<sup>315</sup> Grohse 2014a: 93-94, Grohse 2014b : 527-528.

1223 med England i 1269, og Perth-traktaten bidrog såleis også til setje i gang att handelen med England.<sup>316</sup>

## 4.7 Konklusjon

Åra 1262-1263 er eit vendepunkt i diplomatiet mellom Noreg og Skottland sidan diplomatiet desse åra feila og partane gjekk over til militære verkemiddel. Dei direkte forhandlingane starta med at den skotske kongen Alexander II sendte biskopar som nytta argumentasjon om rett for deira side av saken. Når dette ikkje fungerte tilbydde dei å løyse konflikten med tilbod om kjøp. På den andre sida argumenterte også kong Håkon om rett og nekta på tilbodet om kjøp. I bakgrunnen kan andre politiske verkemiddel for å styrke sin posisjon identifiserast. Kong Håkon forsøkte å styrke det indirekte herredømet ved å setje inn norskvennlege kongar. I 1248 gifta kong Håkon bort dottera til Man-kongen Harald. Dette ekteskapsbandet forsvann då Harald og Cecilia døydde på vegen til Man. Håkon gav då kongsnamn til Sumarlide-ætlingen Jon Dungadsson som fram til 1263 var eit av kong Håkons viktigaste verkemiddel mot skotsk aggresjon.

Grohse meinte at grunnen til at dei diplomatiske forhandlingane mellom dei skotske kongane og kong Håkon feila kan finnast i mangelen av venskapsband og personlege møter mellom kong Håkon og dei to skotske kongange.<sup>317</sup> Grohse konkluderar likevel med at vi ikkje kan vite om eit personleg møte mellom kong Håkon og skottekongange ville løyst konflikten. Eg kan seie meg einig i at mangelen av venskapsband og personlege møter kan ha medverka til at ingen av partane var villige til kompromiss. Sidan det ikkje var noko venskaps- eller ekteskapsband mellom det norske og skotske kongehuset, kunne den norske maktsfæren på øyane vere ein like stor trussel for skottane som uavhengige øykongar. Det må likevel nemnast at eit vesentleg tal andre faktorar førte til at diplomatiet ikkje førte fram. Mangelen av kompromissvilje hjå partane låg for det første i at ekspansjonsambisjonane til begge kongedøma ikkje kunne samanfallast. Frå kong Håkons synspunkt er det tydeleg at omsynet til norsk overherredøme på Suderøyane og Man vog over omsyn til umiddelbar økonomisk vinning. Dei første forhandlingsrundane i 1264 viser tydeleg sperrene dei ulike

---

<sup>316</sup> Helle 1968: 114. DN XIX 284.

<sup>317</sup> Grohse 2009: 59.

faktorane hadde på diplomatiet. Den militære situasjonen etter kong Håkons død og leidangoppbrotet gjorde at den skotske kongen ikkje var interessert i å gje konsesjonar eller inngå kompromiss med den norske sida. På den norske sida herska det framleis motsetningar mot å avstå herredømet på Suderøyane, samtidig som at dei diplomatane som vart sendt mangla fullmakter til å inngå avtale med skottane. På våren 1265 forsøkte nordmennene å dele opp Suderøyane med den skotske kongen, men skottekongen var i ein posisjon som gjorde det mogleg for han å krevje full avståing. Før 1263 såg vi Henrik III favorisere norsk herredøme på øyane. Då den maktpolitiske situasjonen var endra løpet av 1263-1264, såg vi den engelske kongen endre innstilling. Narve Bjørgo trekk spesielt fram Henrik IIIs ultimatum til kong Magnus om at det måtte sluttast fred før handelen mellom England og Noreg kunne takast opp igjen som avgjerande for, noko som eg må seie meg einig i at verkar som ein viktig faktor. I dei to siste forhandlingsrundane 1265-1266 var diplomatanes oppgåve å komme fram til ei avtale for avståing som var akseptabel for begge partar, noko ein må seie dei lukkast med.

Det direkte herredømet på øyane var basert på at kong Håkon batt norsk-venlege fyrstar til seg gjennom lensband, samt ein splitt-og-hersk-politikk mellom rivaliserande øyhøvdingar. Det militære forsvaret måtte baserast på øykonganes, og jarlen av Orknøyanes, lensplikt til militær yting. Denne maktpolitikken viste seg umogleg å fullføre i samband med konkurransen frå Skottland og England. Denne konkurransen førte til det Bjørgo kalla ein "aktiv overbodspolitik".<sup>318</sup> Dette kjem særleg fram då kong Håkon mista ein sine viktigaste allierte i 1263, Jon Dungadsson, då kong Alexander III tilboud han større landområde enn kong Håkon. Dei skotske ambisjonane synast dermed å ha gjort det umogleg for kong Håkon å halde på overherredømmet gjennom diplomatiske verkemiddel. Mangelen av militære verkemiddel kan også forklare kvifor det braut ut krigsliknande tilstandar i 1262-63. Det var ikkje mogleg for kong Håkon å stasjonere norske soldatar på permanent basis på Suderøyane og Man, og det var dermed ikkje noko militært press som hindra skottane i å angripe. Jarlen av Orknøyane, som var plikta til å syte for militært vern av Suderøyane og Man for den norske kongen, var i stor grad fråverande då det trengtes.<sup>319</sup> Kort oppsummert feila diplomatiet fram til 1262 fordi ingen av partane var villige til å inngå kompromiss med den

---

<sup>318</sup> Bjørgo 1972: 26.

<sup>319</sup> Wærdahl 2006: 90, Crawford 2013: 299-301.

andre. Dette kan grunngjevast med mangel av politisk band mellom den norske og skotske kongen, samt at begge partars maktambisjonar kolliderte i same geografiske område. Det spelte også inn at engelske kong Henrik III ikkje hadde moglegheit til å hindre utbrotet.

Undervegs i krigshalvåret på hausten 1263 såg vi partane forsøke å komme fram til ei løysing gjennom fredsfremjande middel. Forliket som partane forsøkte å komme fram til feila fordi partane igjen ikkje ønskte å lire på sine krav. I bakgrunnen ligg også ønsket om å nytte militært verkemiddel som pressmiddel i eventuelle forhandlingar. Den skotske kongens taktikk med uthaling av tid verka også med på at diplomatiet feila. Tidleg lykkast også skottekongen i å knytte Jon Dungadsson til seg gjennom å tilby han større landområde enn kong Håkon. Etter samanstøyta ved Largs, kong Håkons død på Orknøyane i desember og oppløysinga av leidangsflåta var den politiske situasjonen vesentleg omkalfatra.

Gjennom forhandlingsrundane i 1264-65 såg vi den norske sida forsøke å inngå kompromiss, ved å tilby skottekongen herredøme over spesifikke øyar. På dette punktet var imidlertid kong Alexander III i ein situasjon der han hadde moglegheit til å krevje avståing av alle Suderøyane med Man. Sist i 1265 gjekk såleis den norske kongemakta med på dette, ei avgjersle som vart forenkla ved at skottane nytta økonomisk kompensasjon som verkemiddel til fredsslutning. Grunnane til at den norske kongemakta valde å gje slepp på herredømet over Suderøyane og Man er fleire. Magnus Lagabøtes forsonande innstilling har sannsynlegvis spelt inn saman med prioriteringa av ein meir sørvestorientert politikk. Stadfesting av norsk herredøme på Orknøyane vart også prioritert høgare. Den tidlegare viktige handelsruta som gjekk via Suderøyane gjennom Irskesjøen og til kontinentet hadde også på denne tida mista si betyding og dette var såleis ikkje lenger var eit viktig omsyn for den norske kongen. Når den norske kongemakta innsåg at det var umogleg å halde på overherredømet på Suderøyane og Man, vart oppgåva for diplomatane å minske tapa.

Sjølv om diplomatiet gjennom fleire år hadde feila og det hadde vore krasse konfrontasjonar mellom dei to partane, verkar Perth-traktaten til å ha kunne fungert godt som eit fredsfremjande middel. Traktaten inneheld fleire forsonande formuleringar av vilkår som berga omdømet til begge partar og sette klåre avgrensingar. Traktaten er sær eigen for si tid gjennom den klåre grensesetjingane mellom den norske og skotske kongemaktas suverenitetsområde.



## 5 Konklusjon

I denne undersøkinga har eg prøvd å identifisere dei diplomatiske verkemidla som låg til grunn for korleis ein løyste to viktige konflikhtar på 1200-talet. Desse to konfliktane har fungert som dømer der diplomatiet vann fram i den eine og i første omgang feila i den andre. Dei har difor vore interessante å samanlikne fordi dei kan syne kva diplomatiske verkemiddel som fungerte fredsfrjemjande og kva som ikkje fungerte. Undersøkinga har også synt korleis partanes interesser påverka verkemidla dei nytta. Konflikten med Lübeck i 1247 fekk ei relativt rask løysing gjennom ein traktat som avslutta konflikten, sikra fri, gjensidig handel og samarbeid om sikkerheit på handelsvegane. I konflikten med Skottland kom ein til slutt fram til ei diplomatisk løysing, men berre etter konflikten var eskalert i valdeleg konflikt og det norske standpunktet i konflikten hadde vorte endra.

På 1200-talet kan dei diplomatiske prosedyrane seiast å ha vore i eit skjeringspunkt mellom å vere avhengig av situasjonsbestemte vilkår og *ad hoc*-valde sendemenn og utvikling mot eit meir institusjonalisert diplomatisk apparat. Undersøkinga av verkemidla i desse to konfliktane har synt at diplomatiet på midten av 1200-talet framleis i stor grad var avhenging av personlege band og dyktige forhandlarar som verkemiddel. I konflikten med Lübeck er dei viktigaste verkemidla eg har skissert fredsfrjemjande middel som unnskyldningar og vedgåingar til motparten (t.d. at den lybske kjøpmannen fekk attende godset sitt) og innverknad frå ein tredjepart. Det mest effektive verkemiddelet for å få i stand ein rask fred synast likevel å ha vore at kong Håkons venskapsband med keisar Fredrik II førte til at keisaren la press på Lübeck ved å tilby kong Håkon skytsherredøme over byen. Utforminga av ein traktat som ivaretok interessene til begge partar var også eit sentralt middel. Sjølv om traktaten var for vagt formulert til å hindre framtidige konflikhtar kan ein ikkje vente at utferdarane i 1250 skulle spå hendingane som leia fram til dei framtidige konfliktsområda.

Diplomatiet mellom kong Håkon og dei skotske kongane fram til 1263 må sjåast på som ein fiasko sidan ingen av verkemidla førte til at partane var villige til å gå attende på krava sine, noko som førte til dei valdelege konfrontasjonane i 1263. Partane kom med ei rekkje tilbod og krav, men kompromiss og konsesjonar førte ikkje gjennom. I problemstillinga gjekk andre delen ut på korleis partane gjekk fram for å få fram sine interesser i konflikten og det er

nettopp interessene som ser ut til å vere det viktigaste skiljepunktet i utfalla i dei to konfliktane. I konflikten 1247-1250 hadde partane samsvarande interesser. Kong Håkon var interessert i å få starta opp att kornimporten og Lübeck var interessert i rettsvern for fri handel. Begge partar var interesserte i sikkerheit på havet. Difor var det lettare for dei å komme fram til kompromiss og å nytte diplomati til å løyse problema. At freden bestod etter Fredrik IIs død og gjennom interregnumet i det tysk-romerske riket til 1273 kom av at partane hadde kome fram til ein avtale begge kunne leve med, og at begge var interessert i ein stabil handelsflyt. I kong Håkons konflikt med dei skotske kongane kolliderte derimot interessene, noko som førte til at konflikten ikkje kunne løysast med diplomatiske verkemiddel. Før 1263 ville ikkje den norske sida godta kompromiss og konsesjonar som økonomisk kompensasjon, medan det var omvendt fram til siste forhandlingsrunde. Kompromiss om oppdeling av øyane førte heller ikkje gjennom. Verkemidla mellom partane vart dermed utsetjing og forhaling for å betre eigen forhandlingsposisjon. Kong Håkon hadde riktig nok støtte frå den viktigaste tredjeparten, Henrik III, men den engelske kongen hadde fram til 1264 lite innverknad på konflikten. Mangelen av band mellom kong Håkon og dei skotske kongane kan også ha medverka til at tilbod om konsesjonar og kompensasjon ikkje førte fram. Etter kong Håkons død endra dei norske interessene seg, delvis fordi ein såg seg nøydd til det etter dei politiske realitetane på øyane hadde endra seg. Etter 1263 greip også tredjeparten Henrik inn i favør til den skotske kongen. Dette kan blant anna ha kome av Henriks sterkare band til den skotske kongen, gjennom ekteskapet mellom Henriks dotter og Alexander III. I tillegg var den skotske kongen den engelske kongens vasall. Difor var kong Alexander III's band til Henrik III eit sterkare verkemiddel både under Håkon Håkonsson og Magnus Lagabøte. Forskarar har også forklart endringa i Magnus Lagabøtes meir forsonande personlegdom og innstilling. Dette syner korleis eit troneskifte ofte kunne ha innverknad på den politiske lina.

I dei siste forhandlingsrundane måtte det norske riksstyret til slutt godta konsesjonar ved å avstå herredømet på Suderøyane og Man til den skotske kongen. Ein fekk likevel sikra herredømet på Orknøyane og Hjaltland, samtidig som formuleringane i Perth-traktaten innehaldt fleire verkemiddel for å redde omdøme hjå begge partar og sikre oppfylling av traktaten. Eit overordna problem i forhandlingane før traktaten vart utferda synast å ha vore mangelen av mandatutstyrte forhandlarar. Alexander III's oppmoding om "goða sendiboða"

vart derimot oppfylt i siste forhandlingsmøte. Dette vitnar om dei gradvise impulsane i diplomatisk prosedyre det norske riksstyret tok til seg i bruken av sendemenn og innverknaden dei fekk på diplomatiske forhandlingar.

Gjennom å sjå vilkåra i traktatane i dei gruppene av verkemiddel eg har skissert har eg kome fram til mange likskapar, trass skilnadane i bakgrunn, omfang og innhald. Dette er vist gjennom dei vilkåra eg har trekt ut i kapittel 3.5 og 4.6, og skjematisk satt opp i vedlegg 3. Traktatane er for det første særst ulike i omfang. Dette kjem av at det i Perth-traktaten var fleire problemfelt å løyse, og difor inneheld den fleire vilkår. Avtalen med Lübeck er ein freds- og handelsavtale og spørsmål om territorialgrenser er dermed ikkje eit aktuelt spørsmål. Grensesetjing var derimot ein sentral del av Perth-traktaten. Sjølv om freds- og handelsavtalen med Lübeck var ein einsidig traktat utferda av den norske sida, inneheld den også vilkår for både fredsslutning og samarbeid. Formuleringar som fastslår fredsslutning mellom partane og tilsidesetjing av konfliktsområde er altså tydelege verkemiddel i begge typar av traktatar. Avtalen mellom Noreg og Lübeck inneheld vilkår om gjensidig hjelp på handelsvegen på havet, medan Perth-traktaten ikkje inneheld eit slikt samarbeid. Den sikra derimot strandingsrett ved skipbrot, noko ein ikkje ser i avtalen med Lübeck. Begge traktatane inneheld altså vilkår om samarbeid, sjølv om innhaldet er annleis. Begge traktatane inneheld også visse konsesjonar til motparten og sikringar for oppfylling av avtalen. I Perth-traktaten er både konsesjonane og dei formulerte sikringane meir vidstrakte, noko som syner at behovet for desse verkemidla var større i denne konflikten. Begge avtalane inneheld også tilsvarande prosedyriske verkemiddel, som viser at det fantes klare rammer og normer for traktatutferding ved begge tilfella. Dette gjeld til dømes sikringane som verning med segl og vitne. Som middel for konfliktløysing kjem likskapane dermed sterkast fram i utferdinga og forliksformuleringane.

Nokre interessante sluttbetraktningar som dukkar opp når ein les historia vidare er at tilhøvet mellom Noreg og Lübeck og hansabyane utvikla seg til å verte noko turbulent og enda nye konflikhtar i 1280-åra, sjølv om freds- og handelsavtalen av 1250 kom i stand relativt lett og etter konflikhtar som i grunnen ikkje var så alvorlege for tilhøvet mellom dei to partane. Grunnen til dette kan blant anna finnast i at traktatvilkåra ikkje var i stand til å løyse dei politiske konfliktane som oppstod i 1280-åra. Freds- og handelsavtalen i 1250 skapte

likevel eit grunnlag for samhandlinga mellom det norske kongedømet og Lübeck. Traktatens innhald kan difor vere interessant å studere i samband med samtidige og seinare handelstraktatar. For omstenda fram mot avtalen finst det moglegvis rom for vidare forskning i undersøkingar av eventuelt lybsk kjeldemateriale som ikkje endå er tilgjengelig i dei norske kjeldeutgjevingane.

På den andre sida kom Perth-traktaten i stand etter lang tids interessekonflikt som resulterte i krigstilstandar mellom partane, og trass manglande skotsk oppfylling av traktatvilkåra, kan tilhøvet mellom den norske og skotske krona seiast å ha vore fredfulle i tida etter 1266. Skottlands etterkvart mangelfulle oppfylling av dei økonomiske vilkåra kunne likevel føre til misstemning, og hadde stor innverknad på politikken som vart ført dei følgjande åra. Traktatens suksess som ei fredsslutning kom for det første av at formuleringane i traktaten vitnar om framtrekande diplomatisk arbeid som redda omdømmet til begge partar og at ingen kom ut som taparar. For det andre sette den klåre grenser mellom kongedømas maktområde. Perth-traktatens etterliv er forska ein del på, men inntrykket mitt er at det framleis ligg moglegheiter for forskning på korleis vilkåra vart nytta i hundreåra framover og rammene dei sette for diplomatiet mellom dei nordiske landa og dei britiske øyane.

I denne oppgåva har eg sett på likskapane og skilnadane i to traktatar som er 16 år frå kvarandre i tid. Til trass for deira ulike utgangspunkt, har eg identifisert fleire like verkemiddel for korleis konfliktane som låg bak vart løyste gjennom diplomati. For ei vidare undersøking av diplomati kan det såleis vere interessant å gjere komparasjon av traktatar over lengre tidsperiodar.

# Abstract

This thesis explores the diplomatic measures used to solve two conflicts during the reign of the Norwegian kings Håkon Håkonsson (1217-1263) and Magnus Lagabøte Håkonsson (1263-1280). Both conflicts were solved with a peace treaty as the ultimate measure. The first conflict, between king Håkon and the growing merchant city of Lübeck (later to become the most powerful city of the Hanseatic League), was sparked by the robbing of Norwegian merchants sailing in the strait of Grønsund (between the islands Falster and Møn) in 1247. After diplomatic correspondence through letters, the conflict was resolved through a treaty in 1250. The second conflict revolved around the clashing of territorial interests between the kingdoms of Scotland and Norway regarding sovereignty over the Hebrides (called *Suðreyjar*, the Southern Isles, by the Norwegians) and the Isle of Man. After years of diplomatic correspondence through envoys didn't lead anywhere, the Scottish king attacked the Hebrides. After king Håkon's death in December 1263, the conflict was solved after new diplomatic negotiations leading to the Treaty of Perth in 1266. In the former conflict we have a case of successful diplomacy, while in the latter diplomacy failed, and military measures ensued. This thesis asks whether there were any differences in the diplomatic measures used in the two cases, and in that case, can these differences explain why diplomacy succeeded in one case and at first failed in the other? In conclusion I also seek to identify and compare the terms of each treaty, and discuss to what degree they contained measures that resolved the conflicts. This comparison can also shed light on how conflicts were resolved on a general basis in the 1200s. Norwegian foreign policy and diplomacy has only recently become the subject of systematic research in Norwegian historiography. General surveys of Norwegian history has traditionally viewed the foreign policy of Håkon Håkonsson as an active and at times aggressive period. In 1995 a general survey of the history of Norwegian foreign policy was published, with historian Narve Bjørge contributing to the part about the Middle Ages. Other specialized works have mainly focused on identifying diplomatic procedure and to view the Middle Ages in a transnational perspective. In this thesis my goal is to take the research on diplomacy further by focusing on the essence of diplomacy; the concrete measures used by the involved parties and to see how successful the measure of treaty-making was.

During this investigation I have found that the main reason that can be found for the failure of the diplomatic negotiations with Scotland until 1262 is the collision of political interests in the Hebrides and Man, combined with a lack of personal bonds between the two parties and influence from the English king Henry III. Diplomatic measures eventually succeeded because the policy was changed and the diplomats were equipped with mandates to make concessions. The negotiations with Lübeck succeeded because the parties had mutual interests and also because of Håkon's bonds with Fredrik II which contributed to the emperor's involvement. Although the two treaties in some aspects are inherently different, I have found that they still contain comparable similarities that show how the making of treaties were used as peace settlements and plans for cooperation between the parties. On a general basis the research shows that although the diplomatic practices in the 1200s followed certain forms and procedures, it still relied heavily on personal bonds and skilled individuals. There has been done some research on how the Treaty of Perth lived on in the following centuries, but my general impression is that there is still work to be done. The peace treaty with Lübeck seems to have opened the way for Lübeck's expansion into Norwegian foreign trade. However, future agreements were more specific and contained detailed rights and exceptions, whereas the agreement in 1250 only contained general tools for the protection of merchants from both parties. A final possibility I see for further research is comparable investigations on treaties over a longer time period.

# Kjelder og litteratur

Agerholt, Johan (1963a) "Kansler - Norge" i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind VIII s. 235-239. Oslo.

Agerholt, Johan (1963b) "Kansli - Norge" i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* bind VIII s. 241-243. Oslo.

Albrechtsen, Esben (2001) "700-1523" i *Dansk Udenrigspolitik Historie* bind 1: *Konge og krige 700-1648*. København.

Andersen, Per Sveaas (1994) "Den norske innvandringen til Hebridene i vikingtiden og den norrøne bosetningens senere skjebne" i *Historisk Tidsskrift* bind 73, nummer 3, 1994. Oslo.

Andersen, Per Sveaas (1995) "Nordisk innvandring, bosetning og samfunnsdannelse på Isle of Man i middelalderen. En sosialhistorisk studie" i *Collegium Medievale* volum 8, 1995/1. Oslo.

Anderson, Alan Orr (1922) "Bibliographical Notes" i *Early Sources of Scottish History A. D. 500 to 1286* volume I. Utgjeve og omsett av A. O. Anderson (1922).

*Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon* bind 4: *Di-Fau* (Henriksen red.) 4. utgåve 2005. Oslo.

Axelsson, Sven (1954-56) "Om fredsfördraget mellan Norge och Skottland i Perth 2 Juli 1266" i *Historisk Tidsskrift* bind 37 (1954-56). Oslo.

Bagge, Sverre (1976) *Den Kongelige Kapellgeistlighet 1150-1319*. Bergen, Oslo, Tromsø.

Bagge, Sverre (1995) "Nationalism in Norway in the Middle Ages" i *Scandinavian Journal of History* volum 20 nr. 1. Oslo, Copenhagen, Stockholm, Boston.

Bagge, Sverre (1996) "Udsigt og Innhogg - 150 års forskning om eldre norsk historie" i *Historisk Tidsskrift* bind 75. Oslo.

Behrmann, Thomas (1996) "Norwegen und das Reich unter Hákon IV. (1217-1263) und Friedrich II. (1212-1250)" i *Hansische Literaturbeziehungen - Das Beispiel der Þiðreks saga und verwandter Literatur*. (Susanne Kramarz-Bein red.) Bind 14 i *Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde* (Heinrich Beck & Heiko Steuer & Dieter Timpe red.) Walter de Gruyter, Berlin, New York.

Beuermann, Ian (2007) *Masters of the Narrow Sea - Forgotten Challenges to Norwegian Rule in Man and the Isles, 1079-1266*. Doktoravhandling (2006), Universitetet i Oslo. Utgjeve i *Acta Humaniora* (2007). Oslo.

Beuermann, Ian (2010) "'Norgesveldet' South of Cape Wrath? Political views, facts, and questions" i *The Norwegian Domination and the Norse World c.1100-c.1400* (Steinar Imsen red.) Trondheim.

- Beuermann, Ian (2011) "Not Worth the King's While? Manx-Hebridean Payments to Norway and the Insular Economy" i *Taxes, tributes and tributary lands in the making of the Scandinavian kingdoms in the Middle Ages* (Steinar Imsed red.) Trondheim.
- Bjørge, Narve (1967) "Om skriftlege kjelder for Hákonar saga" i *Historisk tidsskrift* bind 46. Oslo.
- Bjørge, Narve (1972) *Norsk-britiske relasjonar ca. 1260-1300. Kap 1: Kampen om det norske Vesterhavsveldet i 1260-åra*. Bergen.
- Bjørge, Narve (1975) "Udenrigstjeneste - Norge" i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid* bind XIX. Oslo.
- Bjørge, Narve (1995) "Del 1: 800-1536. Makt - og avmakt" i *Norsk utenrikspolitikk historie* (Olav Riste red. 1995-1997) bind 1: *Selvstendighet og union, fra middelalderen til 1905*. Oslo.
- Bjørge, Narve (1997) "Mellomalderens norske utanrikspolitikk - refleksjonar kring eit forskningsfelt" i *Festskrift til Historisk Institutt's 40-års jubileum*. (Erslund, Hovland & Dyrvik red.) *Historisk institutt, Universitetet i Bergen, skrifter* 2. Bergen.
- Blom, Grethe Authén (1967) *Kongemakt og privilegier i Norge inntil 1387*. Doktoravhandling. Scandinavian University Books. Oslo.
- Blom, Grethe Authén (1972) "Norge" i *Det nordiske syn på forbindelsen mellem Hansastæderne og Norden*. Aarhus.
- Broderick, George (2004) "Introduction" i *Cronica Regum Mannie et Insularum - Chronicles of the Kings of Man and the Isles*. Utgjeving og omsetjing ved George Broderick (3. utgåve 2004). Douglas.
- Brown, Michael (2010) *The Wars of Scotland 1214-1371*. Bind 4 i *The New Edinburgh History of Scotland*. Edinburgh.
- Bugge, Alexander (1914) "Norge og de britiske øer i middelalderen" i *Historisk Tidsskrift femte række, andet bind*. Kristiania.
- Bugge, Alexander (1916) *Tidsrummet 1103-1319*. Andre del av andre bind i *Norges Historie* (1916). Kristiania.
- Chaplais, Pierre (1971) "English Diplomatic Documents to the end of Edward III's Reign" i *The Study of Medieval Records - Essays in honour of Kathleen Major* (Bullough & Storey red.). Oxford.
- CMailros = *Chronica de Mailros*. Utgjeve av Joseph Stevenson (1835) British Library. Typis Societatis Edinburgensis. (e-bok digitalisert 1. mai 2007)  
[<http://books.google.no/books?id=gVQHAAAAQAAJ&num=10&hl=no>]
- CMel = *Chronicle of Melrose*. I *Early Sources of Scottish History A. D. 500 to 1286* volume II. Utgjeve og omsett av A. O. Anderson (1922). Edinburgh.



- Crawford, Barbara (2010) "The Joint Earldoms of Orkney and Caithness" i *The Norwegian Domination and the Norse World c.1100-c.1400* (Imsen red.) Trondheim.
- Crawford, Barbara (2013) *The Northern Earldoms - Orkney and Caithness from AD 870 to 1470*. Edinburgh.
- CRMI = Cronica Regum Mannie et Insularum - Chronicles of the Kings of Man and the Isles. Utgjeving og omsetjing ved George Broderick (3. utgåve 2004). Douglas.
- Diplomatic documents preserved in the Public Record Office Volum 1, 1101-1272* (Chaplais red.). Utgjeve av Pierre Chaplais (1964). London.
- DN = *Diplomatarium Norvegicum. Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Lovgivning og Rettergang i Middelalderen*, bind I-XXIII (1847-2011). Christiania/Oslo.
- Dollinger, Philippe (2002) *The German Hansa*. Omsett og redigert av D. S. Ault og S. H. Steinberg. Volum I i *The Emergence of International Business 1200-1800*. Optrykk av utgjeving 1999. London. (Originalt utgjeve Philippe Dollinger *La Hansa* 1965. Paris.)
- Duncan, A. A. M & Brown, A. L. (1956-7) "Argyll and the Isles in the Early Middle Ages" i *Proceedings of the Society of Antiquaries of Scotland volum 90*. Edinburgh.
- Ersland, Geir Atle (2000) "Del 1: Kongshird og leidangsbonde" i *Norsk forsvarshistorie bind 1: Krigsmakt og kongemakt 900-1814*. Bergen, Eide.
- Fagerland, Tor Einar (2002) *Krig og diplomati i nordisk middelalder - De internordiske konfliktene 1286-1319 i et nordisk og europeisk perspektiv*. Forsvarsmuseet, Oslo.
- Fagerland, Tor Einar (2006) *Krigføring og politisk kultur i nordisk middelalder - De mellomnordiske konfliktene 1286-1319 i et europeisk perspektiv*. Doktoravhandling, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet. Trondheim.
- Ferguson, John (1972) *English Diplomacy 1422-1461*. Oxford.
- Fordun I = *Johannis de Fordun, Chronica Gentis Scotorum*. Utgjeving av W. F. Skene i *The Historians of Scotland volum I* (1871). Edinburgh.
- Fordun IV = *John of Fordun's Chronicle of the Scottish Nation*. Omsetjing av Felix J. H. Skene utgjeve i *The Historians of Scotland vol. IV* (1872). Edinburgh.
- Ganshof, François (1971) *The Middle Ages - A History of International Relations*. Omsett av Rémy Inglis Hall. New York (Originalt utgjeve François Ganshof *Le Moyen Âge* 1953. Paris.)
- Grohse, Ian Peter (2009) *Auswärtige Beziehungen Norwegens unter Håkon IV. Håkonsson - Personale Bindungen, Personalstrukturen und diplomatische Verhandlungen zwischen 1240 und 1263*. Masteroppgåve, Humboldt-universitetet i Berlin. Berlin.
- Grohse, Ian Peter (2013) "From Asset in War to Asset in Diplomacy: Orkney in the Medieval Realm of Norway" i *Island Studies Journal volum 8, nr 2*. Canada.

Grohse, Ian Peter (2014a) *The Norse-Scottish Frontier - Modalities of Power in Orkney and Shetland ca. 1266-1468/69*. Doktoravhandling, Norges teknisk-naturvitenskaplige universitet. Trondheim.

Grohse, Ian Peter (2014b) "Medieval maritime diplomacy: the case of Norwegian-Scottish relations, ca. 1266-1468/69" i *International Journal of Maritime History* volum 26 nr. 3. [<http://ijh.sagepub.com/content/26/3/512>].

Grohse, Ian Peter (under publikasjon) "Defending Country and Realm: Military Features of the Norse-Scottish Frontier".

*Gulatingsovi*. Omsett av Knut Robberstad (4. utgåve 1981). Oslo.

*Hakonar saga and a fragment of Magnus saga with appendices*. Vigfússon, Guðbrandur red. (1887) i *Icelandic sagas and other historical documents relating to the settlements and descents of the Northmen on the British Isles* volum II. Kraus reprint 1964. Wiesbaden.

Hamre, Lars (1960) "Gåve" i *Kulturhistorisk Leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid*, bind V. Oslo.

Hamre, Lars (1970) "Grethe Authen Blom: Kongemakt og privilegier i Norge inntil 1387. Oslo 1967." i *Historisk Tidsskrift* bind 49. Oslo.

Hamre, Lars (1972) *Innføring i diplomatikk. Førellesingar*. Oslo.

Hamre, Lars (1974) "Traktat" i *Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder fra vikingtid til reformasjonstid*, bind XVIII. Oslo.

Helle, Knut (1964) *Norge blir en stat 1130-1319*. Bind 1 del 3 i *Handbok i Norges historie*. Oslo.

Helle, Knut (1967) "Trade and Shipping between Norway and England in the Reign of Håkon Håkonsson (1217-1263)" i *Sjøfartshistorisk årbok*. Bergen.

Helle, Knut (1968) "Anglo-Norwegian Relations in the reign of Håkon Håkonsson (1217-1263)" i *Mediaeval Scandinavia* 1. Odense.

Helle, Knut (1972) *Konge og gode menn i norsk riksstyring ca. 1150-1319*. Bergen, Oslo, Tromsø.

Helle, Knut (1973) "Norwegian Expansion and Consolidation during the reign of King Håkon Håkonsson" i *Orkney Miscellany* 5. Kirkwall.

Helle, Knut (1995) *Kongssete og kjøpstad. Fra opphavet til 1536*. Bind 1 i *Bergen bys historie* (1995). Bergen.

Helle, Knut (2005) *Under kirke og kongemakt 1130-1350*. Bind 3 i *Aschehougs Norgeshistorie*. Oslo.

HHS = *Håkon Håkonssons saga*. Omsetjing utgjeve i *Norges kongesagaer 4 - Jubileumsutgaven 1979* (Hødnebo & Magerøy red.). Omsett av Finn Hødnebo. Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.

*Hirdskråen - Hirdloven til Norges konge hans håndgangne menn etter AM 322 fol.* Utgjeving og omsetjing ved Steinar Imsen (2000). Oslo.

Holtmark, Anne (1970) "Forord" til *Orknøyingenes saga* omsett av Anne Holtmark. Thorleif Dahls Kulturbibliotek. Oslo.

IA = *Islandske Annaler indtil 1578* ved Gustav Storm (1888) Christiania. Opptrykk 1977 ved Norsk historisk kjeldeskrift-institutt. Oslo.

Imsen, Steinar (2000) "Innledning" i *Hirdskråen - Hirdloven til Norges konge hans håndgangne menn etter AM 322 fol* ved Steinar Imsen (2000) Oslo.

Imsen, Steinar (2005) "Grenseland i vest, mellom Skottland og Norge" i *Grenser og grannelag i Nordens historie* (Steinar Imsen red.) Oslo.

Imsen, Steinar (2010) "Introduction" i *The Norwegian Domination and the Norse World c.1100-c.1400* (Steinar Imsen red.). Trondheim.

Johnsen, Arne Odd (1966) *Betalte Suderøyene og Man skatt eller lensavgift til Norges konge (1153-1263)?* Avhandlinger utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo II. Hist.-Filos. Klasse. Ny serie. No. 10. Oslo.

Johnsen, Arne Odd (1969) "The Payments from the Hebrides and Isle of Man to the Crown of Norway 1153-1263: Annual Ferme or Feudal Casualty?" i *The Scottish Historical Review*, volum 48, nr. 145, part 1: *Scotland and Scandinavia: Studies Commemorative of the Union of Orkney and Shetland with Scotland*. Edinburgh.

Koht, Halvdan (1927) "Um kjeldegrunnlage for saga um Håkon Håkonsson" i *Historisk tidsskrift* femte rekke, sjette bind. Oslo.

Krag, Claus (2005) *Vikingtid og rikssamling 800-1130*. Bind 2 i *Aschehougs Norgeshistorie*. Oslo.

Lorentzen, Bernt (1974) *Lov og rett i Bergen i middelalderen - Samfunn og rettsvesen*. Det Hanseatiske Museums Skrifter nr. 20. Bergen.

Lunden, Kåre (1995) "Was there a Norwegian identity in the Middle Ages?" i *Scandinavian Journal of History* volum 20 nr. 1. Oslo, Copenhagen, Stockholm, Boston.

Lustig, Richard I. (1979) "The treaty of Perth: A Re-Examination" i *The Scottish Historical Review*, volum 58, nr. 165. Edinburgh.

Magerøy, Hallvard (1979a) "Forord til Håkon Håkonssons saga" i *Norges kongesagaer 4 - jubileumsutgaven 1979*. Gyldendal Norsk forlag, Oslo.

Magerøy, Hallvard (1979b) "Forord til Magnus Lagabøtes saga" i *Norges kongesagaer 4 - jubileumsutgaven 1979*. Gyldendal Norsk forlag, Oslo.

*Magnus Lagabøters Landslov*. Omsett av Absalon Taranger (1915). Kristiania.

McDonald, Andrew R. (1997) *The Kingdom of the Isles - Scotland's Western Seaboard, c. 1100-c. 1336*. East Linton.

McDonald, Andrew R. (2007) *Manx kingship in its Irish sea setting, 1187-1229 - King Rognvaldr and the Crovan dynasty*. Dublin.

MLS = *Magnus Lagabøtes saga*. Omsetjing utgjeve i *Norges kongesagaer 4 - Jubileumsutgaven 1979* (Hødnebo, Finn & Magerøy, Hallvard red.). Omsett av Finn Hødnebo. Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.

Munch, Peter Andreas (1857) *Det norske folks historie III*. Christiania.

Munch, Peter Andreas (1858) *Det norske folks historie IV-1*. Christiania.

Munch, Peter Andreas (1862) *The Norwegian Invasion of Scotland in 1263: A translation from Det Norske Folks Historie by P. A. Munch. Communicated to the Archeological Society of Glasgow by Hugh Tennent*. Glasgow.

Nedkvitne, Arved (1984) *Utenrikshandelen fra det vestafjelske Norge 1100-1600*. Doktoravhandling, Universitetet i Bergen. Bergen.

Nedkvitne, Arved (2014) *The German Hansa and Bergen 1100-1600*. Bind 70 i *Quellen und Darstellungen zur hansischen Geschichte*. Köln.

NMD = *Norske Middelalderdokumenter i utvalg* ved Sverre Bagge, Synnøve Holstad Smedsdal og Knut Helle (1973). Bergen, Oslo, Tromsø.

Ore, Christian-Emil Smith (2002) "Datateknologi og gamle brev - Diplomatarium Norvegicum i elektronisk form" i *Ny väg till Medeltidsbreven - Från ett medeltidssymposium i Svenska Riksarkivet 26-28 november 1999*. Västervik, Stockholm.

*Orknøyingenenes saga* omsett av Anne Holtsmark (1970). Thorleif Dahls Kulturbibliotek.

Paludan, Helge (1977) "Tiden 1241-1340" i *Danmarks historie bind 1: Tiden indtil 1340*. Copenhagen.

Queller, Donald E. (1960) "Thirteenth-Century Diplomatic Envoys: Nuncii and Procuratores" i *Speculum* volum 35 nr. 2. Medieval Academy of America. Cambridge.

Queller, Donald E. (1967) *The Office of Ambassador in the Middle Ages*. Princeton, New Jersey.

RN I = *Regesta Norvegica I 822-1263*. Gunnes, Erik. (1989) Oslo.

RN II = *Regesta Norvegica II 1264-1300*. Bagge, Sverre & Bjørge, Narve. (1978) Oslo.

Schreiner, Johan (1935) *Hanseatene og Norges nedgang*. Oslo.

Sletten, Arve (2003) "*Plena Potestas*" - Ansatser til institusjonalisering av de norske kongenes diplomatiske relasjoner 1217-1319. Hovudoppgåve. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. Trondheim.

*Snorres Kongesoger 1 - Snorre Sturluson, kongesoger, første delen.* (Hødnebo & Magerøy red.) Omsett av Steinar Schjøtt og Hallvard Magerøy (1997). Oslo.

*Soga om baglarar og birkebeinarar.* Omsetjing utgjeve i *Noregs kongesoger 3 - Jubileumsutgåva 1979.* (Hødnebo & Magerøy red.) Omsett av Gunnar Pedersen. Det Norske Samlaget, Oslo.

Stevenson, Joseph (1835) "Preface" i *Chronica de Mailros.* Utgjeve av Joseph Stevenson (1835) British Library. Typis Societatis Edinburgensis. (e-bok digitalisert 1. mai 2007).

*Sverres-soga.* Omsetjing utgjeve i *Noregs kongesoger 3 - Jubileumsutgåva 1979.* (Hødnebo & Magerøy red.) Omsett av Halvdan Koht. Det Norske Samlaget, Oslo.

Wærdahl, Randi Bjørshol (2006) *Norges konges rike og hans skattland - Kongemakt og statsutvikling i den norrøne verden i middelalderen.* Doktoravhandling. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. Trondheim.

Wærdahl, Randi Bjørshol (2010) "The Norwegian Realm and the Norse World: a historiographic approach" i *The Norwegian Domination and the Norse World c.1100-c.1400* (Steinar Imsen red.) Trondheim.

# Vedlegg

## Vedlegg 1. Registreringar av brev mellom kong Håkon, Lübeck og keisar Fredrik II

Regest nr.	Datering	Avsendar og mottakar	Status	Trykt
RN I [803] <sup>320</sup>	[1247?] <sup>321</sup>	<u>Avsendar:</u> myndigheitene i Lübeck. <u>Mottakar:</u> kong Håkon Håkonsson.	Ikkje bevart.	Nemnt i RN I 808
RN I 808	[vinteren 1247- 1248]	<u>Avsendar:</u> kong Håkon Håkonsson. <u>Mottakar:</u> Fogd, råd og kommune i Lübeck.	Original bevart, pergament på latin. Lübecks arkiv.	DN V 1
RN I 813	[1248 sommaren]	<u>Avsendar:</u> kong Håkon Håkonsson. <u>Mottakar:</u> Fogd, råd og kommune i Lübeck.	Original bevart, pergament på latin. Lübecks arkiv.	DN V 2
RN I [822]	[1247 - 1250 våren]	<u>Avsendar:</u> kong Håkon Håkonsson. <u>Mottakar:</u> keisar Fredrik II.	Ikkje bevart.	Nemnt i HHS kap. 275
RN I [823]	[1248-1250 våren?]	<u>Avsendar:</u> Myndigheitene i Lübeck. <u>Mottakar:</u> kong Håkon Håkonsson.	Ikkje bevart.	Nemnt i RN I 826.
RN I 824	[1250 våren]	<u>Avsendar:</u> Keisar Fredrik II. <u>Mottakar:</u> Lübecks byråd.	Ikkje bevart.	Nemnt i HHS kap. 275

<sup>320</sup> Klammeform tyder at brevet ikkje er bevart.

<sup>321</sup> Klammeform tyder at brevet ikkje har datering. Dateringa anslått av utgjevarane.

RN I [825]	[1248-1250 våren?]	<u>Avsender:</u> Myndighetene i Lübeck. <u>Mottakar:</u> kong Håkon Håkonsson.	Ikkje bevart.	Nemnt i RN I 826
RN I 826	[1250 våren?]	<u>Avsender:</u> kong Håkon Håkonsson. <u>Mottakar:</u> Fogd, rådsherrer og borgere i Lübeck.	Original bevart, pergament på latin. Lübecks arkiv.	DN V 3
RN I [827]	[1250 våren]	<u>Avsender:</u> keisar Fredrik II. <u>Mottakar:</u> kong Håkon Håkonsson.	Ikkje bevart.	Nemnt i HHS kap. 275
RN I 829	1250 6. oktober	Fredskunngjering mellom Noreg og Lübeck frå kong Håkon Håkonsson.	Original bevart, pergament på latin. Lübecks arkiv.	DN V 4

## Vedlegg 2. Registreringar av brev mellom kong Håkon, kong Alexander III og kong Henrik III

Regest nr.	Datering	Avsender og mottakar	Status	Trykt
RN I 966	14. mai 1259	<u>Avsender:</u> Henrik III. <u>Mottakar:</u> Håkon Håkonsson	Avskrift i engelsk arkiv. (samtidig kansellikopi)	DN XIX 269
RN I [991]	[før 23. mars 1262]	<u>Avsender:</u> Henrik III. <u>Mottakar:</u> Håkon Håkonsson	Ikkje bevart.	Nemnt i RN I 992
RN I 992	23. mars 1262	<u>Avsender:</u> Henrik III. <u>Mottakar:</u> Alexander III	Avskrift i engelsk arkiv. (samtidig kansellikopi)	DN XIX 271
RN I	[før 15.	<u>Avsender:</u> Håkon Håkonsson.	Ikkje bevart.	Nemnt

[1002]	november 1262]	<u>Mottakar:</u> Henrik III		i RN I 1003
RN I 1003	15. november 1262	<u>Avsender:</u> Henrik III. <u>Mottakar:</u> Håkon Håkonsson	Avskrift i engelsk arkiv. (samtidig kansellikopi)	DN XIX 272
RN I 1008	[våren 1263]	<u>Avsender:</u> Henrik III. <u>Mottakar:</u> Alexander III.	Original bevart, pergament på latin.	DN XIX 273
RN I [1010]	[sommar 1263]	<u>Avsender:</u> Håkon Håkonsson. <u>Mottakar:</u> Alexander III (fortegnelse over øyane Håkon gjer krav på)	Ikkje bevart.	Nemnt HHS: kap. 322.
RN I [1013]	[august- september 1263]	<u>Avsender:</u> Alexander III. <u>Mottakar:</u> Håkon Håkonsson	Ikkje bevart.	Nemnt HHS: kap. 323.
RN I [1015]	[september 1263]	<u>Avsender:</u> Håkon Håkonsson. <u>Mottakar:</u> Alexander III	Ikkje bevart.	HHS: kap. 323.
RN II [4]	[medio mars - 28. juni] 1264	<u>Avsender:</u> Magnus Håkonsson. <u>Mottakar:</u> Henrik III.	Ikkje bevart.	Nemnt RN II 5.
RN II 5	28. juni 1264	<u>Avsender:</u> Henrik III. <u>Mottakar:</u> Magnus Håkonsson	Avskrift i engelsk arkiv. (samtidig kansellikopi)	DN XIX 276
RN II 38 - traktaten	2. juli 1266	Fredstraktat mellom Magnus Håkonsson og Alexander III.	Bevart gjennom avskriftar ved fornyngar.	DN VIII 9 og XIX 482. NMD



				nr. 25
--	--	--	--	--------

### Vedlegg 3. Skjematisk samanlikning over verkemidla i traktatvilkåra.

Verkemiddel	Freds- og handelsavtalen 1250	Perth-traktaten 1266
Forliksformulering og fredsslutning	1) Partane vert forlikte og legg bort klagemål	1) Partane vert forlikte og legg bort klagemål 2) Ingen partar kan gjere innvendingar på bakgrunn av tidlegare brevveksling 3) Ålment samtykke om tilgjeving.  <u>Forlik for innbyggjarane på øyane:</u> 18) Ingen skal straffast for handlingar før traktatinngåinga 19) Innbyggjarane skulle ikkje fratas eigedom. 20) Innbyggjarane står fritt til å forlate øyane. 21) Frisetjing av gissel
Samarbeidsvilkår	2) Partanes borgarar og kjøpmenn skal fritt kunne reise til andre og få vern av person og eigedom. 3) Partane forplikta seg til å hjelpe den andre ved åtak på sjøen.	4) Ingen av partane skal ta imot fiendar av den andre. 5) Bergingsrett ved skipbrot.
Kompromiss og konsesjonar	4) Lybske kjøpmenn skulle ha dei same rettar og fridommar som tidlegare var gjevne.	6) Den norske kongen avstår Suderøyane og Man til den skotske. 7) Den norske kongen seier frå seg alle tidlegare rettar kongedømet hadde på øyane. 8) Bispedømet Sodor lyder framleis under Nidaros, men den skotske kongen får patronatsrett. 9) Den norske kongens herredøme på Orknøyane og Hjaltland vert fastslått. 10) Årleg betaling på 100 mark sterling frå den skotske til den norske kongen. 11) Eingongssum frå den skotske kongen til den norske kongen på 4000 mark sterling i fire årlege betalingar
Sikringar	5) Brot på avtalen skulle ikkje føre til oppheving, men straff av	12) Enkeltpersonar som bryt avtalen skal straffast

	<p>enkeltpersonen.</p> <p>6) Besegla av kong Håkon og Håkon Unge. Namngjeving av vitne frå begge sider.</p>	<p>13) Avlegging av eid</p> <p>14) Partane forplikta til bot på 10 000 mark sterling for brot på avtalevilkår.</p> <p>15) Trussel om bann for brot og manglande betaling av bot.</p> <p>16) Besegla av begge kongane og andre geistlege og verdslege representantar på begge sider.</p> <p>17) Utferda som kirograf.</p>
--	---	--